




Kartlegging og verdisetting av

# Naturtypar i Sveio



Sveio kommune og  
Fylkesmannen i Hordaland  
2009



<b>Ansvarlege institusjonar og finansiering</b> Sveio kommune og Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavdelinga		<b>Rapport nr:</b> MVA-rapport 5/2009
<b>Tittel:</b> Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Sveio kommune		<b>ISBN:</b> 978-82-8060-068-4
<b>Forfattarar:</b> Bjørn Moe		<b>Tal sider:</b> 81
<b>Kommunalt prosjektansvarleg:</b> Geir Ragnhildstveit		<b>Dato:</b> 15.06.2009
<p><b>Samandrag:</b> Eit utval av naturtypar i Sveio kommune er kartlagt og verdiset i samsvar med DN-handbok 13 "Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av biologisk mangfold". Denne rapporten presenterer resultatata frå dette arbeidet, som i hovudsak er basert på eige feltarbeid. Det meste av feltarbeidet ble utført i 2005, men med suppleringar fram til 2009.</p> <p>I Sveio er 13 av dei 56 naturtypane som er skildra i DN-handboka registrert. Fem av dei sju hovudnaturtypane er registrert. Totalt 50 lokalitetar er kartlagde med til saman 63 naturtypeeiningar (nokre lokalitetar inneheld meir enn ein naturtype). Kulturlandskap er den hovudnaturtypen som har flest registrerte lokalitetar, deretter følgjer skog, ferskvatn/våtmark, kyst og havstrand og myr.</p> <p>I samsvar med DN-handboka er lokalitetane verdisette etter ein tredelt skala: A - svært viktige område (7 lokalitetar), B - viktige område (17 lokalitetar) og C - område med lokal verdi (26 lokalitetar). Kvar enkelt lokalitet er gitt ein eigen omtale (faktaark) bak i rapporten og den geografiske plasseringa er vist på kart. Både områdeskildring og lokalitetane si geografiske avgrensing finst òg på digital form og er lagt inn i Naturbasen, <a href="http://www.naturbase.no">www.naturbase.no</a>.</p> <p>Rapporten inneheld òg ei oversikt over registrerte raudlisteartar innan gruppene karplanter, mosar, sopp og lav. Dei 36 registrerte raudlisteartane i Sveio er fordelt på 16 karplanter, 1 mose, 13 soppar og 6 lav.</p> <p>Det er utarbeidd ei oversikt over alle karplanter registrert under feltarbeidet (411 taxa). Oversikta er presentert i ein tabell der kvar art er angitt med frekvens på dei ulike naturtypane.</p>		
<p><b>Referanse:</b> Moe, B, 2009. Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Sveio. – Sveio kommune og Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 5/2009: 1-81.</p>		
<p><b>Emneord:</b> Biologi, botanikk, flora, naturtypar, raudlisteartar, vegetasjon</p>		
<p>Sveio kommune Postboks 40 5559 Sveio</p> <p>Tlf. 53 74 80 00 <a href="http://www.sveio.kommune.no">www.sveio.kommune.no</a></p>		<p>Fylkesmannen i Hordaland Miljøvernavdelinga Postboks 7310 5020 Bergen</p> <p>Tlf: 55 57 22 00 <a href="http://www.fylkesmannen.no/hordaland">www.fylkesmannen.no/hordaland</a></p>

**Foto på framsida**, frå toppen (alle foto Bjørn Moe):

1) Purpurlyng i Hopsfjellet naturreservat, 2) Beiteskog ved Bosvika, 3) Jordnøtteng ved Åseåsen, 4) Skjelrot, 5) Lindeskog ved Eikeland, 6) Kystnever på trestamme, 7) Kusymre

**Foto i rapporten:**

Fotograf er nemnt for bilete som ikkje er tekne av Bjørn Moe.



## 1. FORORD

I Stortingsmelding 58 (1996-97) "Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling" vart det sett som mål at alle kommunane i Noreg skulle ha gjennomført kartlegging og verdisetting av det biologiske mangfaldet innan 2003. I samband med dette gav Direktoratet for naturforvaltning i 1999 ut ei handbok med ei oversikt over viktige naturtypar og ei rettleiing for korleis naturtypane skal kartleggast (DN-handbok 13-1999, revidert 2007). Eit utval av naturtypar i Sveio kommune er no kartlagt og verdisett i samsvar med DN-handboka.

Naturtypelokalitetane i Sveio og den faglege vurderinga av dei har vore tilgjengeleg i Naturbasen sidan resultatane frå hovuddelen av feltarbeidet vart oppsummert i 2007, men det har vore ønskeleg å samanfatta arbeidet i rapportform. Rapporten som no føreligg inneheld skildringa av dei 50 kartlagde naturtypelokalitetane, og i tillegg ein generell del som fortel litt om grunnlaget for kartlegginga og litt generelt om naturforholda i Sveio.

Arbeidet starta opp i 2004 og har gått over fleire år. Før det praktiske arbeidet tok til vart det i februar 2004 halde eit orienteringsmøte der aktuelle organisasjonar og grunneigarar deltok. Det kom inn tips om lokalitetar som burde undersøkast, og nokre av dei viste seg å vere av stor verdi.

Mesteparten av feltarbeidet vart utført i 2005, men det er gjort enkelte suppleringar fram til 2009. Jan Rabben har gitt verdifulle opplysningar om både lokalitetar og artar. Asbjørn Knutsen har deltatt med registreringar av soppar. Hausten 2007 vart det halde eit soppkurs på Høgskolen Stord/Haugesund, og dei mest lovande lokalitetane med naturbeitemark og rik edellauvskog i Sveio vart besøkte for registrering av sopp. Det vart gjort fleire interessante funn som er inkludert i rapporten frå lokalitet nr. 21, 32, 33, 41, 45 og 49. Soppregistreringane vart utført av Gunvor Bollingmo, Geir Flatabø, Knut Geelmuyden, Turid Kristiansen, Per Marstad, Bjørn Moe, Bodil K. Pedersen og Terhi Pousi.

I forkant av prosjektet har Sveio kommune stilt eit godt kartgrunnlag til disposisjon. Olav Overvoll ved Fylkesmannen i Hordaland har stått for digitalisering av manuskarta. Han har også skreve den innleiande, generelle delen og gitt hjelp til redigering av rapporten.

November 2009

Bjørn Moe  
Botanisk Utredning



## 2. INNHALD

<b>1. FORORD</b> .....	<b>3</b>
<b>2. INNHALD</b> .....	<b>5</b>
<b>3. INNLEIING</b> .....	<b>7</b>
KVA ER BIOLOGISK MANGFALD? .....	7
BAKGRUNNEN FOR KARTLEGGING AV BIOLOGISK MANGFALD .....	7
KVIFOR TA VARE PÅ BIOLOGISK MANGFALD? .....	7
<b>4. KART OVER BIOLOGISK MANGFALD</b> .....	<b>8</b>
KVA SKAL KARTLEGGAST? .....	8
KARTFRAMSTILLING .....	8
BRUKARAR AV KART OVER BIOMANGFALD .....	8
OPPDATERING OG REVISJON .....	8
<b>5. NATURGRUNNLAGET I SVEIO</b> .....	<b>9</b>
GEOGRAFI OG AREALBRUK .....	9
GEOLOGI .....	9
KLIMA, VEGETASJONSEKSJON OG FLORA .....	9
<b>6. NATURTYPAR</b> .....	<b>11</b>
GENERELT .....	11
NATURTYPAR I SVEIO .....	11
<i>Myr (A)</i> .....	11
<i>Kulturlandskap (D)</i> .....	14
<i>Ferskvatn/våtmark (E)</i> .....	16
<i>Skog (F)</i> .....	17
<i>Kyst og havstrand (G)</i> .....	20
<b>7. RAUDLISTEARTAR</b> .....	<b>22</b>
GENERELT .....	22
RAUDLISTA PLANTER OG SOPP I SVEIO .....	22
SOPP I KULTURLANDSKAPET .....	31
<b>8. NATURVERNOMRÅDE I SVEIO</b> .....	<b>38</b>
<b>9. STATUS OG OPPFØLGJANDE KARTLEGGING</b> .....	<b>38</b>
<b>10. LITTERATUR</b> .....	<b>39</b>
<b>10. KART OG FAKTAARK</b> .....	<b>41</b>
<b>11. FLORALISTE (karplanter)</b> .....	<b>75</b>





### 3. INNLEIING

#### KVA ER BIOLOGISK MANGFALD?

Biologisk mangfald er variasjonen av livsformer, arvestoffet til livsformene og det samspelet desse livsformene er ein del av. Ein snakkar altså om variasjon på tre nivå: Økosystem, artar og genar.

Dei ulike artane er avhengige av bestemte økosystem for å kunne eksistere. Eit økosystem kan definerast som ei samling planter og dyr som lever i eit samspel med kvarandre under gitte fysiske og kjemiske forhold. Naturtypene i denne rapporten er døme på ulike økosystem. Det å sikre eit størst mogleg mangfald av økosystem er den beste måten å sikre artsmangfaldet på, fordi ein på denne måten tek vare på ulike artar sine leveområde. Å ta vare på tilstrekkeleg mange einingar av kvar naturtype er viktig med tanke på genetisk variasjon. Genetisk variasjon er variasjonen i arveeigenskapar innan ein art. Genetisk variasjon sikrar dei ulike organismane si tilpassingsevne til endra miljøforhold og er viktig for artane si evne til å overleve på lang sikt.

#### BAKGRUNNEN FOR KARTLEGGING AV BIOLOGISK MANGFALD

I 1993 underteikna Noreg Riokonvensjonen. Dette er ein internasjonal avtale som forpliktar alle land å kjenne til og ivareta det biologiske mangfaldet innan landet sine grenser. Bakgrunnen for ein slik internasjonal avtale er at areala av ulike naturtypar, som ei følgje av ulike former for menneskeleg aktivitet, blir redusert i raskt tempo. På grunn av reduserte leveområde har bestandane av fleire plante- og dyreartar gått kraftig tilbake, og mange artar er truga av utrydding dersom dei negative faktorane held fram. Ved sidan av introduksjon av framande artar, blir øydelegging av leveområde rekna som det største trugsmålet mot det biologiske mangfaldet globalt i dag.

Sjølv om vi i Noreg har mykje natur, blir òg våre naturområde i aukande grad utsette for inngrep av ulike slag. Dette gjeld i særleg grad produktive område under skoggrensa, og det er her ein finn den største variasjonen når det gjeld biologisk mangfald. Utbygging av bustadhus, fritidshus, næringsverksemd og infrastruktur utgjør eit stadig større press på desse areala.

I tråd med avtalar gjennom Riokonvensjonen vart det i Stortingsmelding 58 (1996-97) "*Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling*" uttrykt ei politisk målsetting om at alle landets kommunar skal ha gjennomført kartlegging og verdiklassifisering av det biologiske mangfaldet på kommunen sitt areal innan år 2003. Som ei oppfølging av dette

gav Direktoratet for naturforvaltning i 1999 ut ei handbok i kartlegging av naturtypar og verdisetting av biologisk mangfald (DN-handbok 13-1999), for å sikre at kartleggingsarbeidet i størst mogleg grad blir samanliknbart over kommunegrensene.

Lokalt er det kommunane som må innarbeide omsyn til biologisk mangfald i kommuneplanen, men kunnskapsgrunnlaget om lokalt biologisk mangfald er ofte svært mangelfullt. For å kunne ta dei naudsynte omsyn til biologisk mangfald lokalt, må lokale naturverdiar kartfestast. Deretter må dei på forsvarleg vis bli integrerte i det lokale planarbeidet. Ved ei god oversikt over dei mest verdfulle naturområda i kommunen, langsiktig planlegging og aktiv bruk av verkemidla i Plan- og bygningslova, kan kommunen redusere konfliktane mellom bruk og vern av areal og styre utviklinga i større grad enn i dag. Karta over viktige naturområde vil vere eit viktig bidrag til å kunne utføre ei meir presis og prediktabel arealforvaltning i kommunen.

Data frå kartlegginga vil òg inngå i regional og nasjonal miljøstatistikk og danne grunnlag for handlingsplanar og tiltak på regionalt og nasjonalt nivå.

Ikkje minst er det eit ønske at kartlegginga skal medverke til å auke interesse og kunnskap om naturen blant kommunen sine innbyggjarar. Det er difor ønskjeleg at rapport og kart blir gjort tilgjengeleg for skular, frivillige organisasjonar og andre naturinteresserte.

#### KVIFOR TA VARE PÅ BIOLOGISK MANGFALD?

Noreg har ratifisert (underteikna og gitt si tilslutning til) fleire internasjonale avtalar som er sette i verk for å sikre det biologiske mangfaldet. Internasjonale avtalar forpliktar òg på lokalt plan, fordi det er her mykje av den praktiske forvaltninga finn stad. Riokonvensjonen (òg kalla Biodiversitetskonvensjonen) frå 1993 er den avtalen som i størst grad har konsekvensar på lokalt plan, fordi den understrekar verdien av lokalt biologisk mangfald. Denne konvensjonen er ei viktig årsak til at den nasjonale forvaltninga ønskjer å satse på ei landsdekkande, kommunevis kartlegging av biologisk mangfald.

Grunnen til at vern av biologisk mangfald har blitt gjenstand for både internasjonale og nasjonale lovverk og avtalar er mange, men dei fleste er bygde på erkjenninga at vi sjølve er ein del av naturen og er heilt avhengige av naturprodukt for å overleve. Grovt sett kan argumenta delast inn i tre hovudgrupper:

Økonomiske og materielle argument: Mennesket er ein del av naturen, og det å ta vare på flest moglege naturmiljø sikrar vår eigen eksistens og velstand. Mat, medisinar, brensel, byggemateriale osv. er i utgangspunktet naturprodukt. Sjølv om ikkje alle organismar ser ut til å vere like nyttige, representerer dei ein potensiell verdi som kan tenkjast å bli viktig for oss i framtida. Vi har framleis manglande kunnskap om mange sider ved samspelet mellom organismane, noko som gjer det fornuftig å ha ei føre var haldning. Genetisk variasjon er viktig fordi det sikrar dei ulike organismane si tilpassingsevne til endra miljøforhold. Menneska har direkte nytte av genetisk variasjon t.d. når det gjeld planteforedling, husdyravl og motarbeiding av sjukdommar.

Kulturelle argument: Aktivitetar som jakt/fangst og sanking har lange tradisjonar, og sjølv om dei færraste av oss lever like nært naturen i dag, er slike aktivitetar ein viktig trivselsfaktor for mange menneske. Eit stort biologisk mangfald kan vere ei kjelde til rike naturopplevingar òg for dei som nyttar naturen til andre friluftaktivitetar.

Etiske argument: Nokon meiner at alle levande organismar har den same retten til liv, uavhengig av om dei synest til nytte eller skade for mennesket. Mennesket er den einaste arten som med fullt medvit kan utrydde andre artar, dette gir oss eit særskilt ansvar. Vi har òg eit ansvar i forhold til framtidige generasjonar sine behov for naturbruk og naturopplevingar.

## 4. KART OVER BIOLOGISK MANGFALD

### KVA SKAL KARTLEGGAST?

Metoden for kartlegging og verdisetting av biologisk mangfald er nærmare skildra i ulike handbøker utgjevne av Direktoratet for naturforvaltning. I korte trekk går kartlegginga ut på å plukke ut og kartfeste område som er særleg viktig for det biologiske mangfaldet. Det er eit mål å få god oversikt over følgjande område:

- Viktige naturtypar (DN-handbok 13-1999, revidert internettutgåve 2007)
- Viktige område for viltet (DN-handbok 11-1996)
- Viktige ferskvasslokalitetar (DN-handbok 15-2001, berre internettutgåve)
- Viktige marine område (DN-handbok 19-2001, revidert internettutgåve 2007)
- Førekost av raudlisteartar (Artsdatabanken, Kålås mfl. 2006)

Denne rapporten omhandlar naturtypar, flora og raudlista plante- og soppartar. Sveio kommune har tidlegare gjennomført ei kartlegging av viktige viltområde (Steinsvåg & Overvoll 2007).

### KARTFRAMSTILLING

Alle temakart blir digitaliserte med grunnlag i manuskart utarbeidd gjennom kartlegginga. Digitaliseringa gjer at datasetta lett kan tilpassast digitale kartsystem, og kommunen kan etter ønskje og behov, relativt enkelt utarbeide eigne kart for dei ulike tema.

Til bruk i arealplanlegginga har det vore foreslått at kommunen framstiller samlekart over område med høg verdi for biologisk mangfald. Dette går i korte trekk ut på å synleggjere område med stor biologisk verdi ved å slå saman alle opplysningar om biologisk mangfald i kommunen (naturtypar, viltområde og raudlisteartar). Direktoratet for naturforvaltning har gitt ut ein rettleiar for framstilling av slike kart (DN 2000).

### BRUKARAR AV KART OVER BIOMANGFALD

Karta over biologisk mangfald er først og fremst meint å vere ein reiskap til bruk i arealplanlegginga. Kommunen er difor viktigaste brukar, men òg anna offentleg og privat forvaltning vil kunne bruke desse datasetta i ulike samanhengar. Det er eit ønskje at den enkelte grunneigar skal ta omsyn til biologisk mangfald på sin grunn. Aktuelle grunneigarar skal difor informerast og få tilgang til relevante opplysningar. Skular bør få tilgang til rapport og kart til bruk i lokalundervisninga. Relevante lag, organisasjonar eller enkeltpersonar vil, gjennom kjennskap til kart og rapport kunne kome med konstruktive innspel til endringar og nye lokalitetar.

### OPPDATERING OG REVISJON

Denne kartlegginga av naturtypar er ikkje fullstendig, og ei kartlegging av det biologiske mangfaldet kan heller aldri bli endeleg. Naturen er i stadig endring, både naturleg, ved klimaendringar og suksesjon, og ved menneskeleg påverknad ved endra arealbruk og tekniske inngrep. Dessutan aukar kunnskapsgrunnlaget om biologisk mangfald stadig. For å fange opp endringar og tilføre ny kunnskap, er det viktig at karta blir oppdaterte med jamne mellomrom. Ein hovudrevisjon kvart fjerde år, i samband med revisjon av kommuneplanen, kan vere ei fornuftig framdrift i forhold til oppdatering. Det vil likevel vere ønskjeleg at endringar og nye opplysningar blir oppdaterte fortløpande.

## 5. NATURGRUNNLAGET I SVEIO

### GEOGRAFI OG AREALBRUK

Sveio kommune har eit areal på 246 km<sup>2</sup> og utgjer ei halvøy som er avgrensa av sjøen med Bømlafjorden og Sletta i vest og Ålfjorden i aust. I sør grensar Sveio til Vindafjord, Tysvær og Haugesund kommunar i Rogaland.

Landskapet kan i grove trekk delast i to: Eit lågt, meir eller mindre skoglaust sletteland i vest og eit meir kupert terreng med skogkledde åsar i aust og nord. Slettelandet i vest ligg på strandflata og er breiast i sør. Det er nokså brå overgang mellom strandflata og det høgareliggende området i aust. Denne grensa kan vi lettast sjå frå riksvegen på vestsida av Tittelsnes og sørover forbi Valestrand. Det høgaste punktet i kommunen, Trollvassnibba (432 moh.) ligg i nordaust og høyrer til eit relativt stort fjellområde som i stor grad er skoglaust, men med innslag av skrinnskog. Fjellområdet strekkjer seg sørover til Hopsfjellet (333 moh.). Vidare sørover, aust for Førde, ligg det fleire fjellparti, men med lågare høgde og meir skogdekning på toppane. Mot aust skrånar landet bratt ned mot Ålfjorden. Utover høgdedraga i nord og nordaust er det berre Emberlandsnipen som når over 200 meter.

Det er i nordaust vi finn mest produktiv skog. I kystlyngheia i vest er det store areal med grunnlendt jord og ikkje produktiv utmark. Sveio er rik på våtmark, og det finst heile 282 små og mellomstore vatn, med Vigdarvatnet som det største. I tilknytning til desse vatna er det mykje sumpjord og myr på dei store flatene som ligg lågare enn 100 moh. Ryggane som er betre drenert, har mykje beitemark, både lynghei og grashei. Sveio er òg ein relativt stor jordbrukskommune med ca. 8 % dyrka jord (Helland-Hansen 2004). Mange stader er den tidlegare skoglause utmarka i attgroing, noko som vil føre til at landskapet i framtida vil bli meir skogdekt.

### GEOLOGI

Berggrunnen i Sveio inneheld mykje gneisar av ulike typar. Desse bergartane er av dei eldste i fylket og representerer grunnfjell frå jorda si urtid, prekambrium (Helland-Hansen 2004). Det er òg mykje granitt i Sveio, samt mindre område med gabbro. Gabbro er mest utbreidd i nordvest, medan forgneisa granitt finst mellom anna i eit stort massiv frå Førdespollen og over til Ålfjorden. Fjella her er harde og bratte og har stått seg godt mot erosjonen.

Gneis og granitt er harde bergartar som forvittrar langsamt og derfor gir opphav til eit surt jordsmonn. I lyngheia ligg det gjerne sur torvjord rett på berget. Der det finst innslag av gabbro er det

grunnlag for rikare forhold, slik som på vestsida av Førdesfjorden. Her finst område med næringsrik forvittringsjord, og i bratte lier på slike stader veks det frodig edellaavskog.

Strandflata som dekker storparten av dei lågare områda, ligg gjerne under 50-60 moh. og har vore dekt av havet tidlegare. Derfor ligg det truleg mykje marin leire på botnen av innsjøar og i sumpområda. Skjelsand kan vere med på å tilføre jorda kalk. Leirjord, morene og andre lausmassar dannar grunnlaget for mykje av dyrkingsjorda. Dei næringsrike lausmassane kan såleis kompensere for dei sure bergartane som dominerer i Sveio, og det er stort sett på slike stader vi finn område med høgt biologisk mangfald.

### KLIMA, VEGETASJONSSEKSJON OG FLORA

Sveio har eit typisk oseanisk klima der det låge landskapet og nærleiken til havet gir mykje vind, milde vintrar og relativt kjølige somrar. Dette er mest utprega i vest og sørvest der kystlyngheia ligg ope til mot Sletta og Bømlafjorden. Målestasjonen på Sveio, 30 moh. viser temperaturnormalar på høvesvis 1,0 °C og 14,0 °C for kaldaste (februar) og varmaste (juli og august) månad, med eit årsmiddel på 7,3 °C. Liten temperaturforskjell mellom kaldaste og varmaste månad er eit typisk oseanisk fenomen, likeså at februar, og ikkje januar, er kaldast. Årsaka er at havtemperaturen stabiliserer lufttemperaturen. Våren kjem tidleg og varar lenge. I det oseaniske klimaet er talet på nedbørsdagar høgt og årsnedbøren ligg på omkring 1800 mm, truleg litt høgare i aust og lågare i vest.

Havvatnet blir varma opp om våren og forsommaren og held lenge på varmen utover hausten og vinteren. Dette reduserer risikoen for tidleg nattefrost om hausten. Vekstsesongen blir dermed lang som ein kompensasjon for at han ikkje er særleg varm. I austvendte lier, særleg aust i kommunen er nok temperaturforskjellane større, og det er grunn til å rekne med at somrane er varmare, særleg i framfor lune bergveggar der lokalklimaet er gunstig. Dette kan gi store kontrastar i vegetasjonen, frå eksponert kystlynghei eller fattig furuskog til rik edellaavskog.

På grunnlag av klima og topografi er Sveio delt inn i to vegetasjonsseksjonar (Moen 1998):

*Sterkt oseanisk seksjon, vintermild underseksjon - O3t* som er karakterisert av vegetasjon som er særleg kjenslevar for frost, og berre finst i låglandet (i boreonemoral sone) innan dei mest vintermilde delane av landet. Dei vestlege delane av Sveio høyrer til denne underseksjonen, og særleg kystlyngheia med mykje purpurlyng er

typisk. Purpurlyng veks også i lågtliggende oseanisk furuskog.

*Sterkt oseanisk seksjon, humid underseksjon - O3h* er karakterisert av vestlege vegetasjonstypar og artar med krav til høg luftfukt. Mange oseaniske artar som t.d. jordnøtt og storfrytle er dominerande i vegetasjonen, og i fuktige berg og kløfter veks det ofte hinnebregne. Furuskog med purpurlyng og kristtorn finst òg, men sjeldnare enn i O3t. Dei vestlege alpine sonene er artsfattige ved at dei manglar fjellartar som krev stabile vinterforhold. Men fjellvegetasjon er ikkje registrert i Sveio, og berre Trollvassnibba (432 moh.) ligg så vidt ligg over den klimatiske skoggrensa.

I denne kartlegginga er det registrert i overkant av 400 artar av karplanter (vedlegg), eit relativt låg tal samanlikna med mange andre kommunar. Forklaringa ligg først og fremst i at Sveio har liten variasjon i klima og vegetasjonsseksjonar, samt mykje hard og sur berggrunn. Av plantegeografiske grupper finn vi spesielt mange artar som er knytt til ytre Vestlandet fordi dei ikkje tåler streng kulde. Dei høyrer til kystfloraen sidan dei berre veks i eit belte langs vestlandskysten (jf. Fægri 1960). Blant slike oseaniske artar har kommunen ei lang rekke artar, som t.d. kusymre, purpurlyng, hinnebregne, blankburkne, kystmaigull, jordnøtt,



**Figur 1.** Vårmarihand (*Orchis mascula*) er ein karakterart i edellauvskog i kyst- og fjordstrøk på Vestlandet. Denne orkidéen er ikkje vanleg i Sveio.

heistorr, heiblåfjør, fagerperikum, kystgrisøyre, kristtorn, skogfredlaus og sanikel, vestlandsvikke og vårmarihand (Figur 1 og 2). Fleire av desse artane er svært vanlege og har hovudtyngda av utbreiinga si i Noreg i Sunnhordland (jfr. Moe, Heegaard & Ihlen 1996, Moe 2003, Moe & Fadnes 2008).

Nokre av artane som finst i Sveio stiller krav til sommarvarme og har derfor ei særleg utbreiing i Noreg. Dei kan reknast som litt varmekrevjande, og døme på slike artar er kvit skogfrue, fuglereir, bergflette, vassgro, smalt dunkjevle og duskstorr (Figur 3). Men generelt er varmekrevjande (søraustlege) artar likevel fråverande i Sveio fordi sommartemperaturen er for låg. Slike artar er knytt til Austlandet og indre fjordstrøk på Vestlandet, men fleire har utpostlokalitetar vest i Hordaland der lokalklimaet er lunt og varmt (Fægri & Danielsen 1996).



**Figur 2.** Vestlandsvikke (*Vicia orobus*) er sterkt oseanisk og veks i tradisjonelle kulturlandskap i ytre kyststrøk av Sør-Noreg. Sjeldan i Hordaland.



**Figur 3.** Duskstorr (*Carex disticha*) er ein særleg art som veks på strand nokre få stader på Vestlandet.

## 6. NATURTYPAR

### GENERELT

Direktoratet for naturforvaltning har plukka ut 56 naturtypar på landsbasis som blir rekna som spesielt viktige for biologisk mangfald og som difor skal kartleggast (DN-handbok 13). 50 av desse naturtypene finst også i Hordaland. Naturtypene som er valt ut har element av både vegetasjon, zoologi, geologi, kulturpåverknad og landskap og er eit slags felles multiplum for å fange opp alle viktige variasjonar på økosystemnivå. Kriteria som er brukte ved utveljinga av kva naturtypar som skal kartleggast er:

Førekost av raudlisteartar, dvs. artar som på ein eller anna måte er truga, ofte ved at veksestaden eller leveområdet blir øydelagt.

Kontinuitetsområde, dvs. område som har hatt stabile økologiske forhold over lang tid, t.d. urskog/gammalskog og kulturlandskap med gamle, ugjødsle beite- og slåttemarkar.

Særlig artsrike område, område som har eit stort artsmangfald på eit avgrensa areal. Omgrepet "artsrik" er relativt og må sjåast i samband med det potensialet som finst i regionen. Rikmyr og fukteng er døme på naturtypar som ofte er artsrike.

Sjeldne naturtypar. Dette gjeld naturtypar som er sjeldne på landsbasis. På kommunenivå er det likevel òg viktig å få registrert naturtypar som er sjeldne lokalt, sjølv om dei kan vere vanlege andre stader. I andre tilfelle kan ein naturtype som er relativt sjeldan på landsbasis vere nokså utbreidd og vanleg lokalt. I slike tilfelle bør ein skilje ut dei viktigaste områda.

Viktig biologisk funksjon. Dette gjeld ofte område som isolert sett kan virke nokså ordinære, men på grunn av plassering i landskapet har ein nøkkelfunksjon for ein eller fleire artar. Døme på dette er bekkar og kantskog gjennom større, einsarta åkerlandskap som fungerer som refugium og spreingskorridorar.

Spesielle artar og samfunn. Ein del naturtypar er sterkt prega av spesielle økologiske forhold. Ikkje nødvendigvis artsrike lokalitetar, men området kan innehalde artar som er sterkt spesialiserte. Døme på slike naturtypar er sprøytoner frå fossar, brannfelt og kjelder.

Høg biologisk produksjon. Naturtypar med høg biologisk produksjon som følgje av høg tilførsel og omsetjing av organisk materiale. Sjølv om slike område ikkje treng vere spesielt artsrike, har dei ofte høg tettleik av individ. Flaummarkskogar og sumpskog langs vassdrag, som kan ha svært høge tettleikar av sporvefugl, er eit typisk døme på dette.

Sterk tilbakegang. Endra teknologi og arealbruk har ført til at enkelte naturtypar har blitt sjeldnare. Døme: Beite- og slåttemarkar, skogsbeite, elvedelta og gammalskog/urskog.

Alle lokalitetar med ein bestemt naturtype er ikkje alltid like viktige. Verdisettinga kan variere frå lokalitet til lokalitet, sjølv om vi har med den same naturtypen å gjere. Her bruker ein eit sett kriterium som støtte under verdivurderinga.

#### Kriterium for verdsetting:

- Storleik
- Grad av tekniske inngrep
- Førekost av raudlisteartar
- Kontinuitetspreg
- Sjeldne utformingar

#### Skala for verdsetting:

- A: Svært viktig
- B: Viktig
- C: Lokal verdi

### NATURTYPAR I SVEIO

I Sveio er det registrert 13 naturtypar av dei 56 som er skildra i DN-handbok 13. Naturtypene er fordelte på fem av dei sju hovudtypene. Det er kartlagd 50 lokalitetar, med totalt 63 naturtype-einingar. Korleis desse fordeler seg på dei ulike naturtypene går fram av Tabell 1. Lokalitetane er lista opp i Tabell 2, og den geografiske fordelinga er vist på Kart 2 bak i rapporten. I siste del av rapporten er kvar enkelt lokalitet nærmare skildra.

I det følgjande blir det gitt ein kort omtale av dei ulike naturtypene og førekosten av desse i Sveio. For ei generell og meir detaljert skildring av hovudnaturtypene viser ein til Fremstad (1997) og Direktoratet for naturforvaltning (2006).

#### Myr (A)

Myr er eit økosystem med høg grunnvasstand som blir danna der klimaet er relativt kjølig og nedbøren høgare enn fordampinga. På slike stader blir det mangel på oksygen, og nedbrytinga av dødt organisk materiale stansar heilt eller delvis opp. Difor skjer det ei opphoping av planterestane, og det blir danna ei organisk jord eller torv. Det finst fleire måtar å klassifisere myr på, m.a. etter danningmåte, hydrologi, utforming og vegetasjonstypar (Fremstad 1997, Moen 1998, DN 1999).

**Tabell 1.** Kartlagde naturtypar i Sveio fordelt på naturtype og verdi.

Hovudtype (tal lokalitetar)	Undertype	Kode	Verdi			Total*
			A	B	C	
Myr (3)	Rikmyr	A05		2	1	3
Kulturlandskap (25)	Artsrik vegkant	D03	1			1
	Naturbeitemark	D04	6	1	6	13
	Beiteskog	D06			1	1
	Kystlynghei	D07	3	2	5	10
Ferskvatn/våtmark (13)	Mudderbank	E02		4		4
	Rik kulturlandskapssjø	E08		2	3	5
	Evjer, bukter og vikar	E12		1	3	4
Skog (14)	Rik edellauvskog	F01	1	1	4	6
	Gammal, fattig edellauvskog	F02			1	1
	Rik sumpskog	F06			2	2
	Kystfuruskog	F12		3	2	5
Kyst og havstrand (8)	Strandeng og strandsump	G05		3	5	8
Totalt*			11	19	33	63

\* Det er kartlagt 63 naturtypeførekomsstar frå 50 lokalitetar i Sveio (sjå tabell 2 og kart 2 bak i rapporten). Nokre av lokalitetane inneheld meir enn ein naturtype, difor er talet på naturtypeførekomsstar høgare enn talet på lokalitetar.

**Tabell 2.** Kartlagte naturtypelokalitetar i Sveio. Dei 50 lokalitetane fordeler seg på 7 A-lokalitetar, 17 B-lok. og 26 C-lok.

Lokalitet	Namn	Naturtype	Areal (da)	Verdi
1	Leirvågen	Strandeng og strandsump (G05)	21,0	C
2	Litlavatnet	Rik kulturlandskapssjø (E08)	55,2	B
3	Rindatjørn	Rik kulturlandskapssjø (E08)	23,1	C
4	Geiteid	Rik sumpskog (F06), strandeng og strandsump (G05)	11,2	C
5	Nappen	Kystfuruskog (F12)	476,8	B
6	Straumøy	Naturbeitemark (D04)	12,0	C
7	Havåsen	Naturbeitemark (D04)	7,7	C
8	Austvikfjellet	Kystfuruskog (F12)	517,2	B
9	N.f. Espedalen, Førde	Kystfuruskog (F12)	442,5	C
10	Børshovda	Kystfuruskog (F12)	193,9	B
11	Husafjell	Rik edellauvskog (F01), gammal, fattig edellauvskog (F02)	17,2	C
12	Norafjell - Trondskar	Kystfuruskog (F12)	63,9	C
13	Bråtveittjørna	Rik kulturlandskapssjø (E08)	80,0	C
14	Kvalvågpyøyla	Strandeng og strandsump (G05)	6,9	B
15	V.f. Gulhaugvatnet	Kystlynghei (D07)	109,1	B
16	Vigdarvatnet, Fjon	Mudderbank (E02)	4,0	B
17	Vigdarvatnet, Tveitsundet	Mudderbank (E02)	2,0	B
18	Vigdarvatnet, Vassnes	Evjer, bukter og vikar (E12), mudderbank (E02)	6,6	B
19	Lindøya	Rik edellauvskog (F01)	10,0	C
20	Tveitafjellet	Naturbeitemark (D04), kystlynghei (D07)	353,9	C
21	Nordre Våge	Naturbeitemark (D04), kystlynghei (D07)	301,5	A
22	Rongavatnet	Mudderbank (E02), rikmyr (A05)	31,0	B
23	Rongvasshaugane aust	Naturbeitemark (D04), kystlynghei (D07)	42,6	A
24	Rongvasshaugane vest	Naturbeitemark (D04), kystlynghei (D07)	34,5	A
25	Haugatjørna	Rik kulturlandskapssjø (E08)	33,3	B
26	Hillesvågen sør	Kystlynghei (D07)	694,3	C
27	Hillesvågen nord	Kystlynghei (D07)	675,8	C
28	Lindeberg	Rik edellauvskog (F01)	6,4	B
29	N.f. Vandaskogen	Rikmyr (A05)	4,3	B
30	Ryvarden - Lyngholmen	Kystlynghei (D07)	3 133,7	B
31	Hamnavika	Strandeng og strandsump (G05)	1,6	B
32	Åseåsen	Naturbeitemark (D04)	52,3	A
33	Lauvåshaugen	Naturbeitemark (D04)	14,7	A
34	Lauvås sør	Naturbeitemark (D04)	15,1	B
35	Nordskogvatnet	Evjer, bukter og vikar (E12)	9,3	C



Tabell 2. framhald.

Lokalitet	Namn	Naturtype	Areal (da)	Verdi
36	Varhaug	Naturbeitemark (D04)	126,7	C
37	Holmavatnet	Naturbeitemark (D04), evjer, bukter og viker (E12)	9,2	C
38	Litlavatnet	Strandeng og strandsump (G05)	4,5	C
39	Storanes	Kystlynghei (D07)	104,8	C
40	Storanes, strand	Strandeng og strandsump (G05)	8,4	B
41	Nesheim	Naturbeitemark (D04), artsrik vegkant (D03)	32,8	A
42	Hovdaneset	Kystlynghei (D07)	157,0	C
43	Dalsbekken	Rik edellauvskog (F01), rik sumpskog (F06)	42,2	C
44	Mjåsund	Rik edellauvskog (F01)	14,9	C
45	Bosvika	Naturbeitemark (D04), beiteskog (D06)	47,8	C
46	Vassbotn	Mudderbank (G05), evjer, bukter og viker (E12)	3,0	C
47	Hilderhaugtjørna	Rik kulturlandskapssjø (E08)	16,0	C
48	Hedløyvågen	Strandeng og strandsump (G05)	6,4	C
49	Eikeland	Rik edellauvskog (F01)	38,4	A
50	Aust for Langevatnet	Rikmyr (A05)	1,3	C

Myrane har både direkte og indirekte verknad på biologisk mangfald. Mange artar er direkte knytt til myr som veksestad eller leveområde, og myrane har dessutan ein viktig funksjon som vassmagasin, som vern mot flaum og som naturlege reinseanlegg. Takrøyr som er ei vanleg plante i våtmarkene i Sveio, har sitt eige reinseanlegg som tek opp nitrat frå vatnet gjennom røtene og frigjer nitrogen som gass til atmosfæren.

I heile Hordaland er dei klimatiske føresetnadene for å få danna myr gode. Men i kyststrok, der det er høg luftfukt, hyppig nedbør og relativt kjølige somrar, kan det lettare bli danna myr på fast grunn enn lenger inne i landet. Dette heng saman med at det heilt ute ved kysten er lite skog som kan suge opp vatnet frå jorda, noko som



Figur 4. I det flate landskapet i Sveio er myrar og våtmark svært utbreidd. Mange myrar er eit resultat av at tjørn har grodd at med torv - attgroingsmyr. Dei fleste myrane er fattige.

aukar myrdanninga. Der myr blir danna i skråningar i kupert terreng, gjerne mellom knausane ut mot havet, blir den kalla terrengdekkande myr. Dette er ein type kystmyr som først og fremst finst i den skoglause lyngheia. Dei terrengdekkande myrane hadde ei vidare utbreiing tidlegare, men gjennom lang tid har mennesket skore torv til brensel, og restane av jorda og torva vart seinare vaska vekk. Mange stader der det i dag berre er nakent berg, har det tidlegare vore torvjord. Terrengdekkande myr finst i lyngheiområda i Sveio, men areala er små og ikkje aktuelle for kartlegging i dette prosjektet.

Fuktig klima dannar grunnlag for myrdanning i skråningar (bakkemyr) opp til ei viss helling. Dei fleste bakkemyrane ligg i dalsøkk eller slake skråningar, i Sveio gjerne på litt høgare nivå aust i kommunen. Torva er minerogen og blir ikkje så tjukk som den terrengdekkande myra.

Den relativt flate topografien i Sveio fremmar òg danninga av myr og våtmark. Mange myrar ligg inntil kanten av tjørn og er eit resultat av attgroing med torv i vatnet (limnisk myr). Mindre område med limnisk myr som ligg i kanten av vatn, kan vere inkludert i naturtypen rik kulturlandskapssjø (E08).

I Sveio er det mykje attgroingsmyr, eller blautmyr, som ofte står i samband med små tjørn. Langs vatnet veks det flytande matter som gradvis fyller tjørnet med torv. Dersom tjørnet ikkje er for djupt, vil det etter kvart bli heilt attgrodd og til slutt forsvinne. Attgroingsmyr kan vere veksestad for sjeldne artar som storak og toppstorr, som i Hordaland er kjent frå Bømlo og Stord. Det har blitt søkt etter desse artane i fleire små skogs-




**Figur 5.** Myggblom (*Hammarbya paludosa*) er ein orkidé som vart funnen på ei lita rikmyr ved Bjellandsvatnet naturreservat. Arten er austleg og sjeldan i Hordaland.



**Figur 6.** Breiull (*Eriophorum latifolium*) er ein karakterart for rikmyr. Naturtypen er sjeldan i Sveio, og derfor er arten berre funnen på ein myr i Sveio (lok. 50).

tjørn i Sveio, men utan resultat, men det er framleis mange tjørn som ikkje er undersøkte. Den sjeldne orkidéen myggblom er funnen på ei lita myr i Bjellandsvatnet naturreservat (Figur 5).

Myrvegetasjonen på minerogene myr (rikmyr) er eit resultat av at grunnvatnet er påverka av baserike bergartar under torvlaget. Slike rikmyr har ein vegetasjon med kravstore artar som myrsaulauk, loppestorr, engstorr og breiull (Figur 6).



**Figur 7.** Jåblom (*Parnassia palustris*) veks i rikmyr og fuktig eng i Sveio.

I Sveio er rikmyr knytt til område med gabbro eller der det finst lausmassar med leire eller skjelsand. Dette er ein svært sjeldan naturtype i Sveio (som i fylket elles), og dei registrerte områda er små. Den sjeldne rikmyrindikatoren brunskjene finst på ei lita rikmyr ved Vandaskog (sjå under raudlisteartar, Figur 32).

Vegetasjonen på dei fattige myrane er meir einsarta og består av nøysame, vanlege artar som torvull, duskull, klokkelyng, røsslyng, rome, storbjønnskjegg og pors. Slik myr er vanleg både i lyngheia ved kysten og i furuskogsområda aust i Sveio. Er dei store og velutvikla nok, skal slike myrartar kartleggast som kystmyr (A08), men ingen interessante lokalitetar er funne i kommunen.

### Kulturlandskap (D)

Kulturlandskap er landskap påverka av mennesket. Dette gjeld eigentleg svært mykje av naturen omkring oss, ikkje minst i Sveio som har relativt store landbruksareal. Men i denne samanhengen bruker ein omgrepet kulturlandskap på naturtyper der menneska har hatt, og har ei avgjerande rolle for utforminga av vegetasjonstypen og utvalet av artar, først og fremst i det tradisjonelle jordbrukslandskapet. Gjennom ulike bruk og lang kontinuitet har det blitt utforma mange ulike leveområde for planter og dyr i kulturlandskapet. For mange av artane er det truleg dei gode lystilhøva som ei følgje av slått og beiting, som er spesielt viktige.

Områda som er aktuelle i naturtypekartlegginga er først og fremst restar av landskap drivne etter gamle, småskala driftsformer. Mange slike områda har blitt drivne på same måten over svært lang tid, og kan ha ein stor diversitet av artar som er tilpassa ulike former for forstyrning (beite og slått). Etter kvart som dei gamle driftsformene forsvinn, blir fleire av artane knytt til slike områda sjeldnare. Det er spesielt to årsaker til at mange artar i det tradisjonelle kulturlandskapet har gått tilbake: intensiv drift med kraftig gjøds-



ling av jordbruksareala fører til at mange artar som er tilpassa mager jord forsvinn raskt. Den andre faktoren skuldast attgroing med tettare vegetasjon, buskar og tre, eit resultat av at markene ikkje lenger blir halde i hevd. På slike stader vil engartar kunne klare seg ei lang stund, kan hende i nokre tiår, men dei blir gradvis sjeldnare, og etter kvart sluttar dei å bløme før dei til slutt blir heilt borte.



**Figur 8.** Bilete som fortel historie. Spor av den opphavlege skogen som vaks utmed kysten for eit par tusen år sidan kan i dag finnast som røter i myrane. Etter at denne skogen vart hoggen, har kystlyngheia dominert landskapet. I dag er skogen på veg tilbake.



**Figur 9.** Purpurlyng er karakteristisk inntil sørvendte berg i kystlyngheia. Frå heia mellom Ryvarden og Lyngholmen.

I Sveio har det, som i landet elles, skjedd ei attgroing av mange gamle, tradisjonelle kulturlandskap. Mykje av arealet som tidlegare var utmarksbeite, har blitt til skog og kratt med furu, bjørk, hassel, selje, øyrevier og andre lauvtre. Attgroinga kan ha ført til tett skog, eller eit halvøpe landskap med spreidde tre og buskar. Ein omfattande bruk av kunstgjødsel har redusert mangfaldet i mange av dei områda der marka framleis er i bruk til slått og beite. Artar knytt til det gamle, tradisjonelle jordbruket har difor blitt sjeldne eller heilt borte. Det er også blitt planta gran og buskfuru i dei gamle kulturlandskapa.

Kystlyngheia er ein kulturlandskapstype det framleis finst mykje att av vest i Sveio, rett nok med varierende tilstand. Dette landskapet med open, trelaus lyngvegetasjon er meir eller mindre dominerande langs heile vestkysten av Noreg. Kystlyngheiane er danna av mennesket, gjennom jamleg avsviing, som tok til for 2000-3000 år sidan for å gi best mogleg vilkår for husdyrbeiting i område som var for skrinne for oppdyrking. I myrane, t.d. ved Nesheim, kan ein finne gamle trestubbar som er restar etter den opphavlege skogen (Figur 8). I det milde klimaet ved kysten kan beitedyra gå ute heile året, og røsslyngen har verdi som beiteplante også om vinteren.

I seinare tid er det utført ei kartlegging av tilstanden til kystlyngheia i Fitjarøyane og resten av Sunnhordland (Nøttveit 2006). Tidlegare er det òg gjort ei større kartlegging av heile Vestlandet og Trøndelag (Fremstad et al. 1991), men noko mindre detaljert.

Fleire av områda har ikkje lenger verdi som kystlyngheia fordi dei er for påverka av skogplanting eller er kommen i for langt framskriden attgroing. Dei fleste stader er lyngheia i dårleg tilstand med mykje høg, forveda og grovvaksen røsslyng. Slik lyng er ueigna som beiteplante. Mange stader har eineren breidd om seg til tette kratt. Det krev omfattande hogst, brenning og andre tiltak om dei mest attgrodde områda med kystlyngheia skal setjast i stand att.

I naturtypekartlegginga har ein forsøkt å finne fram til dei mest intakte områda. Dei fleste ligg sørvest i kommunen. Eit av kriteria for å vurdere tilstanden til lyngheia er at røsslyngen skal vere låg og lite forveda. I lyngheia veks det lokalt mykje purpurlyng, heistorr, kystmaure, kystmyrklegg og ei rekkje andre karakteristiske artar som er bundne til vestkysten av fylket. Sveio har fine utformingar av purpurlyngheia, og Sunnhordland (Fitjar, Bømlo og Sveio) må reknast som hovudområdet for denne naturtypen i Noreg (Figur 9).

Grasdominert naturbeitemark er ein anna viktig naturtype som er avhengig av hevd. Grasmarka finst gjerne på noko djupare jord enn lyngmarka, men dei to typene opptre ofte som mosaikk i dei



**Figur 10.** På Lauvåshaugen ligg det ein svært interessant naturbeitemark, driven på tradisjonelt vis med sauebeiting på seinhausten og vinteren. I vegetasjonen finst fleire raudliste-arter, både av karplanter og sopp (sjå faktaark, lok. 33). Desse artane er avhengig av kulturlandskap med lang kontinuitet. Naturbeitemark av denne typen er ein sterkt trua naturtype.



**Figur 11.** Vegetasjonen på Lauvåshaugen er artsrik med mange karakterartar for tradisjonell naturbeitemark. Fleire av artane blir stadig sjeldnare i kulturlandskapa i Hordaland.



**Figur 12.** Vill-lin (*Linum catharticum*) er ein karakterart i kalkrike enger. Den er registrert ved Ryvarden - Lyngholmen og ved Nesheim, der den veks på marine sedimentar som truleg inneheld skjelsand.

same områda. I Sveio er naturbeitemark relativt vanleg, og er den naturtypen i Sveio som er registrert med flest lokalitetar (tabell 1). Av dei 13 registrerte lokalitetane er seks vurdert som svært viktige, og kommunen har dermed fleire av dei mest verdifulle lokalitetane av denne naturtypen i Hordaland. Eit av områda ligg ved Nesheim, vest i Sveio, der det veks fleire sjeldne og sårbare artar som dvergmarinøkkel, vanleg marinøkkel, pusleblom og bakkesøte. Desse artane er i generell tilbakegang på landsbasis, og står derfor på raudlista. Kalkkrevjande artar som jåblom og vill-lin tyder på at det er skjelsand i området (Fig. 7 og 12). Kalkrik eng er ikkje registrert andre stader i Sveio. Området er truga av redusert beitebruk og eit nyetablert hyttefelt like ved.

På Lauvåsen ligg ei naturbeitemark med eit særst høgt artsmangfald, med fleire sjeldne karakterartar som solblom, flekkgrisøyre, vestlandsvikke og fleire raudlista soppartar (Figur 10 og 11). Som fleire andre naturbeitemarker i Sveio har Lauvåsen vore nytta som slåttemark tidlegare. Det er svært viktig at bruken av Lauvåsen som sauebeite seinhaustes, og til dels om vinteren, held fram som i dag, fordi det ser ut til at beiting utanom vekstsesongen har positiv effekt på det biologisk mangfald. Dette er ein nyttig kunnskap som bør overførast til andre kulturlandskap i område med mildt vinterklima.

Førekomsten til solblom på Lauvåsen er ein av fire lokalitetar til arten i Sveio. Den er fåtallig, og dermed sårbar på alle lokalitetane. Fleire av dei sjeldnaste artane i Sveio er bundne til kulturlandskap, og for å ta vare på dei er det viktig å oppretthalde beitinga, slik at en unngår negativ utvikling for desse artane. Det dreier seg ofte om fåtallige populasjonar på små areal. Det bør gjerast ei vurdering av kva beiter regime som er optimalt for kvar enkelt lokalitet.

### Ferskvatn/våtmark (E)

Hovudnaturtypen omfattar område med ope ferskvatn som elvar, bekkar, samt større og mindre innsjøar. Mange artar er direkte knytte til vatn og vassdrag. Både i skogsområde og i intensivt drivne jordbruksområde er ferskvasslokalitetar ofte artsrike oasar og viktige spreingskorridorar. Ferskvasslokalitetar har i stor grad blitt utsette for ulike inngrep. Viktige trugsmål er m.a. regulering, drenering, attfylling, oppmuring, bekkelukking, bekkeutretting og forureining.

Det er mange vassdrag i Sveio, men dei er små og lågtliggjande. Sveio er òg ein våtmarkskommune med heile 282 vatn. Dei fleste ligg lågare enn 10 moh. og har jamt over høg pH-verdi. Vasskvaliteten er generelt god frå naturen si side, men mange stader er vatna sterkt påverka av organisk tilsig frå landbruksområde (Helland-Hansen 2004).



Naturtypen rik kulturlandskapssjø er ferskvatn som ligg i område med aktivt jordbruk. Næringsrikdommen i vatnet er dels eit resultat av tilsig frå dei gjødsle markene rundt, men kan òg skuldast næringsrik, marin leire på botnen. Det siste gjeld for dei mange vatna som ligg lågt og har vore dekt av havet. Mange vatn har ein frodig sumpvegetasjon, med regionalt sjeldne artar, som t.d. vassgro (Figur 13).

Det er ikkje utan grunn at det er verna seks våtmarksreservat i Sveio. Eit av dei er Bjellandsvatnet som er blant dei rikaste våtmarksområda i



**Figur 13.** Vassgro (*Alisma plantago-aquatica*) er ein sør-austleg art som veks i næringsrike vatn. I Hordaland har den si hovudutbreiing i Sveio.



**Figur 14.** Tjønngras (*Littorella uniflora*) veks på mudderbank og kortskotstrand som blir turrlagd i periodar.

Sveio. Næringstilførsel i dette naturreservatet vart etter kvart svært stor. Dette førte til ein kraftig auke i den biologiske produksjonen slik at vatnet grodde raskt til og livsvilkåra til fleire av artane, særleg vadefuglane vart dårlegare. Det måtte gravast ein kanal som opna det tettaste partiet med takrøyr aust i vatnet.

Takrøyr er elles ein karakterart i mange ferskvatn i Sveio, og arten er vanlegare her enn i andre kommunar i Hordaland. Dette graset blir opp til 3 m høgt og dannar ofte tette bestand, og det veks i belte som kan bli fleire meter breie. Små grunne tjørn kan bli heilt attgrodde med takrøyr. Inne mellom stråa i takrøyrskogen er det ikkje så mykje anna som kan vekse, så botanisk sett er dei ikkje særleg interessante. Men slike lokalitetar kan gi gode skjulestader for ein del våtmarkstil-knytte fugleartar.

Vigdarvatnet er det største ferskvatnet i kommunen. Botnforholda varierer, men i enkelte skjermabukter inneheld strandsona finkorna sand og grus. På slike stader er det kortskotstrand og mudderbankar på fint substrat i gruntvassområda. Her veks det småvaksne sumpplanter som småsivaks, myrkråkefot, botnegras og evjesoleie og tjønngras (Figur 14). Desse artane veks på strender med grunt vatn som er utsett for å tørke ut. På slike stader er vilkåra for høge sumpplanter dårlege, og dei små kortskotsplantene kan dominere fordi dei ikkje er utsette for konkurranse frå større artar. Det er registrert tre lokalitetar med kortskotstrand (mudderbank) i Vigdarvatnet: Ved Vassneset, Apelandsneset og Fjøn. Strandsona liknar på Ådlandsvatnet på Stord, eit stort vatn med fleire svært sjeldne artar. Begge vatna ligg lågt og i same nivå, ca. 10 moh., altså under marin grense. Ein skulle derfor tru at sjeldne artar også vil kunne finnast i Vigdarvatnet. Dette vatnet bør derfor undersøkast betre, og på fleire enn dei tre stadene som vart registrert under denne kartlegginga.

## Skog (F)

Skog omfattar område der tre er dominerande. Nest etter høgfjell er skog den mest utbreidde naturtypen i Noreg. Om lag 37 % av landarealet er skogdekt. Av det totale skogarealet i landet er ca. 55 % barskog og 45 % lauvskog. Desse tala stig etter kvart som utmarka gror att.

Skog finst i svært mange utformingar alt etter klima, jordsmonn og topografi, og dannar dermed ei lang rekkje ulike leveområde. Over halvparten av alle landlevande dyr som er registrerte i Noreg, er knytt til skogen. Også mange raudlisteartar, både dyr og planter, lever i dette økosystemet. Dei fleste tilhøyrer artsrike grupper som insekt og sopp.



**Figur 15.** Grovvaksen, oseanisk lindeskog ved Eikeland (lokalitet 49). Dette er den klart rikaste edellauvskogen som er registrert i Sveio. Skogen er ein vestleg utpost av ein skogtype som er meir utbreidd i Hardanger.

I Sveio er det den austlege delen som har best skogdekning. Langs Ålfjorden og inn til Førdespollen er landskapet skogdekt, og furuskog dominerer. Her finst det skog som er relativt gammal, truleg med tre som er opptil 300 år, særleg på litt høgareliggande nivå, som ved Børshovda 189 moh. (Figur 19). Mange stader er skogen i ekspansjon etter kvart som utmarksareala gror att, og mykje av skogen er difor av første generasjon. Det halvopne landskapet som er dels tresett og dels gammal beitemark, er karakteristisk i mange deler av Sveio. I enkelte heiområde har det skjedd ei kraftig attgroing med einer, og denne krattvegetasjonen vil halde skogen borte i lang tid, eller i alle fall føre til meir konkurranse og vanskelegare forhold for unge plantar av furu, bjørk og andre treslag.

Furu er det best tilpassa treslaget i det sure jordsmonnet som dekker store deler av Sveio. Men i tillegg veks det opp mykje bjørkeskog, særleg på litt betre jord, samt i lynghei og på gammal kulturmark. Bjørka er også vanleg på høgareliggande nivå, men noko belte med fjellbjørkeskog finn vi ikkje i Sveio. Furu går opp til skoggrensa på låge kystfjell. Her ligg denne på ca. 400 moh., noko som fell saman med den øvre furuskoggrensa (Moen 1998). Heile kommunen ligg under den klimatiske skoggrensa.

Rik edellauvskog er skog med varmekjære lauvtre. På landsbasis er edellauvskog ein sjeldan naturtype som er knytt til kyst- og fjordstrøk i Sør-Noreg (utgjer omlag 1 % av skogarealet i heile landet). I Sveio er ask, hassel, lind, eik og svartor dei viktigaste edellauvtrea. Hassel er spesielt vanleg, og finst i mange andre habitat, som i kanten av kulturlandskapet og spreidd i furuskogen. Hassel er det edellauvtreslaget som er best tilpassa klimaet og terrengformene langs kysten. Alm er svært sjeldan og berre registrert på vestsida av Førdespollen ved Eikeland.

Edellauvskog er ein grøderik og artsrik skog med krav til relativt varmt sommarklima, lite vinterfrost og lang vekstsesong. Med desse krava veks edellauvskogen i bratte, sør og austvendte skrånningar der lokalklimaet er lunt og varmt. Edellauvskogen veks helst på djup jord i område med næringsrike bergartar, ofte på rasmateriale og forvittringsjord under bratte bergveggar. Edellauvskogen er generelt dårlig tilpassa topografien i Sveio. Det som finst av bratte lier har små høgdeforskjellar, dermed er edellauvskogen lite utbreidd i kommunen. Dei få lokalitetane som finst kan likevel ha eit høgt artsmangfald. Slike område er sårbare fordi dei små areala inneheld få individ. Derfor er det desto viktigare å ta vare på dei. Edellauvskogen i Sveio representerer ein





**Figur 16.** Kusymre (*Primula vulgaris*) er ein karakterart for rik oseanisk edellauvskog i Sveio. Frå Eikeland.



**Figur 17.** Bergflette (*Hedera helix*) og lungenever (*Lobaria pulmonaria*) i trestammene i edellauvskogen ved Eikeland.

naturtype med oseaniske særtrekk og som veks ved ei yttergrense, både klimatisk og topografisk (Figur 15, 16 og 17).

Bløminga startar tidleg i edellauvskogen, i god tid før lauvsprett. Karakteristiske artar i det tidlege våraspektet er vårkål, vårmarihand, kystmaigull, kusymre og den meir sjeldne arten skjelrot. I byrjinga av juni kan skogbotnen i edellauvskogen vere dominert av ramslauk. Kvit skogfrue og fuglereir er sjeldne orkidéar som veks i lindeskog ved Eikeland, den einaste registrerte lokaliteten for dei begge i Sveio. Begge artane er varmekjære og blømer i månadsskiftet mai-juni. Sveio er ein vestleg utpostlokalitet for både kvit skogfrue og fuglereir, artar som i Hordaland har sine største førekomstar i midtre Hardanger der det er store område med rik edellauvskog. Mange av karakterartane for edellauvskog (t.d. lundgrønaks og skogsvingel som er vanleg i Hardanger) når ikkje vest til Sveio. Årsakene kan vere ein kombinasjon av klima, jordsmonn og for små areal med eigna topografi og habitat.

Edellauvskogen kan vere prega av tradisjonell bruk som styving og beiting (DN 1999), og innslag av gamle stuvar finst der edellauvskogen har relativt lang kontinuitet. Gamle stuvar er like-

vel sjeldne i edellauvskogen i Sveio, noko som tyder på at lauving ikkje har like sterke tradisjonar som områda lenger aust i Sunnhordland, t.d. i Etne og Kvinnherad.

Fleire stader er edellauvskogen eit resultat av opphøyr av kulturpåverknad. Særleg hassel og eik er i spreiding på stader der utmarka held på å gro att. Eika har eit fortrinn framfor andre edellauvtreslag som t.d. alm og ask, ved at den ikkje er så avhengig av djup næringsrik jord. Difor veks det stadvis fram skogar med eik i kanten av kulturlandskapet. Ikkje sjeldan står det store og gamle eiker i kulturlandskapet. Eikene ved Eikeland veks øvst i eit området med edellauvskog, på grensa mot dyrka mark. Grasdominerte eikskogar med sølvbunke, engkvein og gulaks tyder på beiting og anna kulturpåverknad. Grasvegetasjonen kan halde seg i lang tid etter at beitinga har opphøyr.


Naturskog med furu er utbreidd på austsida av Sveio. Vegetasjonen er for det meste lyngdominert, enten blåbærskog eller røsslyng-blokkebærskog. Særleg røsslyng-blokkebærskog kan vekse på stader der det er lite lausmassar og der skogbotnen er dekt av tjukke lag med råhumus. Røsslyng-blokkebærskog er ein vanleg skogtype, dominert av ulike lyngartar som røsslyng, blokkebær, klokkelyng og tyttebær. Graset blåtopp er viktig og lokalt dominerande. Knerot er ein austleg barskogsart som er funnen sporadisk i furuskogen aust i Sveio. Denne orkidéen er sjeldan på Vestlandet.

Ei spesiell oseanisk utforming av kystfurskogen inneheld mykje purpurlyng (Figur 18). Den finst helst i sørvendte skråningar der jorda er tørr og veldrenert samstundes som lokalklimaet om sommaren er relativt varmt. Purpurlyng-furskog er ein sjeldan skogtype som i Noreg har si hovudutbreiing i Sunnhordland, særleg på Bømlo (Moe 2003).



**Figur 18.** Purpurlyng-furskog på Austvikfjellet. Dette er ein oseanisk utforming av furuskog som finst fleire stader i Sveio, særleg på lågare nivå.





**Figur 19.** Gammel furu på Børshovda (lok. 10). Slike tre er sjeldan i ytre strok av Hordaland.

Men også i Sveio kan purpurlyng vere ein viktig karakterart i furuskogen, særleg i litt eldre skog under 100 moh. Furuskog med mykje purpurlyng veks gjerne nær sjøen, særleg nord for Førdespollen, men typen er òg registrert søraust i kommunen. I Hopsfjellet naturreservat ser det ut til at skogbrannen frå 1992 har ført til meir purpurlyng i skogen (Moe 2008).

På næringsrikt jordsmonn inngår urter og gras i furuskogen, slik som kusymre, sanikel, skogfredlaus og vårmarihand. Blant treslaga er hassel typisk i eit lågare tresjikt under furukronene. Elles førekjem kristtorn spreidd, medan bergflette klatrar i bergveggar, på bakken og på furustammene. Rikare furuskog finst fragmentarisk i Sveio, men det er ikkje funne lokalitetar som er velutvikla nok til å vere interessante som naturtypelokalitet. Av geologiske årsaker er rik furuskog av Sunnhordlandstypen (Bjørndalen & Brandrud 1989) betre representert på fyllitt og kalkstein i Bømlo, Stord og Tysnes.

Svartor er karakteristisk for fuktige stader, og dannar sumpskog på dårleg drenert jord, i kantsoner mot vatn, strender og langs bekkar. Svartora trivst godt på finkorna leirjord. Gråor er ikkje registrert, men bør kunne finnast aust i kommunen, ved Ålfjorden.



**Figur 20.** Rik sumpskog med svartor ved Geiteid (lok. 4). Skogen ligg nær sjøen og like over havnivå.

### Kyst og havstrand (G)

Kyst og havstrand omfattar naturtypar som er knytt til saltvatn eller saltvasspåverka miljø, og i tillegg nokre habitat under vatn i svært grunne område (grunne straumar og undervasseng blir kartlagt under marin kartlegging). Områda mellom land og hav byr på spesielle livsvilkår og inneheld fleire naturtypar og artar som kan vere sjeldne. Stort press på strandområda mange stader gjer det viktig å få kartlagt dei biologisk mest interessante strendene, slik at ein i størst mogleg grad kan unngå inngrep der. Vegetasjonen på strendene i Sveio er kjent frå ei tidlegare kartlegging (Lundberg 1992). Dei fleste lokalitetane har berre lokal verdi, men våtmarka i Viksefjorden er vurdert å ha regional verdi, og er no verna som naturreservat.

Sveio er ei halvøy med mange vågar og pollar som gjer at kommunen har ei svært lang strandline. Særleg langs vestkysten er kystlina dominert av strandberg som ligg eksponert mot open sjø. Enkelte stader veks fjellplanta rosenrot i nordvendte strandberg som ikkje er utsett for uttørking (Figur 21).

Storanes ved Eltravåg ligg eksponert mot sjøen, og når bølgiene slår inn over berga blir det danna små vasspyttar der det er utvikla strandsumpar med havsivaks og strandkvann. I bergsprekker veks den sjeldne pusleblomen i mengder, den einaste registrerte raudlistearten i Sveio som er knytt til strand (Figur 24).

Ved Lyngholmen er det ein førekomst av den sørlege arten duskstorr (Figur 3). Denne lokaliteten er plantegeografisk interessant som ein av få lokalitetar for arten i Hordaland. Blodtopp er ein annan regionalt sjeldan art som veks på stranda ved Sletteene vest for Førdespollen.

Leirvågen, vest for Valevåg, er eit av dei mange godt skjerma strandområda. Den langgrunne bukta blir tørrlagt ved fjøre sjø. Her ligg det svært mykje lausmassar, meir eller mindre finkorna blanding av leire, sand og grus. Vegetasjonen har fine utformingar av soneringar i tidevasssona med fjøresivaks ytst og saltsiveng innanfor. Rustsivaks og havstorr veks i fuktige pølar. Strandområdet er stort og velutvikla, men utan sjeldne artar.



**Figur 21.** Rosenrot (*Rhodiola rosea*) på strandberg ved Nappen vest i Sveio (lok. 5).

I enkelte tronge pollar eller i vatn som er i kontakt med sjøen gjennom ein tidevasskanal, er det utvikla brakkvassmiljø. Ved Litlavatnet, sør for Eltravåg, ligg det eit slikt brakkvatn med havgras-samfunn og sumpplanter frå ferskvatn, t.d. vassgro og hesterumpe. I Kvalvågspøyla veks den relativt sjeldne arten pollsivaks saman med andre brakkvassplanter (Figur 22).



**Figur 22.** Pollsivaks (*Schoenoplectus tabernaemontani*) er ein typisk brakkvassplante som veks på stranda i Kvalvågspøyla (lok. 14).



## 7. RAUDLISTEARTAR

### GENERELT

Raudlisteartar har ein sentral plass i kartlegginga av biologisk mangfald. Både som kriterium for verdisetjing av naturtypeområde og som kartleggingsobjekt.

Ei raudliste er ei oversikt over artar som er sjeldne, truga eller i tilbakegang, med ei vurdering av risikoen for at arten skal dø ut i framtida, både på kortare og lengre sikt. Mange av desse artane er sterkt spesialiserte med avgrensa utbreiing og små leveområde. Andre er arealkrevjande artar som er i tilbakegang grunna fragmentering av leveområda. Mange artar på raudlista er naturleg sjeldne og krev av den grunn spesielle omsyn. Ei raudliste kan òg innehalde artar som er i framgang, men som i nær fortid har hatt sterkt reduserte bestandar.

IUCN (International Union for the Conservation of Nature) gir ut slike lister på verdsbasis, og mange land har no gitt ut nasjonale raudlister.

#### KATEGORIER I DEN NORSKE RAUDLISTA 2006

##### **RE Regionalt utdødd (Regionally Extinct)**

Ein art er regionalt utdødd når det er svært liten tvil om at arten er utdødd frå aktuell region (her Noreg). For at arten skal bli inkludert i denne kategorien må den ha vore etablert reproduserande i Noreg etter år 1800.

##### **CR Kritisk truga (Critically Endangered)**

Ein art er kritisk truga når best tilgjengeleg informasjon indikerer at eitt av kriteria A-E for kritisk truga er oppfylt. Arten har då ekstremt høg risiko for utdøing (50 % sannsynligheit for utdøing innan 3 generasjonar, minimum 10 år).

##### **EN Sterkt truga (Endangered)**

Ein art er sterkt truga når best tilgjengeleg informasjon indikerer at eitt av kriteria A-E for sterkt truga er oppfylt. Arten har då svært høg risiko for utdøing (20 % sannsynligheit for utdøing innan 5 generasjonar, minimum 20 år).

##### **VU Sårbar (Vulnerable)**

Ein art er sårbar når best tilgjengeleg informasjon indikerer at eitt av kriteria A-E for sårbar er oppfylt. Arten har då høg risiko for utdøing (10 % sannsynligheit for utdøing innan 100 år).

##### **NT Nær truga (Near Threatened)**

Ein art er nær truga når den ikkje tilfredsstillar nokre av kriteria for CR, EN eller VU, men er nær ved å tilfredsstillast nokre av desse kriteria no eller i nær framtid.

##### **DD Datamangel (Data Deficient)**

Kategorien datamangel blir brukt når det ikkje kan gjerast ei gradert vurdering av risiko for utdøing, men det samtidig blir vurdert som svært sannsynleg at arten ville blitt med på raudlista dersom ein hadde tilstrekkeleg informasjon.

Den offisielle norske raudlista blir utgitt av Artsdatabanken. Enkelte Fylkesmenn har utgitt fylkesvise (regionale) raudlister for å rette fokus på artar som er truga regionalt og lokalt og som

kanskje ikkje blir fanga opp i nasjonal samanheng. Nokre artar på den nasjonale raudlista kan vere relativt vanlege regionalt og lokalt. I slike tilfelle har det aktuelle fylket eller den aktuelle kommunen eit særskilt forvaltingsansvar.

Raudlistene må reviderast relativt ofte etter kvart som kunnskapen om artane aukar, og artane får endra status i forhold til dei ulike trugsmåla. Situasjonen for enkelte artar kan endre seg relativt raskt. Denne rapporten byggjer på *Norsk rødliste 2006* (Kålås m.fl. 2006). Den forrige norske raudlista kom i 1999 (Direktoratet for naturforvaltning 1999) og den neste er planlagt i 2010.

I førre raudliste (1999) og i forvaltningssamanheng har ein tidlegare brukt omgrepet *ansvarsart*, men denne er ikkje med i lista frå 2006. Ein ansvarsart er ein art som det aktuelle landet har eit spesielt forvaltingsansvar for, fordi ein har store delar av totalbestanden innan sine landegrensar. Omgrepet kan òg nyttast regionalt og lokalt, der t.d. eit fylke eller ein kommune har ein stor del av den nasjonale bestanden til ein art.

Kriteria som blir nytta ved vurdering av raudlistekategori er (Kålås m.fl. 2006, s. 23-25):

- A: Populasjonsreduksjon
- B: Geografisk utbreiing
- C: Liten populasjon og pågåande bestandsreduksjon
- D: Svært liten eller arealmessig svært avgrensa populasjon
- E: Kvantitativ analyse av risiko for at arten skal dø ut

#### RAUDLISTA PLANTER OG SOPP I SVEIO

##### **Karplanter**

Etter den nasjonale raudlista 2006 (Kålås et al. 2006), er det registrert 16 raudlista karplanter i Sveio, inkl. nokre artar som er registrert for lang tid tilbake og som truleg ikkje lenger finst i kommunen.

I det følgjande blir det gitt ein omtale av status til desse artane i Sveio. Av raudlistekategoriene nemnt over er desse representert: Kritisk truga (CR) - ein art, sterkt truga (EN) - 5 artar, sårbar (VU) - 2 artar og nær truga (NT) - 8 artar.

Talet på raudlista karplanter i Sveio kan reknast som middels høgt. Ein av artane er den kritisk truga dvergmarinøkkelen, som kommunen har eit særskilt ansvar for å ta vare på. For fleire av dei sterkt truga artane er situasjonen allereie usikker. For dei nær truga artane finst det relativt store bestandar (t.d. purpurlyng), anten i Sunnhordland eller i andre deler av landet. Elles kan det vere verdt å merke seg at ein vanleg art som alm er blitt raudlista pga. negativ bestandsutvikling.



**Tabell 3.** Funn av raudlista planter og sopp i Sveio etter den norske raudlista frå 2006 (Kålås m.fl. 2006). Kjelder: Eigne funn, Artsdatabanken, Norsk Lavdatabase, Norsk Soppdatabase, Norsk Mosedatabase, Bergen Museum - UiB.

Artsgruppe	Norsk namn	Vitskapeleg namn	Habitat	Raudlistestatus	
Karplanter (16)	Pusleblom	<i>Anagallis minima</i>	Strand	EN	
	Solblom	<i>Arnica montana</i>	Kulturlandskap	VU	
	Flikmelde	<i>Atriplex prostrata</i> ssp. <i>calotheca</i>	Strand	EN	Truleg utgått
	Vanleg marinøkkel	<i>Botrychium lunaria</i>	Kulturlandskap	NT	
	Dvergmarinøkkel	<i>Botrychium simplex</i>	Kulturlandskap	CR	
	Kvit skogfrue	<i>Cephalanthera longifolia</i>	Edellauvskog	NT	
	Buntsivaks	<i>Eleocharis multicaulis</i>	Ferskvatn	NT	
	Purpurlyng	<i>Erica cinerea</i>	Lynghei, skog	NT	
	Bakkesøte	<i>Gentianella campestris</i>	Kulturlandskap	NT	
	Bustsivaks	<i>Isolepis setacea</i>	Ferskvatn	EN	Usikker
	Lodnefølblom	<i>Leontodon hispidus</i>	Kulturlandskap	EN	Truleg utgått
	Fuglereir	<i>Neottia nidus-avis</i>	Edellauvskog	NT	
	Kvitkurle	<i>Pseudorchis albidula</i>	Kulturlandskap	VU	Truleg utgått
	Fjærehøymol	<i>Rumex maritimus</i>	Strand	EN	Truleg utgått
	Brunskjene	<i>Schoenus ferrugineus</i>	Rikmyr	NT	
Alm	<i>Ulmus glabra</i>	Edellauvskog	NT		
Mosar (1)	Almehårstjerne	<i>Syntrichia laevipila</i>	Trestamme	VU	
Sopp (13)	Gulbrun narrevokssopp	<i>Camarophyllopsis schulzeri</i>	Naturbeitemark	NT	
	Fiolett greinkølesopp	<i>Clavaria zollingeri</i>	Naturbeitemark	NT	
		<i>Conferticum ravum</i>	Skog	VU	
	Mjølrraudskivesopp	<i>Entoloma prunuloides</i>	Naturbeitemark	NT	
		<i>Entoloma velenovskyi</i>	Naturbeitemark	NT	
	Gulfotvokssopp	<i>Hygrocybe flavipes</i>	Naturbeitemark	NT	
	Musserongvokssopp	<i>Hygrocybe fornicata</i>	Naturbeitemark	NT	
	Sauevokssopp	<i>Hygrocybe ovina</i>	Naturbeitemark	VU	
	Svartdugget vokssopp	<i>Hygrocybe phaeococcinea</i>	Naturbeitemark	NT	
	Russelærvokssopp	<i>Hygrocybe russocoriacea</i>	Naturbeitemark	NT	
	Raud honningvokssopp	<i>Hygrocybe splendidissima</i>	Naturbeitemark	NT	
	Mørkskjellet vokssopp	<i>Hygrocybe turunda</i>	Naturbeitemark	NT	
	Grå narremusserong	<i>Porpoloma metapodium</i>	Naturbeitemark	VU	
	Vrangjordtunge	<i>Thuemenidium atropurpureum</i>	Naturbeitemark	NT	
	Vranglodnetunge	<i>Trichoglossum walteri</i>	Naturbeitemark	VU	
	Stort stubbehorn	<i>Xylaria polymorpha</i>	Skog	NT	
	Lav (6)	Kystkorallav	<i>Bunodophoron melanocarpum</i>	Bergvegg	NT
Kystblåfittlav		<i>Degelia atlantica</i>	Trestamme	VU	
Eikelav		<i>Flavoparmelia caperata</i>	Trestamme	NT	
Hodeskoddslav		<i>Menegazzia terebrata</i>	Bergvegg	VU	
Liten praktkrinslav		<i>Parmotrema chinense</i>	Trestamme	VU	
Ringstry		<i>Usnea flammea</i>	Bergvegg og trestamme	VU	

### Kritisk truga artar (CR)

#### Dvergmarinøkkel *Botrychium simplex* (CR)

Dvergmarinøkkel veks midt i den gamle kjerrevegen ved garden Nesheim vest i Sveio. Planta vart funnen der første gong i 1980, og det vart då registrert eit hundretals individ (Holtan-Hartwig og Timdal 1990). Då dvergmarinøkkel vart gjenfunnen i 2005, vart ca. 30 blad registrert innanfor eit areal på ca. 5 m<sup>2</sup>. Dei siste åra har lokaliteten vore besøkt fleire gonger. Det er påvist store fluktusjonar i bestanden frå år til år: I 2007 vart det berre funne nokre få individ, og i 2008 var den heilt borte. Den 10. mai 2009 (tidleg i sesongen) vart det igjen registrert nokre få planter (Figur 23). Dvergmarinøkkel kan leve underjordisk, truleg i symbiose med sopp, og talet på planter på overflata varierer derfor sterkt frå år til år.

Planta har halde seg relativt bra på lokaliteten ved Nesheim fram til i dag fordi habitatet tilsynelatande ikkje har endra karakter. Lokaliteten ligg på ein gammal kjerreveg (traktorveg), truleg nytta under krigen sidan det ligg gammalt jernskrap og kanonstillingar i området. I dag går Nordsjøløypa på denne vegen, men slitasje på vegetasjonen er ikkje større enn at dette har positiv effekt på dvergmarinøkkelen. Som ei ørlita beitemarksplante er arten godt tilpassa trakk, og er avhengig av opne jordflekke og moderat slitasje. Dersom vegetasjonen rundt blir for tett med lyng og gras, vil dvergmarinøkkelen raskt bli utkonkurrert.



**Figur 23.**

Dvergmarinøkkel (*Botrychium simplex*) er ein av dei sjeldnaste karplantene i Noreg og blir derfor rekna som kritisk truga.

Einaste kjende lokalitet i Hordaland er i kulturlandskapet ved garden Nesheim.

Det er store svingingar i talet på individ frå år til år. Bilete t.v. er frå rundt 20. juni 2005 då plantene stod optimalt med sporangiar. Utpå sommaren tørkar plantene heilt bort. (Foto: Jan Rabben).

Biletet over viser eit ørlite skot av dvergmarinøkkel frå 10. mai 2009, ca. 1 cm høgt.

Dvergmarinøkkelen må reknast som kritisk truga også i Sveio fordi sauene er borte og fordi det er bygd eit hyttefelt berre 100 m frå lokaliteten. Det er grunn til å tru at færre beitedyr i utmarka og generelt endra bruk av gamle kulturlandskap, har ført til at dvergmarinøkkelen må reknast som ei av dei sjeldnaste og mest truga karplantene i Noreg i dag. Den har totalt vore funnen 11 stader i landet, og av dei er ni påvist etter 2000 (Bekken 2009). Førekomsten i Sveio er den eine av to kjende på Vestlandet i dag (to lokalitetar på Jæren er oppdyrka, men i 2003 blei den funnen på Sola). Sjølv om habitatet tilsynelatande er intakt på lokaliteten i Sveio, og det er store svingingar frå år til år, er det registrert langt færre planter dei siste åra i forhold til 1980. Førekomsten bør undersøkast regelmessig, og det bør lagast skjøtselsplan. Utkast til handlingsplan er nyleg sendt på høyring (Bekken 2009).

### **Sterkt truga artar (EN)**

Fem artar i Sveio er registrert i kategorien sterkt truga. Status for fleire av dei er usikker og kan hende er dei alt borte frå Sveio. Negativ påverknad fører til reduksjon og utdøying av dei relativt små populasjonane til desse artane, både lokalt og i landsmålestokk.

### **Pusleblom *Anagallis minima* (EN)**

Pusleblom er ei ørlita plante som helst veks på strender eller strandnære miljø, særleg i bergsprekker og der det er litt naken, finkorna jord. Planta er utsett for å bli skugga ut der stranda gror att med gras



**Figur 24.**

Pusleblom (*Anagallis minima*) er eittårig og treng open jord for at frøa skal spire. Det er store svingingar i populasjonane frå år til år etter som frøproduksjonen og spireforhalda varierer. Arten er sterkt truga fordi den lett blir utkonkurrert av tettare vegetasjon.

og annan vegetasjon. Det er grunn til å tru at arten har blitt sjeldnare der strendene ikkje lenger blir beita. Trakk og beiting er gunstig for at frøa til denne eittårige planta skal spire. Planta vil likevel ha god sjanse til å overleve i sprekker på svaberg, der attgroing ikkje er noko trugsmål. Pusleblom vart funnen på to lokalitetar i Sveio i 2005. Det vart funne flest planter på Storanes nord ved Eltravåg (lok. 40), der pusleblomen veks på strandeng og strandberg som ligg eksponert mot havet og like over flomålet der det er bølgjeerosjon. Arten veks òg i kjerrevegen ved Nesheim (nær dvergmarinøkkelen), der attgroing er eit større trugsmål.

Pusleblom er òg kjent frå Førdespollen og Rødspollen (Torkel Lillefosse 1921) og Grunnevågen ved Fjon (Jens Holmboe 1922), men desse gamle lokalitetane er ikkje sjekka, og det er usikkert om dei er intakte.

#### **Flikmelde *Atriplex prostrata* ssp. *calotheca* (EN)**

Flikmelde er ein underart av tangmelde som skil seg frå denne ved å ha tanna bladkant. Planta vart funnen av Chr. Sommerfelt på ballast ved Mølstrevåg i 1865, men det er lite truleg at den framleis veks der.

#### **Bustsivaks *Isolepis setacea* (EN)**

Denne sjeldne arten har ei sørvestleg utbreiing i Noreg, og finst i kyststroka av Hordaland og Rogaland. Den er mest kjent frå Stord, men er i nyare tid også funnen i Bømlo (2002). Bustsivaks veks på finkorna sandbotn i vasskantar, der den er tilpassa store svingingar i vasstanden. Slike habitat har gjerne lite vegetasjon, og nettopp dette er avgjerande for at bustsivaks overlever der.

Arten har gått tilbake og er truga, truleg pga. attgroing og generelt tettare vegetasjon ved ferskvatna. Fordi planta er ørlita, vil den vere truga av attgroing og konkurranse frå annan vegetasjon som grensar til vatnet. Planta er eittårig og avhengig av gode spireforhold. Moderat trakk og beiting er gunstig for frøspiringa.



**Figur 25.**

Bustsivaks (*Isolepis setacea*) er ikkje funnen i Sveio etter 1964, men det er habitat for arten på fuktig sandbotn i Vigdarvatnet og i andre vatn i kommunen (biletet er frå Stord).

I Sveio er bustsivaks funnen ved Vandeskog, Mølstrevåg (Olav Vandeskog 1964), men pga. lite data om lokaliteten har det ikkje vore muleg å finne tilbake til funnstaden. Den er ikkje attfunnen og status er derfor usikker i dag. Klima og habitat skulle tilseie at bustsivaks burde kunne vekse i Vigdarvatnet eller andre vatn med eigna sandbotn.

#### **Lodnefølblom *Leontodon hispidus* (EN)**

Lodnefølblom er sørvestleg og har ei svært lita utbreiing i Noreg, avgrensa til Sunnhordland og Karmøy (Fægri 1960, Lundberg 1998). Arten er knytt til det tradisjonelle kulturlandskapet og har fleire gamle lokalitetar i Sveio, slik som Kvalvåg, Håvardsholm, Brattestø, Valestrand, Tjernagel. Alle funna er gamle og gjort av Torkel Lillefosse i 1921 og Jens Holmboe i 1922. Status for lodnefølblom i Sveio i dag er difor usikker, truleg er den utgått.

#### **Fjørehøymol *Rumex maritimus* (EN)**

Fjørehøymol vart funnen av Chr. Sommerfelt på ballast ved Mølstrevåg i 1865. Det er lite truleg at den framleis veks der.



### **Sårbare artar (VU)**

Ein sårbar art har relativt små populasjonar, og negativ påverknad av habitatet kan føre til reduksjon og utdøying lokalt. Desse artane er meir utbreidde enn dei sterkt truga artane, med større og meir livskraftige populasjonar.

### **Solblom *Arnica montana* (VU)**

Solblom veks i gamle, tradisjonelle kulturlandskap, særleg i naturtypene slåttemark og naturbeitemark. Planta er ekstremt følsam for attgroing og sluttar raskt å bløme når vegetasjonen blir for tettvaksen. Også overgang til moderne drift og bruk av kunstgjødsel fører raskt til at solblom blir borte. Fordi gjødsling og attgroing er så utbreidd i dagens kulturlandskap, har solblom hatt ein kraftig tilbakegang i heile fylket, og den er no borte frå mange kommunar.



**Figur 26.** Solblom (*Arnica montana*) veks i nokre få kulturlandskap i Sveio, men talet på individ er ofte lågt. Dei fleste plantene er sterile bladrosettar, og bløming er sjeldan. Bladrosettane som sit heilt nede ved bakken, er godt tilpassa beite og tråkk, men er svært sårbar for konkurranse når lyng og gras blir høg og tettvaksen. Derfor er det heilt avgjerande at vegetasjonen blir beita.

I Sveio er solblom funnen i to område: Ved Rongvasshaugane nord for Vikse og ved Lauvås. Totalt er den registrert på fire lokalitetar (lok. 23, 24, 33 og 34). Både ved Rongvasshaugane og ved Lauvås er det tradisjonell drift med beiting, og situasjonen for solblom synest ganske god. Men utviklinga i desse kulturlandskapa kan raskt endre seg, og det er grunn til å ha lokalitetane under oppsikt. Det vart registrert mest sterile bladrosettar og berre nokre få fertile planter. Dette kan vere eit teikn på negativ utvikling. Det er Sveio og Bømlo som har hovudutbreiinga av solblom i Hordaland i dag.

### **Kvitkurle *Pseudorchis albida* (VU)**

Orkidéen kvitkurle veks i utmarksområde som har vore beita og slått, ikkje ulikt habitata til solblom og lodnefølblom. Den er kjent frå Kvalvåg, Røykenes, Trovåg og Vandaskog, men funna er gamle - frå 1922 eller tidlegare. Siste kjende funn er frå Vandaskog i 1967. På same måte som solblom har bestanden av kvitkurle i låglandet gått sterkt tilbake. Mest truleg er den utgått frå Sveio.

### **Nær truga artar (NT)**

Ein art er nær truga (NT) når den ikkje tilfredsstillar krava til å vere sårbar (VU) eller truga (CR eller EN). Artane er eller har vore vanlege i deler av landet, men observasjonar over tid har påvist ei negativ utvikling for fleire av dei. Difor kan dei endre kategori til VU eller EN i neste raudliste dersom det blir påvist

ytterlegare nedgong i populasjonane. For enkelte av artane er det ikkje påvist negativ utvikling (t.d. kvit skogfrue), men arten blir likevel rekna som nær truga fordi utbreiinga er lita, og det er grunn til å følgje med utviklinga i framtida.

#### **Vanleg marinøkkel *Botrychium lunaria* (NT)**

I Sveio vart vanleg marinøkkel funnen på to lokalitetar i 2005: Ved det gamle fortet vest for Nesheim (lok. 41) og på Åseåsen (lok. 32). Begge desse områda er blant dei mest artsrike kulturlandskapa i kommunen, og det er typisk at karakterarten vanleg marinøkkel vart funnen nettopp der. Mange stader, både i Hordaland og elles i landet, har marinøkkelen forsvunne frå kulturlandskapet. Arten er litt austleg, og vanlegare i seterområde og i høgfjellet lenger aust og nordover i landet. Marinøkkel er sjeldnare i kyststrok på Vestlandet, men den er også funnen i Bømlo.



**Figur 27.** T.v.: Vanleg marinøkkel (*Botrychium lunaria*) veks på to lokalitetar i Sveio. Ved Nesheim er det mange individ ved den store kanonstillinga, ganske sikkert fordi betongen tilfører jorda kalk.

**Figur 28.** T.h.: Kvit skogfrue (*Cephalanthera longifolia*) tåler ikkje mye beite og tråkk, og planten har truleg etablert seg i skogen ved Eikeland etter at beitedyra blei borte for nokre tiår tilbake. Arten er i spreiring i Hordaland, men den er framleis sjeldan nok til å stå på raudlista som nær trua. (Foto: Jan Rabben).

#### **Kvit skogfrue *Cephalanthera longifolia* (NT)**

Kvit skogfrue vart funnen for første gong i Sveio i rik edellausskog ved Eikeland i 2005. Den veks i lindeskog i ei bratt, austvendt skråning nær sjøen. Skogen ligg lunt til ved fjorden, med lang vekstsesong og relativt høge temperaturar. Populasjonen til kvit skogfrue talde 14 individ i 2005, og det var registrert omlag like mange i 2009. Fleire av plantene er store og livskraftige, men arealet er lite og førekomsten er derfor sårbar. Kvit skogfrue krev eit klima med både milde vintrar og relativt varme somrar, og den veks difor i bratte lier med gunstig lokalklima, oftast eksponert mot sør og aust. Lokalitetane i Hordaland ligg spreidd frå midtre Hardanger og ut til Tysnes, Stord og Sveio, men den blir sjeldnare mot vest. Eikeland representerer ny vestgrense for arten, og ligg så vidt lengre vest enn lokaliteten ved Digernes på Stord. Arten manglar lengre vest, truleg pga. for låge sommartemperaturar og mangel på eigna habitat.



### **Buntsivaks *Eleocharis multicaulis* (NT)**

Buntsivaks veks i lyngheiomsråda i kyststrok frå Telemark til Sogn og Fjordane. Den er knytt til vasskanter og grunne tjørn. Arten har hatt tilbakegang i Noreg som følgje av grøfing og attgroing av tjørn. I 2005 vart den funnen i Rongavatnet (lok. 22) og i to bukter av Vigdarvatnet (lok. 16 og 17). Buntsivaks er også kjent frå Liervatnet (funnen av Jon Gjerstad i 1939). Tilstanden til buntsivaks er tilfredsstillande i Sveio, og det finst mange våtmarker med eigna habitat. Utbreiinga i kommunen er truleg større enn dei fire kjende lokalitetane.

### **Purpurlyng *Erica cinerea* (NT)**

Purpurlyng har hovudutbreiing i kystlynghei på ytre Vestlandet. Arten krev milde vintrar og relativt god solvarme, og er difor vanleg og stadvis dominerande i sørvendte parti framfor lune bergveggar. Purpurlyng inngår i lyngheiomsråda på vestkysten, men òg i furuskogsområda nord og aust i kommunen. Den er registrert i brannfeltet på Hopsfjellet, og er truleg blitt favorisert av brannen i 1992 (Moe 2008). Purpurlyng er i dag ein vanleg art i Sveio, men etter kvart som landskapet får meir skogdekning og det blir meir grovvaksen lyng og krattvegetasjon, vil den lyskrevjande purpurlyngen venteleg få redusert utbreiing.



**Figur 29.**

Purpurlyng (*Erica cinerea*) er vanleg i Sveio. I Noreg er Sunnhordland hovudområdet for denne oseaniske planta.

### **Bakkesøte *Gentianella campestris* (NT)**

I Sveio er bakkesøte i dag kjent frå kulturlandskapet ved Nesheim, der den veks i engvegetasjon og kantsona langs den gamle kjerrevegen saman med andre kalkkrevjande artar som vill-lin og jåblom. Tidlegare er arten funnen i ei rekkje kulturlandskap i kommunen: Mækjeland, Kvalvåg, Håvardsholm, Tjernagel, Brattestø og Haukås. Innsamlingane er gjort av Torkel Lillefosse (i 1921) og Jens Holmboe (i 1922).



**Figur 30.**

Bakkesøte blir rekna som nær truga fordi den har blitt stadig sjeldnare i kulturlandskapa, både i Sveio og elles i Hordaland.

Bakkesøte er utan tvil sjeldnare i Sveio i dag enn før. Tilbakegangen heng saman med intensivert jordbruk med opphøyr av slått av kantsoner og utmark. Mange stader, både i Hordaland og elles i landet, har lokalitetar for bakkesøte difor blitt borte frå kulturlandskapet. Arten er austleg, og vanlegare i seterområde og i høgfjellet lenger aust og nordover i landet. Den er sjeldnare i kyststrok på Vestlandet, men er også funnen i Bømlo i nyare tid.

#### **Fuglereir *Neottia nidus-avis* (NT)**

Fuglereir vart funnen av Jan Rabben i edellauvskogen ved Eikeland i mai 2009. Han fann berre eit individ, og førekomsten er derfor svært sårbar. Men fordi fuglereir er ein saprofyttisk orkidé med eit langliva rotsystem, kan arten leve utan å vere synleg over jorda i fleire år, og difor er det vanskeleg å vite kor mykje fuglereir det faktisk er i denne skogen. Arten krev både milde vintrar og relativt varme somrar, og den veks difor i bratte lier med gunstig lokalklima. Lokalitetane i Hordaland ligg spreidd frå midtre Hardanger og ut til Sveio. Eikeland representerer ny vestgrense for arten, og den manglar lengre vest truleg pga. for låge sommartemperaturar og mangel på eigna habitat.

Fuglereir er også kjend frå Røykenes, der den har vore samla i 1903 og i 1981.



**Figur 31.** T.v.: Fuglereir (*Neottia nidus-avis*) veks i edellauvskogen ved Eikeland. Det vart berre funne eit individ, og arten er derfor svært sårbar. (Foto: Jan Rabben).

**Figur 32.** Brunskjene (*Schoenus ferrugineus*) er berre funnen på ein lokalitet, og er derfor sårbar i Sveio. I Noreg blir arten rekna som nær truga fordi den veks i rikmyr i låglandet som generelt er utsett for grøfting, dyrking og nedbygging.

#### **Brunskjene *Schoenus ferrugineus* (NT)**

Brunskjene er ein god indikator på ekstremrik myr, og arten finst i enkelte kalkområde i kyst- og fjordstrok nord til Nordland. Eit av hovudområda er på Sørvestlandet frå Jæren til Sunnhordland, med eit tyngdepunkt i Bømlo. Brunskjene vart funnen for første gong i Sveio i 2005 ved nedre del av bekken frå nordenden av Kovatjørna til Vandaskogdalen. Planta veks med mange store tuer innan eit areal på ca. 10 x 10 m. På denne rikmyra veks det fleire karakterartar som jåblom, engstorr, loppestorr og særbu-

storr. Denne rikmyra ligg i fattig lynghei og førekomsten må skuldast lokalt innslag av baserik berggrunn, truleg gabbro. Ekstremrik myr i låglandet har generelt vore utsett for grøfting og drenering til jord- og skogbruksmark, men det er uvisst om førekomststar av brunskjene har gått tapt av slike grunnar i Sveio.

#### **Alm *Ulmus glabra* (NT)**

Alm er eit ganske vanleg treslag i dei fleste områda med edellauvskog i Hordaland, men er sjeldnare ute ved kysten enn i midtre og indre strøk. I Sveio er alm berre registrert på ein lokalitet - i edellauvskogen ved Eikeland. Truleg finst det meir alm enn dette i Sveio, men det er, uansett, eit sjeldant treslag i kommunen. Alm er raudlista pga. "almesjuka", ein sjukdom som skuldast ein sopp som har spreidd seg raskt i heile Europa og er under spreiding i Noreg. I fleire land er alm nær utrydda. I Noreg har spreinga (på Austlandet) vore langsam samanlikna med Danmark og Sverige, og almesjuka er så langt ikkje påvist på Vestlandet. Det er likevel forventa at sjukdomen vil dukke opp, og at dette kan føre til ein farleg situasjon for alm i framtida. Inntil almesjuka skulle vise seg, er det ikkje grunnlag for at arten skal gå tilbake, men lokalt kan beiting frå hjort gjere skade.

#### **Kryptogamar**

Også for såkalla kryptogamar (mosar, sopp og lav) er det registrert relativt mange raudlisteartar i Sveio. Informasjon om desse gruppene er henta frå nasjonale databasar i tillegg til feltobservasjonar. Spesielt for soppene er det blitt gjort ein del registreringsarbeid dei siste åra.

#### **Mosar**

Opplysningar om dei raudlista mosane er henta frå Norsk mosedatabase. Det er generelt dårlegare datagrunnlag for mosane enn for sopp og lav. I Sveio er det berre registrert ein raudlista moseart.

#### **Almehårstjerne *Syntrichia laevipila* (VU)**

Funnen av Per Strømmer i 1967 på stammen av ein bergalm *Ulmus montana*, ca. 2 m over bakkenivå ved Einstapevoll, nordaust for Valevåg.

#### **Sopp**

Av sopp er det registrert 16 raudlisteartar. Fleirtalet av desse funna er gjort i nyare tid, dei eldste er frå 1967. Dei fleste artane (12) er vurderte som nær truga - NT, medan fire artar er vurdert som sårbare - VU. Mange av dei raudlista soppene er knytt til tradisjonelle kulturlandskap, særleg naturbeitemark med lang kontinuitet. Mange funn av raudlista beitemarksopp indikerer at kulturlandskapet i Sveio inneheld fleire verdifulle område med naturbeitemark. Nokre av dei raudlista soppene i Sveio er nærmare omtala i eit eige avsnitt om sopp i kulturlandskapet.

#### **Lav**

Det er registrert seks raudlista lavartar i Sveio, fordelt på kategoriane sårbar (VU) og nær truga (NT).

#### **Kystkorallav *Bunodophoron melanocarpum* (NT)**

Arten veks på bergveggar, helst i skog og alltid der det er nordleg eksponering. Den vart samla frå nordsida av fjellet Dreng (Drånge) ved Håvardsholm av S. Ahlner i 1947, men er ikkje funnen i nyare tid, og status er derfor usikker.

#### **Eikelav *Flavoparmelia caperata* (NT)**

Funnen på seljestamme mellom Mølstrevåg og Ryvarden fyr (L. Ryvarden 1972).

#### **Hodeskoddelav *Menegazzia terebrata* (VU)**

Veks på bark og bergveggar. Den er samla frå ein bergvegg ved Håvardsholm av S. Ahlner i 1947. Ikkje funnen i nyare tid, og status er derfor usikker i dag.



### **Kystblåfjelllav *Degelia atlantica* (VU)**

Oseanisk art som veks på bark og bergveggar. I Noreg ligg dei fleste lokalitetane i området Sunnhordland - Os. I Sveio er kystblåfjelllav funnen på lindestammar i to av dei kartlagte edellauvskogane, Lindeberg (lok. 28) og Eikeland (lok. 49). Frå tidlegare er den kjent frå Brokaneset (G. Ørevik 1980).



**Figur 33.**  
Kystblåfjelllav (*Degelia atlantica*) veks på lindestamme i den rike edellauvskogen ved Eikeland.

### **Liten praktkrinslav *Parmotrema chinense* (VU)**

Samla frå ein granhekk (*Picea excelsa*) ved Førde (T. Kavlie 1991).

### **Ringstry *Usnea flammea* (VU)**

Samla i gammal furuskog mellom Våge og Førde (D. O. Øvstedal 1985).

### **SOPP I KULTURLANDSKAPET** (avsnittet byggjer på Moe & Fadnes 2008).

Mange tenkjer på skog som beste veksestad for sopp, og det er riktig at ein finn dei fleste soppartane i skogen. Men ein stor del, mellom 20-25%, av alle kjente soppartar er knytt til kulturlandskapet. I oversikta over raudlista sopp i Sveio går det klart fram at dei fleste funna er av artar som er knytt til ugjødsla beitemark, såkalla beitemarksopp. Sjølv om skogsområda er mindre undersøkt, er det truleg kulturlandskapet i Sveio som har dei mest særprega habitata og flest sjeldne soppartar.

At så mange av soppene knytt til kulturlandskapet er raudlista, er ein indikasjon på at kulturlandskapet er i endring, og at naturbeitemark blir ein stadig sjeldnare naturtype. Dei fleste raudlista soppene i naturbeitemark har vist ein tilbakegang på mellom 15-30% dei siste 20 åra.



**Figur 34.**  
Naturbeitemarka på Åseåsen er rik på soppar.



**Figur 35.** Jordtungar er karakterartar for tradisjonell beitemark, og dei er registrert i fleire kulturlandskapsområde i Sveio.

Mange av beitemarksoppene er sjeldne i heile Europa, og enkelte er berre kjent frå Nordvest-Europa. Årsaka til tilbakegangen er at driftsformene i jordbruket har endra seg dei siste tiåra. Beitetrykket er redusert eller opphøyr, og gamle beitemarker blir gjødsla eller jorda blir tilverka på annan måte. Trass i dette har Skandinavia, generelt sett, relativt mange førekomstar av sjeldne beitemarksopp. Det ser ut til at mange artar finst i regionar med mykje utmarksbeite, og ein av regionane er vestkysten av Skandinavia og Storbritannia.

Naturbeitemark er ein naturtype som er karakterisert ved eit trelaust/trefattig landskap, rikt på gras og urter og rikelig med mose i botnsjiktet. Vegetasjonen blir beita, og det blir ikkje brukt noko form for gjødsel ut over den dyra sjølv legg att. Artsrike beitemarker har lang kontinuitet, dvs. at dei har vore brukt på same måte i god hevd gjennom mange generasjonar.

Forholda i jordsmonnet ser ut til å ha stor innverknad på trivselen til beitemarksopp. Mange artar har stor toleranse når det gjelder pH, sjølv om det hos oss ser ut til at kalkrike område har dei rikaste førekomstane. Ein teori går på at beitemarksopp er tilpassa lågt fosforinnhald i jorda, og at dette er ei av årsakene til at gjødsling har negativ verknad på sopp (Nitare, 1988). I baserik jord blir fosfor sterkt bunde og kan på den måten gjerast utilgjengeleg og gi eit gunstig miljø for sopp. Når sopp trivst på baserik jord, kan det derfor heller vere ein måte å tilpasse seg fosformangel på enn eit krav om kalk. Gamle, sure beitemarker har òg lågt fosforinnhald, noko som kan forklare at tilsynelatande kalkkrevjande beitemarksopp òg dukkar opp på sure beitemarker.

Beiting er ein klar føresetnad for at beitemarksopp skal trivast, og opphøyr av beite vil ganske fort redusere mangfaldet. Soppmycelet kan truleg overleve mange år i jorda etter at beitet er opphøyr. Om ein difor tar til med beiting igjen, kan dette få sopp til å fruktifisere på nytt. Gjødsling derimot, er eit mykje meir øydeleggjande og irreversibelt inngrep. Mosedekket, som er ein viktig fuktregulerande faktor for sopp, vil endre karakter og etter kvart forsvinne. Dei aller fleste beitemarksopp sluttar å fruktifisere alt året etter at ein har starta å gjødsle med kunstgjødsel (Arnolds 1989). Og sjølv om ein sluttar å gjødsle etter ei tid, er det lite sannsynleg at sopp kjem tilbake (Vesterholdt m.fl. 1990).

Beitemarksopp har stor verdi som indikator for gamle og verdifulle kulturlandskap. Mangfaldet av beitemarksopp og førekomsten av sjeldne og raudlista artar gir ein god indikasjon på alder og kontinuitet i kulturlandskapet. Berre beitemarker som har vore haldne i hevd gjennom generasjonar, utan jordtilverking og kunstig gjødsling, vil kunne oppvise eit stort mangfald av beitemarksopp. På denne måten vil sopp kunne vere ein betre indikator på verdifulle kulturlandskap enn karplanter. Karplanter vil normalt ha størst mangfald på kalkrike lokalitetar, mens sopp kan vise stor artsrikdom også på gamle og sure beitemarker.

Undersøkingar frå Nederland viser at endring i soppfloraen skjedde raskare enn endringar i karplante-floraen etter at ein hadde starta med gjødsling. Dette er igjen ein indikasjon på at sopp er ein god indikator på endringar i jordbotntilhøva i beitemarker (Arnolds 1989). Av mange sjeldne beitemarksopp i Hordaland er det gjort klart flest funn i Sunnhordland (Norsk soppdatabase). Dette kan sjølv sagt skul-



dast at det her er gjort grundige undersøkingar, men også samanlikna med kommunar der det er føretatt egne undersøkingar av beitemarksopp, for eksempel Austrheim i Nordhordland, er talet på funn langt større i Sunnhordland (jfr. Moe 2003, Moe & Fadnes 2008).

Fleire av dei artane som er funne i Sveio er sjeldne i landsmålestokk. Kommunar i Sunnhordland har difor eit spesielt ansvar for å ta vare på dei områda som har dette store mangfaldet. Den viktigaste måten å oppretthalde mangfaldet på, er at driftsformene på dei aktuelle lokalitetane held fram slik dei har vore praktisert i generasjonar, med beitetrykk og utan gjødsling og jordtilverking.

I det følgjande blir det gitt ein omtale av raudlista beitemarksopp med funn frå Sveio.

#### **Gulbrun narrevokssopp *Camarophylloopsis schulzeri* (NT)**

Denne soppen veks i naturbeitemark og andre grasmarker, men er òg funnen i edellauvskog. Mange funn i Noreg er frå område med kalk eller anna baserik jord. Arten blir omtala som den vanlegaste av narrevokssoppene, men det er berre gjort fem funn i Hordaland, deriblant to i Sveio: Ved Apeland og ved Nordre Våge (2007).



**Figur 36.** T.v.: Gulbrun narrevokssopp (*Camarophylloopsis schulzeri*) i moserik grasmark. (Foto: Per Fadnes)

**Figur 37.** Fiolett greinkøllesopp (*Clavaria zollingeri*) vart funnen ny for Sveio i den rike naturbeitemarka på Lauvåshaugen i 2007.

#### **Fiolett greinkøllesopp *Clavaria zollingeri* (NT)**

Det einaste funnet i Sveio er frå naturbeitemarka på Lauvåshaugen i 2007. Arten er lett å kjenne på den store, greinrike fruktlekamen og vakker fiolett farge. Fiolett greinkøllesopp er totalt kjent frå ni lokalitetar i Hordaland.

#### ***Conferticium ravum* (manglar norsk namn) (VU)**

Arten veks i lauvskog og blandingskog, der den er nedbrytar (saprofytt). Den er helst knytt til osp, men i Sveio er den funnen på eik. Funnet frå Mølstrevåg i 1972 er det einaste funnet i Hordaland. Arten er rekna som sårbar og sjeldan.

#### **Mjølraudskivesopp *Entoloma prunuloides* (NT)**

Dette er ein stor og karakteristisk raudskivesopp. Den er sterkt knytt til kalkrik naturbeitemark og anna grasmark, og er ofte ein karakterart for artsrike beitemarker. Arten er relativt sjeldan, og alle funn i Hordaland med unntak av eitt, er frå Sunnhordland. Den einaste lokaliteten i Sveio er naturbeitemarka ved Nesheim.

#### ***Entoloma velenovskyi* (manglar norsk namn) (NT)**

Det er berre gjort to funn av arten i Hordaland: Eitt i Bømlø og eitt ved Nesheim i Sveio. Arten har gått tilbake som følge av omlegging av driftsformer i jordbruket.



**Figur 38.** T.v.: Gulfovokssopp (*Hygrocybe flavipes*) vart funnen på Åseåsen og Lauvåshaugen i 2007. (Foto: Per Fadnes)

**Figur 39.** Musserongvokssopp (*Hygrocybe formicata*) funnen på Nesheim i 2005, den einaste lokaliteten i Sveio.



**Figur 40.** T.v.: Sauevokssopp (*Hygrocybe ovina*) i naturbeitemark på Lauvåshaugen i 2007.

**Figur 41.** Russelærvokssopp (*Hygrocybe russocoriacea*) i naturbeitemark på Åseåsen i 2007.

### **Gulfovokssopp *Hygrocybe flavipes* (NT)**

Denne soppen er vanleg i Europa. Arten liknar skifervokssopp, men skil seg lett frå denne på den gule fargen på basis av stilken. Han veks i naturbeitemark, ofte saman med mange andre artar. Det er gjort relativt mange funn i Hordaland (26 totalt), dei fleste i Sunnhordland. Kjent frå to lokalitetar i Sveio: Åseåsen og Lauvåshaugen.

### **Musserongvokssopp *Hygrocybe formicata* (NT)**

Arten veks i tradisjonell naturbeitemark, oftast på baserik grunn. Det einaste funnet i Sveio er ved Nesheim. Den er elles i Hordaland berre kjent frå Bømlo og Kvinnherad.

### **Sauevokssopp *Hygrocybe ovina* (VU)**

Sauevokssopp veks i mager og ofte heiprega beitemark og slåtteng. Det er ein svært kravstor og sjeldan beitemarksopp som i dei fleste land vert rekna som ein av dei beste indikatorane på verdifulle kulturlandskap. Den veks ofte på lokalitetar med høgt innslag av andre raudlisteartar, såkalla "hot spots". Det er gjort 14 funn av sauevokssopp i Hordaland. I Sveio er den registrert på Åseåsen og Lauvåshaugen.

### **Svartdogga vokssopp *Hygrocybe phaeococcinea* (NT)**

Arten veks i naturbeitemark. Den er sjeldan og berre kjent frå fem lokalitetar i Hordaland. Av desse finst to i Sveio: Ved Nesheim (2005) og Apeland (2007).





**Figur 42.** T.v.: Raud honningvokssopp (*Hygrocybe splendidissima*) på Åseåsen i 2007.

**Figur 43.** Grå narremusserong (*Porpoloma metapodium*) vart funnen ny for Sveio på Lauvåshaugen i 2007.



**Figur 44.** T.v.: Vrangjordtunge (*Thuemenidium atropurpureum*) i moserik grasmark. (Foto: Per Fadnes).

**Figur 45.** Vranglodnetunge (*Trichoglossum walteri*) er ein sjeldan og kravfull art. Karakterart for gammal beitemark som er funnen to stader i Sveio. (Foto: Per Fadnes).

#### **Russelærvokssopp *Hygrocybe russocoriacea* (NT)**

Arten kan ved første augnekast forvekslast med den langt vanlegare kritt vokssoppen, men skil seg frå denne med ei karakteristisk lukt av einer. Han ser ut til å trivast best i kalkrike beitemarker. Arten har relativt mange funn i Hordaland (totalt 27), og nesten alle lokalitetane ligg i Sunnhordland. I Sveio er den funnen på Lauvåshaugen, ved Nesheim, Nordre Våge og på Åseåsen (2007).

#### **Raud honningvokssopp *Hygrocybe splendidissima* (NT)**

Karakterart for gamle, heiprega kystbeitemarker med gras og lyng og stort innslag av mose. Arten har sitt viktigaste leveområde på vestkysten av Noreg, Sverige, Danmark og dei britiske øyane, og er mest sannsynleg suboseanisk og knytt til kyst- og fjordstrøk på Vestlandet. Han veks ofte på lokalitetar med stort innslag av andre raudlista beitemarksopp ("hot spots"). Soppen er funne på 41 lokalitetar i Hordaland, dei fleste i Sunnhordland. Den einaste lokaliteten i Sveio er naturbeitemarka på Åseåsen (2007).

**Mørkskjela vokssopp *Hygrocybe turunda* (NT)**

Arten veks i naturbeitemark med tyngdepunkt i seterområda i innlandet. Den er svært sjeldan i Hordaland og berre kjent frå Eidfjord, Sund og Sveio. Lokaliteten i Sveio er den artsrike beitemarka på Lauvåshaugen (2007).

**Grå narremusserong *Porpoloma metapodium* (VU)**

Arten veks i naturbeitemark. Den blir rekna som truga og sjeldan med berre 51 kjente lokalitetar i Noreg. I Hordaland er den kjent frå 5 lokalitetar. Den einaste i Sveio er beitemarka på Lauvåshaugen (2007).

**Vrangjordtunge *Thuemenidium atropurpureum* (NT)**

Dette er ein representant for ein eigen del av soppriket, nemlig sekksporesoppene (Ascomycetes). Arten høyrer til jordtungene (*Geoglossaceae*) som inneheld ei rekkje artar fordelt på fleire slekter. Dei kan vere vanskelege å bestemme til art, og ein må som oftast mikroskopere. Vrangjordtunge er ein relativt kravfull beitemarksopp, og ein karakterart for kalkrike og svært gamle beitemarker. Han veks ofte på "hot spots", dvs. lokalitetar med mange raudlista beitemarksopp. Vrangjordtunge er ein av 33 artar som er foreslått til Bernkonvensjonen (Dahlberg og Croneborg 2003). Tre av desse artane er funne i Sunnhordland, og av desse er vrangjordtunge den som er sjeldnast i Europa. Alle dei 37 funna av vrangjordtunge i Hordaland er frå Sunnhordland, dei fleste i Bømlo. I Sveio er den berre funnen ved Nesheim (2005 og 2007).

**Vranglodnetunge *Trichoglossum walteri* (VU)**

Sjeldan og kravfull jordtunge som høyrer til ei slekt som er tett dekkja av små hår, og enkle å bestemme mikroskopisk. Arten veks på gammal naturbeitemark, ofte på "hot spots" dvs. lokalitetar som normalt har mange raudlista beitemarksopp. Alle dei ti funna i Hordaland er frå Sunnhordland. Det er gjort to funn i Sveio: Ved Vikse (2006) og Apeland (2007).

**Stort stubbehorn *Xylaria polymorpha* (NT)**

Arten er knytt til stubbar og gammal ved i edellauvskog, altså ingen beitemarkssopp. Den er kjent frå fem lokalitetar i Hordaland, derav ein i Sveio: Ved Mølstrevåg (1967). Truga av hogst og reduksjon i areal med gammal edellauvskog.



## 9. STATUS OG OPPFØLGJANDE KARTLEGGING

I denne kartlegginga har det ikkje vore mogleg å rekke over heile arealet i Sveio. Ein har difor, naturleg nok, konsentrert seg om å dekke område der det har vore størst sjanse for å finne dei aktuelle naturtypane, først og fremst dei biologisk rike områda. Lokalitetar med sjeldne (raudlista) artar som har vore kjende i Sveio frå tidlegare, har så langt som mogleg blitt sjekka opp for å klargjere dagens status for desse artane.

Karplantefloraen er rimelig godt kjent innan områda som er kartlagde. Det er ikkje gjort registreringar i høgareliggande område, og der kan det finnast artar som ikkje er med i floratabellen (s. 75).

Kryptogamane er ikkje godt nok kartlagt, så potensialet for å finne nye artar av mosar, sopp og lav er relativt stort. Særleg mosefloraen er dårleg undersøkt, medan lavfloraen er betre kjend. Målt i talet på innsamlingar i databasane er det samla langt meir lav en mosar i Sveio.

For soppene er det dokumentert ganske mange raudlista artar, men det er forventa at fleire undersøkingar vil gi nye funn, særleg i naturbeitemark.



**Figur 46.** Hopsfjellet er det einaste verna skogbrannområdet i Noreg.



## 8. NATURVERNOMRÅDE I SVEIO

Under naturtypekartlegginga er det ikkje gjort registreringar i naturreservat (NR) sidan desse områda er sikra gjennom naturvernlova. Men fordi verneområda kan omfatte vegetasjonstypar med sjeldne artar, blir det gitt ei kortfatta oversikt over dei enkelte områda. Dei fleste reservata er verna for å ta vare på det varierte fuglelivet i dei rike våtmarksområda. Lokalisering av verneområda er vist på kart 1.

### 1. Lokna NR

Våtmarksreservat. Føremålet med vernet er å ta vare på eit produktivt trekk- og hekkeområde for ender og vadefuglar, samt trekk- og vinterfunksjon for songsvaner. Det ligg to tjørn innanfor reservatet; Sandvatnet og Loknatjørna, og i tillegg er det ein del myr og lynghei.

### 2. Skiftestad NR

Våtmarksreservat. Består av tre små tjørn og myrområde. Føremålet med vernet er å ta vare på eit nokså upåverka område med hekkefunksjon for grasender, samt flokkfasefunksjon for brunnakke.

### 3. Færås NR

Våtmarksreservat. To vegetasjonsrike tjørn, myrar og sumpområde i lynghei. Nordre Furevatnet mest næringsrikt og heile vatnet er overgrodd av takrøyr. Søre Furevatnet er mindre næringsrikt. Føremålet med vernet er å ta vare på eit våtmarkskompleks primært med viktig hekkefunksjon for kjerrsongarar. Heile vatnet er overgrodd av takrøyr. Det er ikkje registrert sjeldne planteartar i området.



Færås naturreservat.

### 4. Mannavatnet NR

Våtmarksreservat. Føremålet med vernet er å ta vare på eit vatn med trekk- og hekkefunksjon for dykkender, og som i tillegg er ein klassisk lokalitet for storlom. Grunt vatn omgitt av dyrka mark og lynghei. Nokre skogkledde holmar i vatnet. Oligotroft vatn med lite utvikla kantvegetasjon.

### 5. Bjellandsvatnet NR

Våtmarksreservat. Næringsrik innsjø med godt utvikla takrøyrbelte. Verneføremålet er å verne eit særst produktivt våtmarksområde som har fleire funksjonar, og talet på observerte fugleartar er høgt. På ei lita myr nordvest i vatnet er det registrert myggblom som er ein sjeldan orkidé på Vestlandet.



Bjellandsvatnet naturreservat.

### 6. Viksefjord NR

Våtmarksreservat – havstrand. Føremålet er å frede eit produktivt grunnvassområde langs kysten av særleg verdi for trekkande ender, gjess og vadefugl. Havstrandvegetasjonen er godt utvikla, spesielt dei hydrolittorale pionersamfunna med saltbendel. Denne førekomsten er den største som er registrert i Hordaland. Innanfor finst strandsump med havstorrsamfunn. Elles i Viksefjorden finst velutvikla undervassenger med ålegras.

### 7. Hopsfjellet NR

Skogbrannfelt, i hovudsak i furuskog. Verneføremålet er å ta vare på eit større skogbrannområde slik at den naturlege suksesjonen etter ein skogbrann kan gå utforstyrra. Det er lagt særleg vekt på å studere den naturlege utviklinga og dei økologiske prosessane, både i eit kortare og lengre tidsperspektiv. Skogen brann i 1992 (Figur 46).

## 10. LITTERATUR

- Arnolds, E. 1989 The influence of increased fertilization on the macrofungi of a sheep meadow in Drenthe, the Netherlands. *Opera Botanica* 100; 7-21
- Artsdatabanken 2007. Artskart. <http://artskart.artsdatabanken.no/> Artsdatabanken og GBIF-Norge.
- Bekken, J. 2009. Handlingsplan for dvergmarinøkkel, *Botrychium simplex*. Høringsutkast til DN-rapport.
- Bjørndalen, J. E. & Brandrud, T. E. 1989. Verneverdige kalkfurusogger. Landsplan for verneverdige kalkfurusogger og beslektede skogstyper i Norge. I. Generell del. – DN Rapport 10: 1-148.
- Boertman, D. 1995 Vokshatte. Nordeuropas svampe – bind1. Foreningen til svampekundskapens fremme. Danmark
- Dahlberg, A. & Croneborg, H. 2003. 33 treathened fungi in Europe. Complementary and revised information on candidates for listing in Appendix I of the Bern Convention. A document compiled for EU DG Environment and the Bern Convention.
- Direktoratet for Naturforvaltning 1999. Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av biologisk mangfold. - DN-håndbok 13. 238 s. + 6 vedlegg.
- Direktoratet for naturforvaltning 2000. Veileder for kartproduksjon – tema biologisk mangfold. DN-notat 2000-5. 70 s.
- Direktoratet for Naturforvaltning 2006. Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av biologisk mangfold. - DN-håndbok 13, 2. utgave 2006 (oppdatert 2007). 254 s. + 11 vedlegg.
- Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. - NINA Temahefte 12. 279 s.
- Fremstad, E. & Moen, A. 2001. Truete vegetasjonstyper i Norge. - Norges teknisk-naturvitenskap. Univ. Vit.skapsmus. Rapp. bot. serie 2001-4. 231 s.
- Fremstad, E., Aarrestad, P. A. & Skogen, A. 1991. Kystlynghei på Vestlandet og i Trøndelag. Naturtype og vegetasjon i fare. – NINA Utredning 029: 1-172.
- Frisvoll, A.A. og Blom, H. 1997. truga mosar i Noreg med Svalbard. Førabels faktaark. - Botanisk notat 1997-3, NTNU. 170 s.
- Fægri, K. 1960. Maps of distribution of Norwegian plants. I. The coast plants. Univ. i Bergen. Skrifter 26.
- Fægri, K. & Danielsen, A. 1996. Maps of distribution of Norwegian plants. III. The southeastern element. Fagbokforlaget, Bergen.
- Helland-Hansen, W. 2004. Naturhistorisk vegbok for Hordaland. Bergen museum – Nord 4.
- Holtan-Hartwig J. og Timdal, E. 1990. Dvergmarinøkkel funnet i Hordaland. - *Blyttia* 48 (3) s 132.
- Jordal, J.B. 1997. Sopp i naturbeitemarker I Norge. En kunnskapsstatus over utbredelse, økologi, indikatorverdi og trusler i europeisk perspektiv. DN-rapp. 1997-6.
- Kålås, J.A., Viken, Å. og Bakken, T. (red.) 2006. Norsk Rødliste 2006 – 2006 *Norwegian Red List*. Artsdatabanken, Norway. 416 s.
- Lid, J. & D. T. Lid. 2005. Norsk flora. 7. utgåva v/Reidar Elven (red.). – Det Norske Samlaget. Oslo.
- Lundberg, A. 1992. Havstrand i Hordaland. Regionale trekk og verneverdiar. - DN-rapp. 1992-2.
- Lundberg, A. 1998. Karmøys flora. Biologisk mangfald i eit kystlandskap. – Fagbokforlaget.
- Moe, B. 1995. Vernet edelløvsog i Hordaland; tilstand, fastruteanalyser, floraoversikt og skjøtselsbehov 20 år etter registreringene. – MVA-rapp. nr. 5/95: 1-36.
- Moe, B. 2001. Inventering av verneverdig barskog i Hordaland. - Fylkesmannen i Hord. MVA rapp. 2/2001: 1-68.
- Moe, B. 2003. Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Bømlo. – Bømlo kommune og Fylkesmannen i Hordaland. – MVA-rapport 17: 1-107.
- Moe, B. 2009. Vegetasjonsutviklingen etter skogbrannen i Hopsfjellet Naturreservat, Sveio kommune, i perioden 1992-2008. – Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 1/2009: 68 s.
- Moe, B. & Fadnes, P. 2008. Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Fitjar og Stord. – Fitjar og Stord kommunar, Fylkesmannen i Hordaland, Høgskolen Stord/Haugesund. – MVA-rapport 2: 1-133.
- Moe, B., Heegaard, E. & Ihlen, P. G. 1996. Botaniske registreringer i det planlagte "Trekantsambandet" i Sunnhordland. – Univ. i Bergen. Botanisk inst. Rapp.: 1-21 (upubl.).
- Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge. Vegetasjon. - Statens kartverk, Hønefoss. 199 s.
- Nasjonal soppdatabase. [http://www.nhm.uio.no/botanisk/nxd/sopp/nsd\\_b.htm](http://www.nhm.uio.no/botanisk/nxd/sopp/nsd_b.htm)
- Nitare, J. 1988. Jordtugor, en svampgrupp på tilbakagang i naturlige fodermarker; Svensk botanisk tidsskrift, 82; 341-368
- Noordeloos, M.E. 1992. Entoloma s.1 Fungi Europaei vol 5. Saronno, Italia.
- Noordeloos, M.E. 2004. Entoloma supplement. Fungi Europaei vol 5a, Saronno, Italia
- Nøttveit, Aa. 2006. Kystlynghei i dei ytre kommunane i Sunnhordland: Sveio, Bømlo, Stord, Fitjar og Austevoll.

- Odland, A. & Fremstad, E. 1989. Verneplan IV for vassdrag. Botaniske undersøkelser i Hordaland og Rogaland. – NINA Oppdragsmeldning 19: 1-81.
- Odland, A. 1992. Skjøtsel av våtmarkreservat i Hordaland. – NINA Oppdragsmeldning 172: 1-37.
- Olsen, S. 1986. Jordtunger I Norge. *Agarica* 7(14): s. 120
- Steinsvåg, M.J. & Overvoll, O. 2007. Viltet i Sveio. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane. – Sveio kommune og Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 3/2007: 51 s. + vedlegg.
- Tønsberg, T., Gauslaa, Y., Haugan, R., Holien, H. & Timdal, E. 1996. The threatened macrolichens of Norway - 1995. - *Sommerfeltia* 23: 1-258.
- Vesterholt, J. & Knudsen, H. 1990. Truede storsvampe I Danmark – en rødliste. Foreningen til svampekundskapens fremme, København.
- Vesterholt, J. 2002. Fungi non deleineati. Contribution to the knowledge of species of *Entoloma* subgenus *Leptonis*. *Liberia Mycoflora*, Alassio.

## SENTRALE DOKUMENT I MILJØVERNPOLITIKKEN

Fleire dokument utgjevne av styresmaktene er sentrale i forhold til biologisk mangfold. Gjennom stortingsmeldingane gir styresmaktene uttrykk for korleis ein ønskjer å forme politikken på spesielle område i åra framover. Her uttrykkjer ein gjerne politiske målsetjingar og kva verkemiddel ein vil setje i verk får å nå desse.

- St. meld. nr. 13 (1992-93) om FN konferansen om miljø og utvikling i Rio de Janeiro
- St. prp. 56 (1992-93) Om samtykke til ratifisering av konvensjonen om biologisk mangfold
- St. meld. nr. 31 (1992-93) Den regionale planleggingen og arealpolitikken
- Miljøverndep. sitt rundskriv til kommunane (T-937) "Tenke globalt - handle lokalt"
- St. meld. nr. 58 (1996-97) Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida.
- St. meld. nr. 8 (1999-2000) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand
- St. meld. nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfold. Sektoransvar og samordning
- St. meld. nr. 21 (2004-2005) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand

## AKTUELLE INTERNETTSTADER

Miljøverndepartementet	<a href="http://www.odin.dep.no/md">www.odin.dep.no/md</a>
Direktoratet for naturforvaltning	<a href="http://www.dirnat.no">www.dirnat.no</a>
Fylkesmannen	<a href="http://www.fylkesmannen.no">www.fylkesmannen.no</a>
Miljøstatus i Norge	<a href="http://www.miljostatus.no">www.miljostatus.no</a>
Naturbase	<a href="http://www.naturbase.no">www.naturbase.no</a>
Artsdatabanken	<a href="http://www.artsdatabanken.no">www.artsdatabanken.no</a>
Norsk Karplantedatabase	<a href="http://www.nhm.uio.no/botanisk/nxd/kar/nkd_b.htm">www.nhm.uio.no/botanisk/nxd/kar/nkd_b.htm</a>
Norsk Lavdatabase	<a href="http://www.nhm.uio.no/botanisk/nxd/lav/nld_b.htm">www.nhm.uio.no/botanisk/nxd/lav/nld_b.htm</a>
Norsk Mosedatabase	<a href="http://www.nhm.uio.no/botanisk/nxd/mose/nmd_b.htm">www.nhm.uio.no/botanisk/nxd/mose/nmd_b.htm</a>
Norsk Soppdatabase	<a href="http://www.nhm.uio.no/botanisk/nxd/sopp/nsd_b.htm">www.nhm.uio.no/botanisk/nxd/sopp/nsd_b.htm</a>
Norges Sommerfugler	<a href="http://www.toyen.uio.no/norlep">www.toyen.uio.no/norlep</a>
Norsk Soppforening	<a href="http://www.nhm.uio.no/botanisk/nsf">www.nhm.uio.no/botanisk/nsf</a>
Norsk Botanisk Forening Vestl.avd.	<a href="http://www.uib.no/bot/nbfv">www.uib.no/bot/nbfv</a>
Norsk Botanisk Forening	<a href="http://www.alun.uio.no/botanisk/nbf/index.htm">www.alun.uio.no/botanisk/nbf/index.htm</a>
Norsk Entomologisk Forening	<a href="http://www.entomologi.no">www.entomologi.no</a>



# Sveio kommune


## Skog og jordbruksareal

-  Lauvskog
-  Bar- og blandingskog
-  Jordbruksareal
-  Naturvern



0 2 4 km

Kartframstilling: Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernadv.  
Digitalt kartgrunnlag: Statens kartverk (N50)







# Sveio kommune


## Viktige naturtypar

- A - svært viktig
- B - viktig
- C - lokal verdi



0 2 4 km

Kartframstilling: Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernnavd.  
Digitalt kartgrunnlag: Statens kartverk (N50)







## Lokalitet 1 Leirvågen

**Hovedtype** Kyst og havstrand

**Areal** 21,0 daa

**Undertype** Strandeng og strandsump (G05)

**Verdi** C – lokal verdi

### Områdeskildring

Lokaliteten ligg inst i Leirvågen som eit godt verna strandområde. Bukta er langgrunn og blir heilt tørrlagt ved fjøre. Dei finkorna lausmassane er ei blanding av leire, sand og grus. Vegetasjonslaus i nedre del av soneringa, med erosjonskant og skarp overgang til saltsiveng som dominerer strandenga. Beltet av saltsiv er 5-10 m breitt, stadvis med fjøresaltgras ytst. Rustsivaks veks i fuktige pølar. Strandenga grenser mot eit belte med pors, og litt svartor. Strandvegetasjonen held fram ca. 150 m nordover langs ein stilleflytande bekk som renn ut i vågen. Her veks det litt havstorr.

Eit stort og langgrunt strandområde med uvanlig mykje lausmassar, men artssamansetjinga er triviell, derfor lokal verdi.

### Noterte artar

Pors *Myrica gale*, saltsiv *Juncus gerardii*, fjøresivaks *Eleocharis uniglumis*, rustsivaks *Blysmopsis rufa*, musestorr *Carex serotina* ssp. *pulchella*, havstorr *C. paleacea*, fjøresaltgras *Puccinellia maritima*, krypkvein *Agrostis stolonifera*, raudsvingel *Festuca rubra*, strandkjempe *Plantago maritima*, strandkryp *Glaux maritima*, gåsemure *Potentilla anserina*, skjorbuksurt *Cochlearia officinalis*, fjøresaulauk *Triglochin maritima*

**Registrert av** Bjørn Moe

**Dato** 16.08.2005

## Lokalitet 2 Litlavatnet

**Hovedtype** Ferskvatn / våtmark

**Areal** 55,2 daa

**Undertype** Rik kulturlandskapsjø (E08)

**Verdi** B – viktig

### Områdeskildring

Litlavatnet heng saman med Vasslivatnet (Hauglandsvatnet) gjennom ein ca. 5 m brei kanal med stillestående vatn. Opninga mellom dei to vatna må ha vore større før, men er blitt mindre pga. attgroing med stor og andre sumpplanter. Også overflata til Litlavatnet krympar ved attgroing frå sidene. Nesten heile vassoverflata er dekt av flytebladplanter som kvit nøkkerose, gul nøkkerose og tjønnaks. Kjempepiggnopp står delvis i ope vatn og delvis i storbeltet innanfor. Flaskestorr og trådstorr er dominerande i store delar av sumpområdet. Langs kanalen i vest veks kattehale i store bestand. Svartorskog finst i ytre del av sumpen over store delar av området. Skogen veks til dels på svært fuktig lausbotn og mjukmatte og er vanskeleg tilgjengeleg. Det same gjeld store delar av storsumpen, noko som indikerer at vatnet er i ein tidleg fase i attgroinga. Litlavatnet ligg under 5 moh. og har vore ei trang bukt av sjøen for relativt kort tid sidan. Truleg ligg det næringsrik marin leire på botn.

Eit stort våtmarksområde med fleire særtrekk. Kattehale er ikkje vanleg i Sveio, men elles vart det ikkje registrert spesielt sjeldne artar her.

### Noterte artar

Sjøsivaks *Schoenoplectus lacustris*, flaskestorr *Carex rostrata*, trådstorr *C. lasiocarpa*, stjernestorr *C. echinata*, stolpestorr *C. juncella*, mannosøtgras *Glyceria fluitans*, kattehale *Lythrum salicaria*, hesterumpe *Hippuris vulgaris*, bukkeblad *Menyanthes trifoliata*, gulldusk *Lysimachia thyrsoflora*, dikevasshår *Callitriche stagnalis*, grøftesoleie *Ranunculus flammula*, soleihov *Caltha palustris*, myrhatt *Potentilla palustris*, skjoldberar *Scutellaria galericulata*, myrklegg *Pedicularis palustris*, myrmaure *Galium palustre*, kjempepiggnopp *Sparganium erectum*, flotgras *S. angustifolium*, sverdlilje *Iris pseudacorus*, elvesnelle *Equisetum fluvatile*, kvit nøkkerose *Nymphaea alba*, gul nøkkerose *Nuphar lutea*, tjønnaks *Potamogeton natans*

**Registrert av** Bjørn Moe

**Dato** 16.08.2005

## Lokalitet 3 Rindatjørn

**Hovedtype** Ferskvatn / våtmark

**Areal** 23,1 daa

**Undertype** Rik kulturlandskapsjø (E08)

**Verdi** C – lokal verdi


### Områdeskildring

Rindatjørn ligg i den sørlege delen av kulturlandskapet ved Vihovda. Lokaliteten har dels grense til gammal kulturmark og dels til lauvskog langs vatnet. Kulturmarka ved vatnet er i dag attgrodd med tett vegetasjon av høgstaudar og gras, særleg mjødukt og strandrøyr. Lenger ute er det ei sone dominert av gulldusk og elles meir eller mindre vanlege sumpplanter. Utanfor denne går det eit belte med sjøsivaks rundt heile vatnet. Beltet er ca. 2 m breitt og stråa over 2 m høge. Flytebladsona ute i vatnet inneheld mest gul nøkkerose og tjønnaks.

Eit frodig tjørn med svært mykje sjøsivaks, men ingen av sumpplantene er sjeldne.



**Figur 47.** Litlavatnet (lokalitet 2) er eit stort våtmarksområde med fleire særtrekk. Kattehale i framgrunnen.



**Figur 48.** Sverdlilje er ein karakterart i den rike sumpskogen ved Geiteid (lokalitet 4).



### Noterte artar

Svartor *Alnus glutinosa*, øyrevier *Salix aurita*, sjøsvaks *Schoenoplectus lacustris*, flaskestorr *Carex rostrata*, strandrøyr *Phalaris arundinacea*, mjøduert *Filipendula ulmaria*, gulldusk *Lysimachia thyrsoflora*, myrhatt *Potentilla palustris*, myrmjølke *Epilobium palustre*, sverdlilje *Iris pseudacorus*, myrmaure *Galium palustre*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*, bukkeblad *Menyanthes trifoliata*, åkersvinerot *Stachys palustris*, kjempepiggnopp *Sparganium erectum*, vassmynte *Mentha aquatica*, skjoldberar *Scutellaria galericulata*, andmat *Lemna minor*, tjønnaks *Potamogeton natans*, gul nøkkerose *Nuphar lutea*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 09.08.2005

### Lokalitet 4 Geiteid

Hovedtype Skog

Areal 11,2 daa

Undertype Rik sumpskog (F06), strandeng og strandsump (G05)

Verdi C – lokal verdi

### Områdeskildring

Geiteid er eit tjønn innanfor Liervågen. Det ligg berre 1 moh. og sjøvatn renn inn ved høg flo gjennom ein 50 m lang tidevassbekk. Sumpplanter og brakkvassplanter inngår i kanten av bekkene og langs vatnet. Nordsida av vatnet har ei flate med rikare sumpskog av svartor. Skogen veks på djup jord av finare leirmassar avsett på gammal havbotn. Elles finst grus og sand, og skogbotnen er relativt fast, men fuktig. Svartortrea er ofte fleirstamma, med ein diameter på om lag 30 cm og ca. 20 m høge tre. Skogen og vasskanten inneheld mykje sverdlilje og soleihov, samt grøftesoleie og mange relativt vanlege sumpplanter. Kjempepiggnopp er ein litt mindre vanleg art som står frodig i vasskanten. På tørrare grunn innanfor sumpskogen er det hasselskog med jordnøtt, sanikel og kusymre.

### Noterte artar

Sumpsivaks *Eleocharis palustris*, flaskestorr *Carex rostrata*, mannosøtgras *Glyceria fluitans*, sverdlilje *Iris pseudacorus*, skogkarse *Cardamine flexuosa*, soleihov *Caltha palustris*, grøftesoleie *Ranunculus flammula*, mjøduert *Filipendula ulmaria*, gulldusk *Lysimachia thyrsoflora*, hanekam *Lychnis flos-cuculi*, hesterumpe *Hippuris vulgaris*, sumphaukeskjegg *Crepis paludosa*, enghumleblom *Geum rivale*, bukkeblad *Menyanthes trifoliata*, kjempepiggnopp *Sparganium erectum*, myrhatt *Potentilla palustris*, gåsemure *P. anserina*, dikevasshår *Callitriche stagnalis*, skjørbuksurt *Cochlearia officinalis*, elvesnelle *Equisetum fluviatile*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 08.06.2005

### Lokalitet 5 Nappen

Hovedtype Skog

Areal 476,8 daa

Undertype Kystfurskog (F12)

Verdi B – viktig

### Områdeskildring

Nappen ligg ytst i Førdespollen og er ein halvøy som heng saman med Straumøy i eit lite eide sør for Straumøyvågen. Ligg eksponert mot Bømlafjorden, og furskogen som dominerer i området er prega av vindpress frå vest. Furskogen er relativt ung, truleg yngre enn 130 år for dei eldste trea, medan mange tre er yngre enn 80-90 år. Spisse kroner tyder på at trea er i vekst, kan hende første generasjon på tidlegare open lyngmark. Dette er kanskje mest tydeleg i nord på Nappatåna der furutrea står spreidd i delvis open hei. Røsslyngen er stor og grovvaksen.

Ein nokså open furskog veks langs vest- og sørsida av Nappen. Her finst store mengder purpurlyng i furskogen, spesielt i sørskråningar og på toppen av koller der det ikkje er tette kratt med einer eller einstape. Einer dannar eit tett busksjikt i store delar av skogen. Det er mykje skrin jord og berg i dagen, særleg innanfor strandberga der det finst vivendel og trollhegg. Lengst i sør veks ein grov bergflette i eit austvendt berg. Dette berget som kan følgjast nordover mot Straumøyvågen inneheld ein rikare vegetasjon samanlikna med resten av skogen. Her er det innslag av lind, sanikel, skogfredlus og myske. Kristtorn er karakteristisk, men den veks spreidd også andre stader i skogen. I nordhellingar veks orkidéane flekkmarhand og den uvanlege knerot saman med furutorvmose, lyngtorvmose, myrfiltmose, kystkransmose og storstylete.

Nappen har ein av dei finaste purpurlyngfurskogane i kommunen. Påverka av skogbruk på austsida.

### Noterte artar

Bergflette *Hedera helix*, kristtorn *Ilex aquifolium*, trollhegg *Fragula alnus*, vivendel *Lonicera periclymenum*, krypvier *Salix repens*, røsslyng *Calluna vulgaris*, purpurlyng *Erica cinerea* (NT), klokkeling *E. tetralix*, mjølbær *Arctostaphylos uva-ursi*, einstape *Pteridium aquilinum*, bjønnekam *Blechnum spicant*, smørtelg *Oreopteris limbosperma*, blåtopp *Molinia caerulea*, stjernerott *Carex echinata*, heistorr *C. binervis*, kornstorr *C. panicea*, hengjeaks *Melica nutans*, fagerperikum *Hypericum pulchrum*, skrubber *Cornus suecica*, knerot *Goodyera repens*, skogfredlaus *Lysimachia nemorum*, sanikel *Sanicula europaea*, myske *Galium odoratum*, markjordbær *Fragaria vesca*

### Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Skogbruk på austsida lang Straumøyvågen. Her har det vore hogst og granplanting.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 09.08.2005

## Lokalitet 6 Straumøy

**Hovedtype** Kulturlandskap  
**Undertype** Naturbeitemark (D04)

**Areal** 12,0 daa  
**Verdi** C – lokal verdi

### Områdeskildring

Lokaliteten ligg på sørvestsida av Straumøy, med grense til Staurøysundet. Langs sundet er det litt lauvskog nedst i bakken. Men ovanfor denne og opp mot kollen ligg det ein naturbeitemark i ganske god hevd. Frå avstand ser det ut som ein einerbakke i og med at eineren veks spreidd i heile bakken. Buskane er 1-2 m høg og har delvis søylefasong. Det ser ut til at dyra beiter mellom eineren, slik at den ikkje har fått danne tette kratt. Bakken er dominert av gras og urter, men har og ein del lyng, særleg røsslyng og purpurlyng. Lyngen er kortvaksen og lite forveda med god beiteverdi. Jorda er relativt djup, med lite berg i dagen og har truleg vore rydda for stein. Marka var svært godt nedbeita i august. Spesielt kystgrisyre finst i store mengder, tett i tett med rosettar. Vegetasjonen er godt slutta, men mindre flekkar med open jord førekjem, truleg etter dyretråkk. Det mest interessante partiet er der det veks einer. Lenger nord er eineren rydda eller har hatt eit hardare beitetrykk med bruk av kunstig gjødsling.

### Noterte artar

Røsslyng *Calluna vulgaris*, purpurlyng *Erica cinerea* (NT), engkvein *Agrostis capillaris*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, knegras *Danthonia decumbens*, finnskjegg *Nardus stricta*, hundegras *Dactylis glomerata*, geitsvingel *Festuca vivipara*, hjartegras *Briza media*, englodnegras *Holcus lanatus*, smyle *Avenella flexuosa*, kornstorr *Carex panicea*, bråtestorr *C. pilulifera*, kystgrisyre *Hypochaeris radicata*, ryllik *Achillea millefolium*, knollerteknapp *Lathyrus linifolius*, hårsveve *Hieracium pilosella*, tepperot *Potentilla erecta*, fagerperikum *Hypericum pulchrum*, blåklokke *Campanula rotundifolia*, jordnøtt *Conopodium majus*, kattefot *Antennaria dioica*, smalkjempe *Plantago lanceolata*, kystmaure *Galium saxatile*, blåknapp *Succisa pratensis*, augnetrøst *Euphrasia* sp., heiblåfjør *Polygala serpyllifolia*, flekkmariland *Dactylorhiza maculata*, engfiol *Viola canina*, tiriltunge *Lotus corniculatus*, blåkoll *Prunella vulgaris*.

**Registrert av** Bjørn Moe

**Dato** 09.08.2005

## Lokalitet 7 Havåsen

**Hovedtype** Kulturlandskap  
**Undertype** Naturbeitemark (D04)

**Areal** 7,7 daa  
**Verdi** C – lokal verdi

### Områdeskildring

Havåsen er ein liten fjellrygg med naturbeitemark i sør- og vestvendte skråningar. Ligg luftig til med gode lysforhold. Grense mot furuskog i aust og eit hus i vest. Ein del berg i dagen på ryggen i sør, og der veks det kystbergknapp, kystmaure og purpurlyng. Elles er det mykje jordnøtteng i heile området. På toppen av ryggen og i nord veks det einer spreidd, med opp til 3 m høge stammar og søylefasong. Eineren er rydda i nyare tid etter at deler av området truleg har vore nokså atgrodd. Ser i dag ut til å være i god hevd med sau på beite.

### Noterte artar

Purpurlyng *Erica cinerea* (NT), raudsvingel *Festuca rubra*, geitsvingel *F. vivipara*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, finnskjegg *Nardus stricta*, englodnegras, slåtestorr *Carex nigra*, harestorr *C. ovalis*, kornstorr *C. panicea*, stjernestorr *C. echinata*, bråtestorr *C. pilulifera*, markfrytle *Luzula campestris*, tepperot *Potentilla erecta*, jordnøtt *Conopodium majus*, kystmaure *Galium saxatile*, smalkjempe *Plantago lanceolata*, ryllik *Achillea millefolium*, flekkmariland *Dactylorhiza maculata*, blåknapp *Succisa pratensis*, kystgrisyre *Hypochaeris radicata*, hårsveve *Hieracium pilosella*, kattefot *Antennaria dioica*, tiriltunge *Lotus corniculatus*, kystbergknapp *Sedum anglicum*.

**Registrert av** Bjørn Moe

**Dato** 08.06.2005

## Lokalitet 8 Austvikfjellet

**Hovedtype** Skog  
**Undertype** Kystfuruskog (F12)

**Areal** 517,2 daa  
**Verdi** B – viktig

### Områdeskildring

Austvikfjellet ligg på nordsida av Førdespollen. Fjellet består av to ryggar, Vestre og Austre Austvikfjellet, begge ca. 140 moh. Terrenget skrånar jamt mot fjorden i sørvest, medan ein bratt fjellskrent avgrensar området på austsida. Furuskogen ligg eksponert mot ulike vindretningar på toppen av fjellet. Trea er låge og seintveksande med vide kronar på det grunnlendte jordsmonnet. Her er det lite lausmassar og ein råhumus som ligg rett på berget. Det er svært mykje blåtopp og storbjønnskjegg i feltsjiktet i den opne skogen. Parti med purpurlyng er vanleg i heile skogen der terrenget er eksponert mot sør og søraust. Stadvis mykje einer, enten som enkeltstående buskar eller tette kratt. I bratte parti nord for Husafjellet står furuskogen på betre bonitet og er rettstamma med høge tre. Kristtorn og hassel er vanleg, mens eik veks spreidd. Også i denne delen finst purpurlyng i feltsjiktet, men dominerer ikkje. Knerot er ein regionalt sjeldan orkidé som er funnen her og i andre furuskogar nord i Sveio.

### Noterte artar

**Karplanter:** Hassel *Corylus avellana*, kristtorn *Ilex aquifolium*, trollhegg *Frangula alnus*, pors *Myrica gale*, purpurlyng *Erica cinerea* (NT), klokkeling *E. tetralix*, mjølbær *Arctostaphylos uva-ursi*, blåtopp *Molinia caerulea*, kornstorr *Carex panicea*, bråtestorr *C. pilulifera*, storbjønnskjegg *Trichophorum cespitosum* ssp. *germanicum*, vivendel *Lonicera periclymenum*, rome *Nartheicum ossifragum*, heibläfjør *Polygala serpyllifolia*, flekkmarhand *Dactylorhiza maculata*, blåknapp *Succisa pratensis*, knerot *Goodyera repens*, smørtelg *Oreopteris limbosperma*, bjønnekam *Blechnum spicant*, einstape *Pteridium aquilinum*, stri kråkefot *Lycopodium annotinum*.

**Mosar:** Gullhårmose *Breutelia chrysocoma*, kystjammemose *Plagiothecium undulatum*, blåmose *Leucobryum glaucum*, pelssåtemose *Campylopus atrovirens*, larvemose *Nowellia curvifolia*, storstylte *Bazzania trilobata*.

### Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Skogsveg mellom Vestre Austvikfjellet og sjøen, men ikkje hogst i området.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 19.08.2005

### Lokalitet 9 N. f. Espedalen, Førde

Hovedtype Skog

Areal 442,5 daa

Undertype Kystfuruskog (F12)

Verdi C – lokal verdi

### Områdeskildring

Espedalen ligg i skardet mellom to høgdedrag aust for Førde. På nordsida av dalen ligg det eit skogområde som er urørt av moderne skogbruk, dvs. ingen vegar eller hogst i nyare tid. Topografien er ryggforma med eit dalsøkk i midten som går utover i sørvestleg retning. Gamle og grovaksne furutre førekjem, spesielt i aust og høgast oppe på ryggane. Her finst seinveksande tre som truleg er over 300 år gamle. Elles har skogen ein dominerande tregenerasjon på litt yngre enn 130 år. Einer er svært dominerande og dannar tette kratt. Litt eik inngår i sørvendte parti, mest som buskar og mindre tre. Her finst òg kristtorn som buskar. Purpurlyng er vanleg i dei tørre, sørvendte og knause partia av ryggane, men den har tendens til å bli overgrodd med einer. I dei fuktige partia er blåtopp svært dominerande. Her kan eineren bli fleire meter høg.

Lokaliteten er eit typisk eksempel på korleis gammal furuskog finst på høge nivå nordaust i kommunen. I tillegg inngår purpurlyng-skog på mindre areal.

### Noterte artar

Pors *Myrica gale*, purpurlyng *Erica cinerea* (NT), klokkeling *E. tetralix*, mjølbær *Arctostaphylos uva-ursi*, bråtestorr *Carex pilulifera*, blåtopp *Molinia caerulea*, knerot *Goodyera repens*, bjønnekam *Blechnum spicant*, einstape *Pteridium aquilinum*, rome *Nartheicum ossifragum*.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 16.08.2005

### Lokalitet 10 Børshovda

Hovedtype Skog

Areal 193,9 daa

Undertype Kystfuruskog (F12)

Verdi B – viktig

### Områdeskildring

Børshovda er ein fjellrygg med topp på 189 moh. i skogsområdet aust for Liervatnet. Ryggen har bratte fjellsider med stup på sør- og vestsida, slakare skråningar på nord- og austsida. Sørsida har mykje purpurlyng i dei solrike berga, og denne vegetasjonen held fram opp mot toppen av ryggen der skogen er relativt open. Nordover på ryggen er skogen meir tettvaksen og med blåbærskog, stadvis med røsslyng-blokkebærskog med litt rypebær og klokkeling. Like nord for toppen veks knerot som er sjeldan i Sveio. I lia på austsida av Børshovda finst eit parti med rikare lågurtskog, der det veks ramslauk, junkerbregne, kusymre og bergflette. Her finst og nokså mykje hassel som eit lågare tresjikt i furuskogen. I resten av området er skogen fattigare, men har innslag av kristtorn og trollhegg. I dei lågareliggende delane er skogen påverka av gamle hogstar, og overgrodde stubbar er vanleg her. På toppen er skogen relativt upåverka, med fleire gamle tre og grove, korte stammar, kan hende over 300 år gamle. Fleire tre har grove, og lange greiner og svært krokvaksne stammar. Flate, vindslitne kroner er karakteristisk.

Lokaliteten er eit typisk eksempel på korleis gammal furuskog finst på høge nivå nordaust i kommunen.

### Noterte artar

**Karplanter:** Kristtorn *Ilex aquifolium*, trollhegg *Frangula alnus*, hassel *Corylus avellana*, bergflette *Hedera helix*, purpurlyng *Erica cinerea* (NT), klokkeling *E. tetralix*, rypebær *Arctostaphylos alpinus*, storbjønnskjegg *Trichophorum cespitosum* ssp. *germanicum*, linnea *Linnaea borealis*, skrubebær *Cornus suecica*, maiblom *Maianthemum bifolium*, bjønnekam *Blechnum spicant*, knerot *Goodyera repens*, junkerbregne *Polystichum braunii*, ramslauk *Allium ursinum*, skogfiol *Viola riviniana*, kusymre *Primula vulgaris*.

**Mosar:** Blåmose *Leucobryum glaucum*, storstylte *Bazzania trilobata*, kystjammemose *Plagiothecium undulatum*.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 09.08.2005





**Figur 49.** Austvikfjellet (lokalitet 8) med typisk kystfuruskog dominert av blåtopp. Vide kroner som er flate og sterkt forgreina er karakteristisk for den vindutsette skogen.



**Figur 50.** Børshovda (lokalitet 10) har gammel furu med lange, vridde greiner. Den vindslitne furuskogen veks på toppen av fjellet.

## Lokalitet 11 Husafjell

<b>Hovedtype</b>	Skog	<b>Areal</b>	17,2 daa
<b>Undertype</b>	Rik edellauvskog (F01), gammel, fattig edellauvskog (F02)	<b>Verdi</b>	C – lokalt viktig

### Områdeskildring

Lokaliteten ligg under Husafjell ovafor kulturlandskapet, og skogen har grense ned mot slåttemark. Lia har eksponering mot aust og søraust. Bratte berg øvst og rasmateriale med stein og blokkar, stadvis open urd. Variert tresjikt med furu i den vestlege delen og mest eik lenger aust. Til dels storvaksen eik på 60 cm i stammediameter, sjeldnare opp til 1 m nedst i lia på grensa til dyrka mark. Nokså mykje kristtorn, særleg som buskar, men øvst i lia finst det også tre. Her veks det bergflette og mykje vivendel. Dette er den rikaste delen av lia der det inngår liljekonvall og breiflangre i feltsjiktet. Elles i lia er det fattig blåbær-smyle eikeskog. Innslag av gras og einer er teikn på kulturpåverknad og ein meir open skog tidlegare.

### Noterte artar

Trollhegg *Frangula alnus*, kristtorn *Ilex aquifolium*, rognasal *Sorbus hybrida*, bergflette *Hedera helix*, vivendel *Lonicera periclymenum*, purpurling *Erica cinerea* (NT), hengjeaks *Melica nutans*, liljekonvall *Convallaria majalis*, tågebær *Rubus saxatilis*, jordnøtt *Conopodium majus*, blåknapp *Succisa pratensis*, skogfiol *Viola riviniana*, breiflangre *Epipactis helleborine*.

<b>Registrert av</b>	Bjørn Moe	<b>Dato</b>	08.06.2005
----------------------	-----------	-------------	------------

## Lokalitet 12 Norafjell – Trondskar

<b>Hovedtype</b>	Skog	<b>Areal</b>	63,9 daa
<b>Undertype</b>	Kystfuruskog (F12)	<b>Verdi</b>	C – lokal verdi

### Områdeskildring

Norafjell – Trondskar heng saman som ein fjellrygg med eit lite søkk i mellom. Ryggen har ein bratt sørsida der skogen veks på hyller i berget og skråninga nedanfor. I skråninga er det stadvis ein del store blokkar, men elles lite rasmateriale. I furuskogen finst ein del kristtorn og juvenil eik. Men det er framfor alt eineren som dominerer, til dels som høgvaksne buskar og små tre, opp til 5 m høge. Eineren veks så tett at det er lite vegetasjon og svært mykje nålestrø på bakken. I parti med open skog finst purpurling i mengder, helst på hyller i berget og på toppen av fjellryggen. Under Trondskar finst eit parti med grovare rasmateriale og eit ospebestand, samt noko hassel. Bergflette veks både på berg, blokkar og i trestammar lengst aust i området.

### Noterte artar

**Karplanter:** Kristtorn *Ilex aquifolium*, bergflette *Hedera helix*, pors *Myrica gale*, purpurling *Erica cinerea* (NT), klokkeling *E. tetralix*, tyttebær *Vaccinium vitis-idaea*, mjølbær *Arctostaphylos uva-ursi*, vivendel *Lonicera periclymenum*, blåtopp *Molinia caerulea*, knegras *Danthonia decumbens*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, bråtestorr *Carex pilulifera*, heistorr *C. binervis*, bjønnekam *Blechnum spicant*, einstape *Pteridium aquilinum*, blankburkne *Asplenium adiantum-nigrum*, fagerperikum *Hypericum pulchrum*, legeveronika *Veronica officinalis*, rome *Narthecium ossifragum*, revebjølle *Digitalis purpurea*, markjordbær *Fragaria vesca*, skogfiol *Viola riviniana*.

**Mosar:** Blåmose *Leucobryum glaucum*, kystjammemose *Plagiothecium undulatum*

<b>Registrert av</b>	Bjørn Moe	<b>Dato</b>	10.08.2005
----------------------	-----------	-------------	------------

## Lokalitet 13 Bråtveittjørna

<b>Hovudtype</b>	Ferskvatn / våtmark	<b>Areal</b>	80,0 daa
<b>Undertype</b>	Rik kulturlandskapssjø (E08)	<b>Verdi</b>	C – lokal verdi

### Områdeskildring

Tjørnnet ligg i kulturlandskapet ved Bråtveit, omgitt av dyrka mark på nord- og austsida, og lauvskog på sør- og vestsida. Nokså slake skråningar på sidene. Innlaupet er frå aust og utlaupet er bekken som går vestover til Vigdarvatnet. Heile vatnet er omkransa av eit takrøyrbelte som er ca. 10-30 m breitt. Stråa kan være over 2 m høge. Takrøyr står tett ute i vatnet, men kan ha ei sone med bukkeblad utanfor. I flytebladsona utanfor dominerer kvit nøkkerose og gul nøkkerose. Takrøyrbelte har eit botnsjikt av vortetormose og sumptormose.

Tjørnnet er ikkje rikt på sumplanter, men er kartlagd på grunnlag av den store takrøyrførekomsten.

### Noterte artar

Svartor *Alnus glutinosa*, pors *Myrica gale*, takrøyr *Phragmites australis*, krypkvein *Agrostis stolonifera*, flaskestorr *Carex rostrata*, trådstorr *C. lasiocarpa*, gråstorr *C. canescens*, dystorr *C. limosa*, slåttestorr *C. nigra*, elvesnelle *Equisetum fluviatile*, myrhatt *Potentilla palustris*, bekkestjerneblom *Stellaria alsine*, bukkeblad *Menyanthes trifoliata*, vasspepar *Persicaria hydropiper*, kvit nøkkerose *Nymphaea alba*, gul nøkkerose *Nuphar lutea*

<b>Registrert av</b>	Bjørn Moe	<b>Dato</b>	11.08.2005
----------------------	-----------	-------------	------------





**Figur 51.** Edellauvskogen ved Husafjell ligg i ei bratt skråning. På toppen av åsen er det furuskog.



**Figur 52.** Kortskotstrand ved Fjon, aust i Vigdarvatnet (lokalitet 16). Små vassplanter veks på fast botn med sand og grus. Dei er tilpassa store svingingar i vasstanden.



## Lokalitet 14 Kvalvågspøyla

<b>Hovudtype</b>	Kyst og havstrand	<b>Areal</b>	6,9 daa
<b>Undertype</b>	Strandeng og strandsump (G05)	<b>Verdi</b>	B – viktig

### Områdeskildring

Kvalvågspøyla ligg i den inste bukta av Kvalvågen. Stranda er godt verna og ligg inst i pollen der det kommer eit bekkeutlaup nordfrå. Bekken renn gjennom ei lita svartorsumpskog med nitrofile artar som klourt, skjoldberar og mjøurdurt. Vassforholda er stagnerande og med lukt av hydrogensulfid frå den mudra botn av sand og leire. Tidevatnet blir drenert gjennom ein liten kanal frå skogkanten og ut i sjøvatnet. Langs kanalen veks det ein del rustsivaks. Like utanfor svartorskogen, inst i bukta står det eit bestand med pollsvaks som er typisk i dette habitatet, og einaste lokalitet for arten i Sveio. Saltsiveng finst ytst i pollen der lokaliteten er mest påverka av saltvatn. Her veks skjørbuksurt og andre vanlege strandplanter.

### Noterte artar

Pollsvaks *Schoenoplectus tabernaemontani*, fjøresivaks *Eleocharis uniglumis*, rustsivaks *Blysmopsis rufa*, havstorr *Carex paleacea*, stjernestorr *C. echinata*, svartstorr *C. nigra*, musestorr *C. serotina* ssp. *pulchella*, raudsvingel *Festuca rubra*, krypkvein *Agrostis stolonifera*, blåtopp *Molinia caerulea*, saltsiv *Juncus gerardii*, fjøresaulauk *Triglochin maritima*, myrsaulauk *T. palustris*, strandkjempe *Plantago maritima*, strandkryp *Glaux maritima*, klourt *Lycopus europaeus*, knopparve *Sagina nodosa*, mjøurdurt *Filipendula ulmaria*, skjoldberar *Scutellaria galericulata*, fjørekoll *Armeria maritima*, skjørbuksurt *Cochlearia officinalis*, gåsemure *Potentilla anserina*, myrklegg *Pedicularis palustris*

**Registrert av** Bjørn Moe **Dato** 10.08.2005

## Lokalitet 15 V. f. Gullhaugvatnet

<b>Hovudtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b>	109,1 daa
<b>Undertype</b>	Kystlynghei (D07)	<b>Verdi</b>	B – viktig

### Områdeskildring

Lokaliteten tilhøyrer det opne heilandskapet mellom Vigdarvatnet i vest og Kvalvåg – Fjon i aust. Eit område på nord- og vestsida av Gullhaugvatnet skil seg ut som spesielt fint med dominans av røsslyng i god stand. Lyngen er lågvaksen og tett, spesielt i dei tørre høgdedraga der den er godt nedbeita av sau. Også parti med grovare lyng og attgroing, og små furuplanter (50 cm høge) veks spreidd.

Dette området som ligg på begge sider av E39 er rekna som ein av dei finaste kystlyngheiene i Sveio (Nøttveit 2005).

### Aktuelle forvaltingstiltak

Beitinga må halde fram. Parti med grov lyng må brennast. Furuplanter må fjernast.

**Registrert av** Aase Nøttveit **Dato** 2005

## Lokalitet 16 Vigdarvatnet, Fjon

<b>Hovudtype</b>	Ferskvatn / våtmark	<b>Areal</b>	4,0 daa
<b>Undertype</b>	Mudderbank (E02)	<b>Verdi</b>	B – viktig

### Områdeskildring

Lokaliteten ligg ved eit lite nes i Vigdarvatnet vest for utlaupet til Fjon. Innanfor neset er et to små bukter, ein austvendt og ein vestvendt, og med ei lita myr i mellom. Strendene er langgrunne og har mykje finkorna lausmassar. Fint utvikla gradient langs ein sonering frå vatnet og 20 m innover land. Soneringa blir sett under vatn ved høgt vassnivå, men kan bli tørrlagt på seinsommaren. Kortsotsamfunn med tjønngas og botnegras står delvis i vatnet, nedst i soneringa. Deretter overtar ein storsone med musestorr og slåtestorr. Delvis naken grus og sand med småsivaks og andre konkurransesvake artar. Øvst i sona står brunmyrak og pors, på grensa til lynghei.

Fin sonering og mange typiske artar for finkorna mudderbank. Buntsivaks og myrkråkefot er sjeldne i kommunen.

### Noterte artar

Pors *Myrica gale*, buntsivaks *Eleocharis multicaulis* (NT), småsivaks *E. quinqueflora*, musestorr *Carex serotina* ssp. *scandinavica*, slåtestorr *C. nigra*, brunmyrak *Rhynchospora fusca*, krypsiv *Juncus supinus*, ryllsiv *J. articulatus*, myrkråkefot *Lycopodiella inundata*, dikesoldogg *Drosera intermedia*, botnegras *Lobelia dortmanna*, tjønngas *Littorella uniflora*, bukkeblad *Menyanthes trifoliata*, kysttjønna *Potamogeton polygonifolius*, myrsaulauk *Triglochin palustris*, gytjeblererot *Utricularia intermedia*, grøftesoleie *Ranunculus flammula*.

**Registrert av** Bjørn Moe **Dato** 17.08.2005

## Lokalitet 17 Vigdarvatnet, Tveitsundet

<b>Hovudtype</b>	Ferskvatn / våtmark	<b>Areal</b>	2,0 daa
<b>Undertype</b>	Mudderbank (E02)	<b>Verdi</b>	B – viktig

### Områdeskildring

På austsida av Tveitsundet ligg det eit lite tjørn som er nesten heilt avsnørt frå Vigdarvatnet. Ved låg vasstand er det berre så vidt vatnet går over den grunne terskelen. Tjørnet er grunt med ein vegetasjon tilpassa naturlege svingingar i vassnivået. Til dels mudra botn ytst, men og parti med steinbotn. Noko finsand og leire mellom steinar. Pionerartar som småsivaks og brunmyrak indikerer begynnande myrdanning. De er også indikatorartar for rik-/intermediær myr saman med myrsaulauk. Kortskotstrand er dominert av tjønngas og botnegras, med spreidd evjesoleie. Ute i vatnet står takrøyr og raudlistearten buntsivaks. Ved høg vasstand når vatnet opp til sona med pors som grenser mot lyngheia. Ein ganske artsrik lokalitet med fleire sjeldne artar innanfor eit lite areal.

### Noterte artar

Pors *Myrica gale*, beitestorr *Carex serotina*, kornstorr *C. panicea*, flaskestorr *C. rostrata*, duskull *Eriophorum angustifolium*, buntsivaks *Eleocharis multicaulis* (NT), småsivaks *E. quinqueflora*, brunmyrak *Rhynchospora fusca*, kvitmyrak *R. alba*, krypsiv *Juncus supinus*, takrøyr *Phragmites australis*, gyteblærerot *Utricularia intermedia*, botnegras *Lobelia dortmanna*, tjønngas *Littorella uniflora*, grøftsoleie *Ranunculus flammula*, evjesoleie *R. reptans*, tusenblad *Myriophyllum alternifolium*, myrsaulauk *Triglochin palustris*, myrkråkefot *Lycopodiella inundata*, dikesoldogg *Drosera intermedia*.

**Registrert av** Bjørn Moe **Dato** 17.08.2005

## Lokalitet 18 Vigdarvatnet, Vassnes

<b>Hovudtype</b>	Ferskvatn / våtmark	<b>Areal</b>	6,6 daa
<b>Undertype</b>	Evjer, bukter og viker (E12), mudderbank (E02)	<b>Verdi</b>	B – viktig

### Områdeskildring

Lokaliteten ligg nordvest i Vigdarvatnet, i bukta innanfor Vassneset. Grenser til kulturlandskap, særleg beitemark på sidene. Strandsona inneheld finkorna sand og grus som blir delvis tørrlagt ved låg vasstand. Ytst i sona er stranda mest neddykka, og her dominerer tjønngas og botnegras, mens stivt brasmegras veks på noko djupare vatn. Ein stilleflytande og næringsrik bekk renn ut i vatnet inst i bukta. Akkurat i utlaupet vart det registrert eit relativt stort bestand med den regionalt sjeldne krustjønnskaks.

### Noterte artar

Krypsiv *Juncus supinus*, musestorr *Carex serotina* ssp. *pulchella*, stivt brasmegras *Isoetes lacustris*, tjønngas *Littorella uniflora*, botnegras *Lobelia dortmanna*, krustjønnskaks *Potamogeton crispus*, evjesoleie *Ranunculus reptans*, åkergråurt *Filaginella uliginosa*, dikevasshår *Callitriche stagnalis*

**Registrert av** Bjørn Moe **Dato** 12.08.2005

## Lokalitet 19 Lindøya

<b>Hovudtype</b>	Skog	<b>Areal</b>	10,0 daa
<b>Undertype</b>	Rik edellauvskog (F01)	<b>Verdi</b>	C – lokal verdi

### Områdeskildring

Lindøya ligg sørvest i Vigdarvatnet, den klart største innsjøen i Sveio. Den rikaste vekseplassen ligg sør på øya, på sørsida av kolle 42 moh. Her finst ein relativt grovvaksen lauvskog med lind, eik og osp. Dei største stammene er over 60 cm i diameter. Mykje gulaks og andre gras tyder på beiting og annan kulturpåverknad, men i dag gror det til med einstape. Liljekonvall veks tett og dominerer store parti av feltsjiktet.

Dette er ein liten, men litt spesiell lokalitet med rik edellauvskog og lågurtskog. Den er ikkje knytt til bratt rasmateriale slik som dei fleste lokalitetane i denne naturtypen.

### Noterte artar

Vivendel *Lonicera periclymenum*, trollhegg *Frangula alnus*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, liljekonvall *Convallaria majalis*, blåknapp *Succisa pratensis*, stormarimjelle *Melampyrum pratense*, småmarimjelle *M. sylvaticum*, skogfiol *Viola riviniana*, kvitveis *Anemone nemorosa*, tveskjeggveronika *Veronica chamaedrys*, gullris *Solidago virgaurea*, einstape *Pteridium aquilinum*.

**Registrert av** Bjørn Moe **Dato** 09.06.2005

## Lokalitet 20 Tveitafjellet

**Hovudtype** Kulturlandskap

**Areal** 353,9 daa

**Undertype** Naturbeitemark (D04), kystlynghei (D07)

**Verdi** C – lokal verdi

### Områdeskildring

Tveitafjellet (136 moh.) ligg mellom garden Tveit og riksvegen. Sørsida av fjellet har nokså bratte berg og ein del skog, medan nordsida er ein stor beitemark. Lokaliteten ligg nord for gjerdet nedanfor toppen under masta. Beites hardt av sau, i allfall på seinsommaren. Både fuktige og tørre heitypar er representert. Lite lausmassar og grunnlendt jordsmonn i fjellsida. Hovudsakelig nordvendt terreng gir mykje fuktig hei dominert av blåtopp og storbjønnskjegg. Denne typen er vanlegare enn lynghei med røsslyng, klokkeling og purpurlyng. Den nordvendte heia manglar stort sett purpurlyng, men arten er vanleg blant gras og urter på tørre kollar med sørvendt eksponering. Røsslyngen er lågvaksen og lite forveda, men arten dominerer ikkje, truleg fordi det høge beitetrykket favoriserer grasvegetasjon. Området ser ut til å ha hatt eit langvarig og kontinuerlig beitetrykk, med lite einer og andre busker.

Tveitafjellet er registrert som kystlynghei i 1987, men med dagens tilstand er det grunn til å redusere arealet og ikkje ta med den delen av heia som er meir eller mindre atgrodd.

### Noterte artar

Purpurlyng *Erica cinerea* (NT), klokkeling *E. tetralix*, mjølbær *Arctostaphylos uva-ursi*, finnskjegg *Nardus stricta*, blåtopp *Molinia caerulea*, storbjønnskjegg *Trichophorum cespitosum* ssp. *germanicum*, bjønnekam *Blechnum spicant*, rome *Narthecium ossifragum*, blåknapp *Succisa pratensis*

### Litteratur

Fremstad, Aarrestad & Skogen 1991.

**Registrert av** Bjørn Moe

**Dato** 17.08.2005

## Lokalitet 21 Nordre Våge

**Hovedtype** Kulturlandskap

**Areal** 301,5 daa

**Undertype** Naturbeitemark (D04), kystlynghei (D07)

**Verdi** A – svært viktig

### Områdeskildring

Kulturlandskap avgrensa av Skårevatnet i vest og riksvegen i aust. Gammalt utmarksområde som har vore i kontinuerlig hevd i lang tid, og blir framleis beita av sau. Vegetasjon dominert av både gras og lyng, stadvis naturbeitemark og stadvis kystlynghei. Småkupert terreng med fuktige parti i søkka dominert av rome, storbjønnskjegg og blåtopp. Her kan røsslyngen være relativt grovvaksen. I heia går det fleire ryggar med berg i aust-vest retning, og på sørsida av desse veks det purpurlyng i store bestand, stadvis saman med mjølbær. Purpurlyng er vanleg elles i området, og veks spreidd saman med røsslyng, klokkeling, krekling og beitegras. Tørr heitype med purpurlyng er svært godt utvikla. Lyngen er lågvaksen, mindre enn 20 cm og med god beiteverdi. Det er mykje ekskrement og spor etter beiting i heile området, men toppen av kollene er best nedbeita. På tørre koller er det også best utvikla naturbeitemark, med urter som kattefot, kystmyrklegg og kystmaure. Einer er vanleg, men står spreidd og dannar ikkje tette kratt. Enkelte koller i sørvest er brent for 2-3 år sidan, noko som indikerer interesse for å halde beitemarka i hevd.

Eit interessant heiområde i god stand og med svært mykje purpurlyng. Ganske rik flora av beitemarksopp, registrert 17/9 2005 og oktober 2007 (sjå liste under).

### Noterte artar

**Karplanter:** Krypvier *Salix repens*, purpurlyng *Erica cinerea* (NT), klokkeling *E. tetralix*, krekling *Empetrum nigrum*, mjølbær *Arctostaphylos uva-ursi*, harestorr *Carex leporina*, stjernestorr *C. echinata*, bråtestorr *C. pilulifera*, kornstorr *C. panicea*, engfrytle *Luzula multiflora*, heisiv *Juncus squarrosus*, knegras *Danthonia decumbens*, finnskjegg *Nardus stricta*, engkvein *Agrostis capillaris*, englodnegras *Holcus lanatus*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, geitsvingel *Festuca vivipara*, blåtopp *Molinia caerulea*, tirlitunge *Lotus corniculatus*, augnetrøst *Euphrasia* sp., blåknapp *Succisa pratensis*, tettegras *Pinguicula vulgaris*, mjuk kråkefot *Lycopodium clavatum*, bjønnekam *Blechnum spicant*, heibljåfjor *Polygala serpyllifolia*, flekkmarrihand *Dactylorhiza maculata*, smalkjempe *Plantago lanceolata*, følblom *Leontodon autumnalis*, kystmaure *Galium saxatile*, blåklokke *Campanula rotundifolia*, fagerperikum *Hypericum pulchrum*, kystmyrklegg *Pedicularis sylvatica*, kattefot *Antennaria dioica*.

**Beitemarksopp:** Russelærvokssopp *Hygrocybe russocoriacea* (NT), liten vokssopp *H. insipida*, seig vokssopp *H. laeta*, honningvokssopp *H. reidii*, raud honningvokssopp *Hygrocybe splendidissima* (NT), møyjevokssopp *H. coccinea*, liten møyjevokssopp *H. miniata*, kantarellvokssopp *H. cantharellus*, voksgul vokssopp *H. ceracea*, grøn vokssopp *H. psittacina*, kjeglevokssopp *H. conica*, grå vokssopp *H. irrigata*, gulbrun narrevokssopp *Camarophyllopsis schulzeri* (NT), gul småkøllesopp *Clavulinopsis helvola*, okergul grynhatt *Cystoderma amianthinum*, *C. carcharias*, *Entoloma* cf. *longistriatum*, *E. conferendum*, *E. sericellum*, sleip jordtunge *Geoglossum glutinosum*, brunsvart jordtunge *G. cf. umbratile*.

### Aktuelle forvaltningstiltak

Halde fram med sauebeitinga.

**Registrert av** Bjørn Moe og Asbjørn Knutsen

**Dato** 12.08. og 17.09. 2005





**Figur 53.** Tveitafjellet (lokalitet 20) med grasmark og lynghei, og ein god del bart fjell.



**Figur 54.** Nordre Våge (lokalitet 21) med purpurlyng framfor dei lune bergveggane.

## Lokalitet 22 Rongavatnet

<b>Hovedtype</b>	Ferskvatn/våtmark. Myr	<b>Areal</b>	31,0 daa
<b>Undertype</b>	Mudderbank (E02), rikmyr (A05)	<b>Verdi</b>	B – viktig

### Områdeskildring

Rongavatnet er eit stort vatn omgitt av lynghei, og lokaliteten tilhøyrer den sørvestlige bukta av vatnet. Det er grunt vatn i bukta og ein 5-10 m brei sonering med myr- og sumpvegetasjon mellom vatnet og lyngheia. Uti vatnet er det mudderbank på dei grunne finkorna lausmassane av sand. Kortsotstrand dominerer med mykje botnegras, samt krypsiv, stivt brasmegras og gytjeblererot. Tuver med buntsivaks står spreidd i vasskanten. I sumpjorda inne på land er det innslag minerotrofe myrer, ofte tilknytt dei opne jordflekke. Myrvegetasjonen er intermediaermyr og rikmyr med artar som myrsaulauk, myrkråkefot og tvebustorr. Takrør er vanleg i Rongavatnet, og finst og på denne lokaliteten, i nord på austsida av bukta.

### Noterte artar

Flaskestorr *Carex rostrata*, beitestorr *C. serotina*, tvebustorr *C. dioica*, grønstorr *C. demissa*, buntsivaks *Eleocharis multicaulis* (NT), krypsiv *Juncus bulbosus*, ryllsiv *J. articulatus*, heisiv *J. squarrosus*, takrør *Phragmites australis*, botnegras *Lobelia dortmanna*, gytjeblererot *Utricularia intermedia*, kysttjønnaks *Potamogeton polygonifolius*, dikesoldogg *Drosera intermedia*, tettegras *Pinguicula vulgaris*, kystmyrklegg *Pedicularis sylvatica*, rome *Narthecium ossifragum*, myrsaulauk *Triglochin palustris*, stivt brasmegras *Isoetes lacustris*, myrkråkefot *Lycopodiella inundata*.

**Registrert av** Bjørn Moe **Dato** 09.06.2005

## Lokalitet 23 Rongvasshaugane aust

<b>Hovedtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b>	42,6 daa
<b>Undertype</b>	Naturbeitemark (D04), kystlynghei (D07)	<b>Verdi</b>	A – svært viktig

### Områdeskildring

Gammalt kulturlandskap sør for stort myrområde ved Løkjene, med både tradisjonell naturbeitemark og lynghei. Stor variasjon frå tettvaksen lyngmark og mykje einer til godt nedbeita grasmark. Sauene som går i området vil halde beitetrykket oppe der det er open grasmark eller kortvaksen lyngvegetasjon, mens der lyngen er forveda og grovvaksen vil det gro til med busker og kratt, særleg einer. Den sjeldne beitemarksplanta solblom vart funnen på 4 stader med til saman 18 individ, alle sterile bladrosett. Planta veks i relativt open vegetasjon blant lyng, gras og små urter, særleg røsslyng, klokkeling, purpurlyng, kornstorr, finnskjepp, kystmaure og heiblåfjør. Typiske habitat er på sørsida av dei mange kollene i det småkuperte terrenget. Tilstanden til solblom er ikkje god, etter som fleire av plantene veks i nærleiken av ein relativt grovvaksen lyngvegetasjon. Bladrosettane vil ikkje tåle å bli overgrodd med lyng eller einer. Berre sterile planter kan tyde for dårleg livskraft for bløming, men kan også skuldast naturlege variasjonar frå eit år til eit anna.

### Noterte artar

Røsslyng *Calluna vulgaris*, purpurlyng *Erica cinerea* (NT), klokkeling *Erica tetralix*, storbjønnskjepp *Trichophorum cespitosum* ssp. *germanicum*, bråtestorr *Carex pilulifera*, kornstorr *C. panicea*, finnskjepp *Nardus stricta*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, geitsvingel *Festuca vivipara*, smyle *Avenella flexuosa*, tepperot *Potentilla erecta*, katterot *Antennaria dioica*, blåknapp *Succisa pratensis*, tiriltunge *Lotus corniculatus*, heiblåfjør *Polygala serpyllifolia*, flekkmarhand *Dactylorhiza maculata*, kystmaure *Galium saxatile*, solblom *Arnica montana* (VU), kystgrisøyre *Hypochaeris radicata*.

### Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Attgroing med lyng og einer trugar solblom.

### Aktuelle forvaltningstiltak

Rydding av lyng og brenning, særleg på haugane rundt solblomplantene.

**Registrert av** Bjørn Moe **Dato** 09.06.2005





**Figur 55.** Rongavatnet (lokalitet 22) ligg i eit område med lynghei. I vasskanten er det mudderbank og rikmyr.



**Figur 56.** Ved Rongvasshaugane er det fleire førekomstar av solblom, men talet på individ er lågt og berre eit fåtal av dei blømer.



## Lokalitet 24 Rongvasshaugane vest

<b>Hovudtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b>	34,5 daa
<b>Undertype</b>	Naturbeitemark (D04), kystlynghei (D07)	<b>Verdi</b>	A – svært viktig

### Områdeskildring

Lokaliteten er den nordlege delen av ein inngjerda teig med naturbeitemark, eit areal på ca. 35 dekar. Vegetasjonen på teigen er tradisjonell naturbeitemark og lyngmark. Marka er stort sett i god hevd med ein kortvaksen gras- og lyngvegetasjon. Ein blanding av gras og lyng i 50/50 er karakteristisk med artar som gulaks, kornstorr, heisiv, klokkeling, purpurlyng, røsslyng, kystmyrklegg og blåknapp. Det går sauver på teigen, og det var mykje tråkk og andre spor etter storfe. Lyngen har god beiteverdi så lenge den blir halden nede av eit relativt hardt og kontinuerlig beitetrykk. Tilstanden på denne marka er gunstig for solblom i og med at planta vart registrert med ca. 100 individ, derav 5 fertile. Planta står med tette bladrosetter fleire stader, særleg på sørsida av dei mange kollene i det småkuperte terrenget. Litt berg i dagen er gunstig og karakteristisk. Beste lokalitet for solblom som er registrert i Sveio. Alt tyder på at denne beitemarka har lang kontinuitet og er halden i tradisjonell hevd utan effektivisering med kunstig gjødsling eller liknande. Derfor veks det framleis solblom her – ei plante som har gått dramatisk tilbake på heile Vestlandet. Denne teigen er i betre stand enn lokalitet 23 (Rongvasshaugane aust).

### Noterte artar

**Karplanter:** Krypvier *Salix repens*, røsslyng *Calluna vulgaris*, purpurlyng *Erica cinerea* (NT), klokkeling *E. tetralix*, heisiv *Juncus squarrosus*, storbjønnskjepp *Trichophorum cespitosum* ssp. *germanicum*, bråtestorr *Carex pilulifera*, kornstorr *C. panicea*, finnskjepp *Nardus stricta*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, geitsvingel *Festuca vivipara*, smyle *Avenella flexuosa*, kystmyrklegg *Pedicularis sylvatica*, tepperot *Potentilla erecta*, kattefot *Antennaria dioica*, blåknapp *Succisa pratensis*, tirlunge *Lotus corniculatus*, heiblåfjør *Polygala serpyllifolia*, flekkmariland *Dactylorhiza maculata*, kystmaure *Galium saxatile*, solblom *Arnica montana* (VU), kystgrisøyre *Hypochaeris radicata*.

**Sopp:** Engvokssopp *Hygrocybe pratensis*, grøn vokssopp *H. psittacina*

### Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Attgroing med lyng og einer ved reduksjon i beitetrykket.

### Aktuelle forvaltingstiltak

Oppretthalde beitetrykket som i dag og rydde vekk grovvaksen lyng og einer.

**Registrert av** Bjørn Moe

**Dato** 09.06.2005

## Lokalitet 25 Haugatjørna

<b>Hovedtype</b>	Ferskvatn / våtmark	<b>Areal</b>	33,3 daa
<b>Undertype</b>	Rik kulturlandskapsjø (E08)	<b>Verdi</b>	B – viktig

### Områdeskildring

Haugatjørna ligg tett ved vegen like nord for Vikse. Vatnet har litt steinfylling langs austsida, men grenser til beitemark på storparten av vestsida. Det er frodig sumpvegetasjon i og ved kanten av tjørnet. Spesielt vassgro veks i svært store mengder og dominerer rundt heile vatnet. Den står i lausbotn ytst i ein ca. 10 m breie sonering med sumpvegetasjon. Botnegras veks der det er fastare botn. Haugatjørna heng saman med eit mindre tjørn gjennom ein ca. 100 m lang kanal. Denne kanalen er meir eller mindre attgrodd med vassgro og høge sumpplanter, samt trær og buskar av øyrevier, selje og bjørk. Vassgro finst også ved det nordlege tjørnet, men dannar ikkje så tett belte her. Det er litt attgroingsmyr langs vestkanten.

Vassgro er ei relativt sjeldan vassplante med søraustleg utbreiing i Norge. Førekomsten i dette vatnet er uvanleg stor, kanskje den største i Hordaland.

### Noterte artar

Øyrevier *Salix repens*, mannosøtgras *Glyceria fluitans*, skogrørkvein *Calamagrostis purpurea*, flaskestorr *Carex rostrata*, vassgro *Alisma plantago-aquatica*, elvesnelle *Equisetum fluviatile*, kjempespringfrø *Impatiens glandulifera*, myrhatt *Potentilla palustris*, gulldusk *Lysimachia thyrsoflora*, grøftesoleie *Ranunculus flammula*, sløke *Angelica sylvestris*, bukkeblad *Menyanthes trifoliata*, mjødur *Filipendula ulmaria*, vanleg tjønnaks *Potamogeton natans*, rusttjønna *P. alpinus*, kvit nøkkerose *Nymphaea alba*, gul nøkkerose *Nuphar lutea*, botnegras *Lobelia dortmanna*

**Registrert av** Bjørn Moe

**Dato** 12.08.2005

## Lokalitet 26 Hillesvågen sør

**Hovudtype** Kulturlandskap

**Areal** 694,3 daa

**Undertype** Kystlynghei (D07)

**Verdi** C – lokal verdi

### Områdeskildring

Heiområdet på halvøy vestafor Skålaskog, avgrensa av Mørkavatnet i sør og sjøen i vest og nord. Bratt berg med litt storblokka ur i sør. Her finst purpurlyng i mengder. Innover det knausete platået dominerer røsslyng det grunnlendte og sure jordsmonnet med mykje berg i dagen. Heile området har om lag 50 % impediment, med ein del heigråmose på rabbane. Røsslyngen er grovvaksen, forveda og ofte over 50 cm høg. Det er mykje einer i heia, ofte som låg krypande busk eksponert mot havet. Spreidd furu og rogn finst og, frå små buskar til et par meter høge tre. Heia har dårleg beiteverdi i dag, og det vart heller ikkje sett sauer i området. Men området kan restaurerast ved hjelp av brenning. Fordi heia tilhører ein halvøy, vil den være veileigna til brenning.

### Noterte artar

Røsslyng *Calluna vulgaris*, purpurlyng *Erica cinerea* (NT), klokkeling *E. tetralix*, mjølbær *Arctostaphylos uva-ursi*, krekling *Empetrum nigrum*, geitsvingel *Festuca vivipara*, blåtopp *Molinia caerulea*, knegras *Danthonia decumbens*, dvergsmyle *Aira praecox*, stjernestorr *Carex echinata*, heistorr *C. binervis*, kornstorr *C. panicea*, bråtestorr *C. pilulifera*, storbjønnskjegg *Trichophorum cespitosum* ssp. *germanicum*, heisiv *Juncus squarrosus*, lusegras *Huperzia selago*, mjuk kråkefot *Lycopodium clavatum*, stri kråkefot *L. annotinum*, rome *Narthecium ossifragum*, bjønnekam *Blechnum spicant*, tepperot *Potentilla erecta*, gullris *Solidago virgaurea*, kystmyrklegg *Pedicularis sylvatica*.

### Aktuelle forvaltingstiltak

Bør brennast for å få tilbake verdien som beiteområde.

**Registrert av** Bjørn Moe

**Dato** 18.08.2005

## Lokalitet 27 Hillesvågen nord

**Hovudtype** Kulturlandskap

**Areal** 675,8 daa

**Undertype** Kystlynghei (D07)

**Verdi** C – lokal verdi

### Områdeskildring

Langeset er halvøya som ligg mellom Mølstrevågen i nord og Hillesvågen i sør. Ligg eksponert og værhardt til mot ope hav, noko som betyr at attgroinga går relativt seint. Det er store parti med impediment, kanskje så mykje som 50 % av arealet. Langeset er dominert av røsslyng, men lyngen er gammal og grovvaksen. Stadvis mykje einer og furu. Området beites av sau som får tilleggsfôr. Bør brennast for å betre verdien som beiteområde. Denne langstrakte halvøya vil være veileigna til å brenne, og heia har derfor eit potensiale til å bli ein godt skjotta kystlynghei. Ikkje undersøkt under naturtypekartlegginga.

### Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Attgroing.

### Aktuelle forvaltingstiltak

Brenne lyng og hogge ut einer og furu.

### Litteratur

Nøttveit 2005

**Registrert av** Aase Nøttveit

**Dato** 2005

## Lokalitet 28 Lindeberg

**Hovedtype** Skog

**Areal** 6,4 daa

**Undertype** Rik edellauvskog (F01)

**Verdi** B – viktig

### Områdeskildring

Lindeberg er ein bratt li langs Simonstjørn ved nordre Mølstre. Skogen er litt tungt tilgjengeleg og ligg under ein steil bergammar med søraustleg eksponering. Tørr skog med mykje lind i øvre delen, til dels med tre som veks i steile hyller og mellom urd av blokkar. Eik og hassel er og vanleg, med fleire store eiker på 60-70 cm i stammediameter. Ask er sjeldnare.

Mykje gulaks, smyle og andre gras tyder på beiting tidlegare. Vestlandsvikke er ein annan kulturindikator. Stadvis ein del bergflette i berg og på bakken. Kystblåfylltav vart funnen som epifytt på basis av ein lindestamme.

### Noterte artar

Bergflette *Hedera helix*, vivendel *Lonicera periclymenum*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, hengjeaks *Melica nutans*, bleikstorr *Carex pallescens*, skogstorkenebb *Geranium sylvaticum*, breiflangre *Epipactis helleborine*, legeveronika *Veronica officinalis*, småmarimjelle *Melampyrum sylvaticum*, kusymre *Primula vulgaris*, gjerdevikke *Vicia sepium*, vestlandsvikke *Vicia orobus*, gullris *Solidago virgaurea*, knollerteknapp *Lathyrus linifolius*, jordnøtt *Conopodium majus*, liljekonvall *Conallaria majalis*.

Lav: Kystblåfyllav *Degelia atlantica* (VU)

### Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Det ligg ein hytte i nordaustlige del av skogen.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 07.06.2005

## Lokalitet 29 N. f. Vandaskogen

Hovudtype Myr

Areal 4,3 daa

Undertype Rikmyr (A05)

Verdi B – viktig

### Områdeskildring

Lokaliteten ligg ved nedre del av bekken frå nordenden av Kovatjørna til Vandaskogdalen. Bekken renn i søraustleg retning gjennom eit fattig heiområde med sure bergartar, men ein mogleg gabbro kan være årsak til ein lokal førekomst med rikmyr. Myra ligg delvis på flata nedst i dalen og held fram som rike sig ca. 100 m oppover langs bekken. Bekken er liten og tørker ut på overflata ved lite nedbør, men jorda er likevel fuktig høgt oppe. Det er stein og mineraljord, og lite torvjord langs med bekken, samt flekker med open jord. Artar frå lyngheia og myr veks i blanding. Blåtopp dominerer i heia som har spreidde tre med bjørk, furu og øyrevier. Karakterarten brunskjene veks nede på flata og i sig ved bekken. Dette er den einaste kjende førekomsten av arten i Sveio. Mange store tuer innan eit areal på ca. 10 x 10 m. Også jåblom er typisk, saman med storrartane engstorr, loppestorr og særbustorr.

### Noterte artar

Pors *Myrica gale*, krypvier *Salix repens*, klokkeling *Erica tetralix*, engstorr *Carex hostiana*, loppestorr *C. pulicaris*, stjernestorr *C. echinata*, kornstorr *C. panicea*, beitestorr *C. serotina*, særbustorr *C. dioica*, blåtopp *Molinia caerulea*, brunskjene *Schoenus ferrugineus* (NT), ryllsiv *Juncus articulatus*, jåblom *Parnassia palustris*, grøftsoleie *Ranunculus flammula*, blåknapp *Succisa pratensis*, rome *Narthecium ossifragum*, tepperot *Potentilla erecta*, smal soldogg *Drosera anglica*, skogsnelle *Equisetum sylvaticum*, myrstjernemose *Campylium stellatum*.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 18.08.2005

## Lokalitet 30 Ryvarden - Lyngholmen

Hovudtype Kulturlandskap

Areal 3133,7 daa

Undertype Kystlynghei (D07)

Verdi B – viktig

### Områdeskildring

Det trelause området frå Lyngholmen og sør til Ryvarden er det største samanhengande lyngheiområdet som er att i Sveio. Lyngholmen er tidlegare registrert av Fremstad, Aarrestad & Skogen (1991), men dei har berre avgrensa den nordlege delen. Det er grunnlag for å trekke området lenger sør mot Ryvarden.

Terrenget er kupert med lite lausmassar og mykje fjell i dagen. Om lag 50 % av arealet er utan vegetasjon, og langs strandsona i vest dekkjer impediment endå større areal. Fuktig type lynghei dominert av storbjønnskjegg og blåtopp er svært vanleg i nordskrånningar og i flate parti. Røsslyngdominert hei i både fuktig og tørr utforming førekjem, men røsslyng dominerer ikkje store areal. Lyngen er stadvis grov og forveda, men også lågare og lite forveda lyng finst. Purpurlyng er svært vanleg i sørvendte skrånningar, særleg i kontakt med bart fjell. Denne tørre typen dekkjer ikkje store samanhengande areal, men er likevel ein viktig utforming av lynghei i området.

Det er lokalt ein del einer som dannar tette kratt, men totalt sett er området lite attgrodd med buskar. Men området kan være utsett for å gro igjen, i og med at det ser ut til å ha vore lite beita dei seinaste åra.

Stort areal og grense til sjøen gir inntrykk av eit intakt oseanisk heilandskap.

Nordsjøløypa går gjennom lokaliteten.

### Noterte artar

Purpurlyng *Erica cinerea* (NT), klokkeling *E. tetralix*, røsslyng *Calluna vulgaris*, mjølbær *Arctostaphylos uva-ursi*, krekling *Empetrum nigrum*, krypvier *Salix repens*, blåtopp *Molinia caerulea*, knegras *Danthonia decumbens*, geitsvingel *Festuca vivipara*, storbjønnskjegg *Trichophorum cespitosum* ssp. *germanicum*, heistorr *Carex binervis*, bråtestorr *C. pilulifera*, stjernestorr *C. echinata*, kornstorr *C. panicea*, heisiv *Juncus squarrosus*, rome *Narthecium ossifragum*, mjuk kråkefot *Lycopodium clavatum*, lusegras *Huperzia selago*, fagerperikum *Hypericum pulchrum*, bjønnekam *Blechnum spicant*, blåknapp *Succisa pratensis*, flekkmarihand *Dactylorhiza maculata*.

På rullestein-strand: Strandkvann *Angelica archangelica* ssp. *litoralis*, vanleg knoppurt *Centaurea jacea*, rosenrot *Rhodiola rosea*, smørbuk *Hylotelephium maximum*, vill-lin *Linum catharticum*, blodtopp *Sanguisorba officinalis*.



### Aktuelle forvaltningstiltak

Brenning for å betre tilhøva for beiting. Fjerne einerkratt, enten ved brenning eller klipping.

### Litteratur

Fremstad, Aarrestad & Skogen 1991.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 08.08.2005

## Lokalitet 31 Hamnavika

Hovudtype Kyst og havstrand

Areal 1,6 daa

Undertype Strandeng og strandsump (G05)

Verdi B – viktig

### Områdeskildring

På nordsida av Lyngholmen, innanfor Hamnavika finst ein liten, men interessant strandsump. Sumpen ligg inntil eit aust-vest gåande berg som utgjør eit lite dalsøkk på 100 m frå sjøen. Ytst i dalsøkket er det tettaksen vegetasjon med høgstaudar som mjødukt, strandkvann og sverdlilje. Heilt ytst nær sjøen står det eit bestand med havsivaks. Duskstorr inngår i denne vegetasjonen innanfor eit areal på 10 x 30 m, og ca. 1 – 3 moh. Det veks altså så vidt over tidevass-sona, men får fuktig drev frå havet ved pålandsvind, og tang blir skylt inn. Duskstorr står i dreneringssona til sigevatn og bekken gjennom dalsøkket, og planta er avhengig av å ikkje tørke ut. Ved sterk attgroing kan dalsøkket bli for tørt. Duskstorr ser ut til å ha halde seg godt på lokaliteten, og det har tidlegare vore omtalt som 50-60 m<sup>2</sup> stort (Lundberg 1992), noko som tilsvare dagens bestand. Dette er ei sørleg, varmekjær og sjeldan strandplante og kanskje den einaste lokaliteten i Hordaland.

### Noterte artar

Duskstorr *Carex disticha*, havsivaks *Bolboschoenus maritimus*, krypkvein *Agrostis stolonifera*, mjødukt *Filipendula ulmaria*, myrhatt *Potentilla palustris*, gåsemure *P. anserina*, strandvindell *Calystegia sepium*, strandkvann *Angelica archangelica* ssp. *litoralis*, sverdlilje *Iris pseudacorus*, klengemaure *Galium aparine*, soleihov *Caltha palustris*.

### Litteratur

Lundberg 1992

Registrert av Bjørn Moe

Dato 08.08.2005

## Lokalitet 32 Åseåsen

Hovudtype Kulturlandskap

Areal 52,3 daa

Undertype Naturbeitemark (D04)

Verdi A – svært viktig

### Områdeskildring

Åseåsen tilhøyrer kulturlandskapa som ligg omkring Sveio sentrum. Grense mot Steinarstjørn i sørvest og steingarden mot attgrodd lyngmark i vest. Åseåsen er ein markert kolle med topp på 85 moh. og bratte sider mot aust og sør. Heile åsen er dominert av grasmark, meir eller mindre med innslag av urter. Variasjon frå artsrike utformingar av jordnøtteng med hjartegras, gjeldkarve og marinøkkel til artsfattige utformingar av grasmark nesten heilt dominert av raudsvingel (raudsvingeleng). Raudsvingeleng finst særleg på toppen av åsen og flekkvis i skråningane. Det bratte terrenget er på ein stad litt oppmura for terrassering av den bratte marka. Tråkk frå sau er lagt små stiar parallelt med høgdekotene, og dette har danna opne jordflekkar med litt erosjon. Her finst habitat for dvergsmyle. Stein er lagt i rydningsrøysar, noko som tyder på at åsen er ein gammal slåttemark. Fråværet av lyngartar indikerer slåttemark for ikkje så langt tilbake i tid. Sannsynlegvis er åsen blitt vurdert til å vere for bratt og tungdriven ved den generelle effektiviseringa av slåttemarkene, og marka har derfor ikkje vore driven på moderne vis med kunstig gjødsling. Etter at det vart slutt på slått har marka gått over i ein kontinuerlig beitefase slik at området ikkje er utsett for attgroing. Derfor er innslaget av karakterartar på tradisjonelle slåtte- og beitemarkar blitt bevart.

Åseåsen er eit kulturlandskap i hevd med interessant vegetasjon. Naturbeitemark og tidlegare slåttemark av denne typen er blitt svært sjeldsynte på Vestlandet. Artsrik flora av beitemarkssopp.

## Noterte artar

**Karplanter:** Marinøkkel *Botrychium lunaria* (NT), hjartegras *Briza media*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, raudsvingel *Festuca rubra*, geitsvingel *F. vivipara*, englodnegras *Holcus lanatus*, engrapp *Poa pratensis*, dvergsmyle *Aira praecox*, harestorr *Carex leporina*, bråtestorr *C. pilulifera*, kornstorr *C. panicea*, loppstorr *C. pulicaris*, engstorr *C. hostiana*, slåttestorr *C. nigra*, heisiv *Juncus squarrosus*, markfrytle *Luzula campestris*, smalkjempe *Plantago lanceolata*, grasstjerneblom *Stellaria graminea*, kystmaure *Galium saxatile*, ryllik *Achillea millefolium*, kvitkløver *Trifolium repens*, raudkløver *T. pratense*, legeveronika *Veronica officinalis*, bakkeveronika *V. arvensis*, heiblåfjør *Polygala serpyllifolia*, gjeldkarve *Pimpinella saxifraga*, jordnøtt *Conopodium majus*, engsyre *Rumex acetosa*, tiriltunge *Lotus corniculatus*, blåkoll *Prunella vulgaris*, blåknapp *Succisa pratensis*, kattefot *Antennaria dioica*, kystgrisyre *Hypochaeris radicata*, hårsveve *Hieracium pilosella*, blåklukke *Campanula rotundifolia*, kystmyrklegg *Pedicularis sylvatica*, fagerperikum *Hypericum pulchrum*, jonsokkoll *Ajuga pyramidalis*, storblåfjør *Polygala vulgaris*, knollerte knapp *Lathyrus linifolius*.

**Sopp:** Beiteraudeksivesopp *Entoloma sericeum*, silkerauksivesopp *E. sericellum*, *E. chalybaeum*, *E. lividoalbum*, skjelljordtunge *Geoglossum fallax*, sleip jordtunge *G. glutinosum*, brunsvart jordtunge *G. cf. umbratile*, russelervokssopp *Hygrocybe russocoriacea* (NT), gulfotvokssopp *H. flavipes* (NT), sauevokssopp *H. ovina* (VU), raud honningvokssopp *H. splendidissima* (NT), kjeglevokssopp *H. conica*, honningvokssopp *H. reidii*, liten mønjevokssopp *H. miniata*, sleip vokssopp *H. irrigata*, engvokssopp *H. pratensis*, seig vokssopp *H. laeta*, *H. lepida*, lys engvokssopp *H. pratensis* var. *pallida*, grøn vokssopp *H. psittacina*, *H. irrigata*, voksgul vokssopp *H. ceracea*, gul vokssopp *H. chlorophana*, liten vokssopp *H. insipida*, snøkvit vokssopp *H. virginea*, kantarellvokssopp *H. cantharellus*, *H. conferendum*, *Helvella macropus*, okergul grynhatt *Cystoderma amianthinum*, tuet kølesopp *Clavaria fragilis*, *Clavulina rugosa*, *Clitocybe metachroa*, rynkehette *Mycena galericulata*, kumelkehette *M. leucogala*, spiss fleinsopp *Psilocybe semilanceata*.

**Registrert av** Bjørn Moe og Asbjørn Knutsen

**Dato** 09.06. og 17.09. 2005

## Lokalitet 33 Lauvåshaugen

**Hovudtype** Kulturlandskap

**Areal** 14,7 daa

**Undertype** Naturbeitemark (D04)

**Verdi** A – svært viktig

### Områdeskildring

Lauvåshaugen ("Hoiien") ligg ved garden Lauvås. Det er ein markert kolle med bratte sider mot sør og vest, slakare skråning mot aust. Heile åsen er dominert av grasmark med innslag av urter frå tradisjonell beite- eller slåttemark. Marka har vore slått tidlegare, men er sannsynlegvis blitt vurdert til å være for bratt og tungdriven ved den generelle effektiviseringa av slåttemarkene, og derfor har den ikkje vore driven på moderne vis med kunstig gjødsling. Men marka har vore kontinuerlig beita slik at området ikkje er utsett for atgroing. Jordnøtteng dekker stort sett heile området, og det inngår ein rekkje karakterartar med gras og urter som t.d. dunhavre, kystgrisyre og storblåfjør. Åsen ligg vendt mot sør og har eit relativt varmt lokalklima, skjerma for nordavind. Hjartegras og småengkall tyder på eit baserikt jordsmonn, iallfall i deler av området. På stader med bergknauser er jorda grunnlendt, og lokaliteten har varierte jordbotnforhold. Solblom og flekkgrisyre er to karakterartar i enga som er blitt svært sjeldne i kulturlandskap på heile Vestlandet. Ingen av dei blømde, og berre bladrosettar vart funne i 2005: ca. 60 rosettar av solblom er konsentrert til ein liten del av enga. Flekkgrisyre er sjeldnare, og mindre enn 5 rosettar vart funne.

Trakk frå sauer har danna små stiar parallelt med høgdekotene, og dette har danna opne jordflekkar. Her finst habitat for vestlandsvikke og andre artar som spirar betre i open jord enn der det er tett vegetasjon. Litt purpurlyng og krypvier veks på skrinne stader.

Enga blir i dag brukt som beite for lam tidleg på våren og seinhaustes. Det er gunstig at enga får stå fritt gjennom sommaren og setje frø før den blir beita ned att ved slutten av sesongen. Dette er bra for utviklinga til engplantene og for å unngå etablering av einer og buskar av lauvtre. Nokre få juvenile planter av bjørk vart registrert, men dei er ikkje større enn at dyra vil komme til å ta dei.

Dette er ei svært interessant naturbeitemark, truleg blant dei beste som finst att i heile fylket. Rik flora av beitemarksopp.

## Noterte artar

**Karplanter:** Krypvier *Salix repens*, purpurlyng *Erica cinerea* (NT), gulaks *Anthoxanthum odoratum*, dunhavre *Avenula pubescens*, hjartegras *Briza media*, finnskjegg *Nardus stricta*, engrapp *Poa pratensis*, grønstorr *Carex demissa*, harestorr *C. ovalis*, kornstorr *Carex panicea*, bråtestorr *C. pilulifera*, loppstorr *C. pulicaris*, ryllik *Achillea millefolium*, solblom *Arnica montana* (VU), jonsokkoll *Ajuga pyramidalis*, blåklukke *Campanula rotundifolia*, svartknoppurt *Centaurea nigra*, jordnøtt *Conopodium majus*, augnetrøyst *Euphrasia* sp., kystmaure *Galium saxatile*, hårsveve *Hieracium pilosella*, fagerperikum *Hypericum pulchrum*, flekkgrisyre *Hypochaeris maculata*, kystgrisyre *H. radicata*, knollerte knapp *Lathyrus linifolius*, tiriltunge *Lotus corniculatus*, gjeldkarve *Pimpinella saxifraga*, smalkjempe *Plantago lanceolata*, storblåfjør *Polygala vulgaris*, tepperot *Potentilla erecta*, blåkoll *Prunella vulgaris*, småengkall *Rhinanthus minor*, landøyda *Senecio jacobaea*, grasstjerneblom *Stellaria graminea*, blåknapp *Succisa pratensis*, vestlandsvikke *Vicia orobus*.

**Sopp:** Mørkskjella vokssopp *Hygrocybe turunda* (NT), russelervokssopp *H. russocoriacea* (NT), sauevokssopp *H. ovina* (VU), gulfotvokssopp *H. flavipes* (NT), engvokssopp *H. pratensis*, grøn vokssopp *H. psittacina*, gul vokssopp *H. chlorophana*, seig vokssopp *H. laeta*, skjør vokssopp *H. ceracea*, kjeglevokssopp *H. conica*, mønjevokssopp *H. coccinea*, liten vokssopp *H. miniata*, honningvokssopp *H. reidii*, bleiktuppet småkølesopp *Clavulinopsis luteoalba*, fiolett greinkølesopp *Clavaria zollingeri* (NT), dverglakssopp *Laccaria tortilis*, grå narremusserong *Porpoloma metapodium* (VU).

### Aktuelle forvaltningstiltak

Bruken av området bør halde fram som i dag, med beiting tidleg om våren og seinhaustes. Må ikkje tilførast kunstgjødsel eller kalk. Denne artsrike enga er svært godt kvalifisert til SMIL-tilskot.

**Registrert av** Bjørn Moe

**Dato** 10.06.2005



**Figur 57.** Åseåsen (lokalitet 32) er eit interessant kulturlandskapsområde i god hevd.



**Figur 58.** Lauvåshaugen har ein svært rik engflora og fleire raudlista soppar. Biletet viser bløminga til jordnøtt i juni.



## Lokalitet 34 Lauvås sør

<b>Hovudtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b>	15,1 daa
<b>Undertype</b>	Naturbeitemark (D04)	<b>Verdi</b>	B – viktig

### Områdeskildring

Sør for vegen til Lauvås ligger eit stort område som blir kraftig beita av sau, særlig på vinteren og hausten. Om våren blir sauene tatt vekk pga. store mengder med giftplanta rome. Ein stor del av arealet er fattig grashei dominert av blåtopp og storbjønnskjegg. Denne heia er ikkje med i kartlegginga. Men søraust for Liatjørn vart det registrert ein bakke med meir artsrik beitemark. Bakken vender mot vest og sørvest og ligg nedanfor skrinne bergknausar. Storbjønnskjegg og blåtopp er vanleg, men dominerer ikkje. Her er noko grov røsslyng, stadvis død pga. tråkk og slitasje. Men også små, unge røsslyngplanter førekjem. Vegetasjonen har derfor ein blanding av lyng, gras og urter. Om lag 50 planter av solblom veks på lokaliteten, mest sterile bladrosettar. Berre ei plante var fertil. Fleire av rosettane var små og juvenile, noko som tyder på vegetativ formeiring og spreiring. Rosettane til solblom står gjerne i opne jordflekkear, truleg etter dyretråkk der vegetasjonen ikkje er for tett.

### Noterte artar

Krypvier *Salix repens*, mjølbar *Arctostaphylos uva-ursi*, rypebær *A. alpinus*, kornstorr *Carex panicea*, bråtestorr *C. pilulifera*, storbjønnskjegg *Trichophorum cespitosum* ssp. *germanicum*, blåtopp *Molinia caerulea*, blåknapp *Succisa pratensis*, tepperot *Potentilla erecta*, kystmyrklegg *Pedicularis sylvatica*, heibläfjør *Polygala serpyllifolia*, blåklukke *Campanula rotundifolia*, flekkmariland *Dactylorhiza maculata*, rome *Narthecium ossifragum*, kattefot *Antennaria dioica*, tirlunge *Lotus corniculatus*, kystmaure *Galium saxatile*, solblom *Arnica montana* (VU).

### Aktuelle forvaltingstiltak

Sauebeitinga må halde fram som i dag.

**Registrert av** Bjørn Moe **Dato** 10.06.2005

## Lokalitet 35 Nordskogvatnet

<b>Hovudtype</b>	Ferskvatn/våtmark	<b>Areal</b>	9,3daa
<b>Undertype</b>	Evjer, bukter og viker (E12)	<b>Verdi</b>	C – lokal verdi

### Områdeskildring

Lokaliteten ligg i nordenden av Nordskogvatnet. Einaste kjende førekomst av smalt dunkjevle *Typha angustifolia* i Sveio. Hovudførekomsten ligg frå den vesle holmen og inn i vika. Her er planta fertil med aks i toppen. Mindre bestand finst lengre sør på austsida av vatnet, men desse plantene er sterile (utanfor det avgrensa området). Smalt dunkjevle veks ytterst i soneringa mot ope vatn, utanfor takrøyrbeltet.

Smalt dunkjevle er ei søraustleg sumpplante som berre er funnen få stader i Hordaland. Dette er den einaste kjende i Sveio, men planta kan være oversett fordi den gjerne veks i blanding med takrøyr.

**Registrert av** Jan Rabben og Ole Jakob Vorraa **Dato** 11.08.2006

## Lokalitet 36 Varhaug

<b>Hovudtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b>	126,7 daa
<b>Undertype</b>	Naturbeitemark (D04)	<b>Verdi</b>	C – lokal verdi

### Områdeskildring

Varhaug er eit beitemarksområde vest av Kleivavatnet og avgrensa med gjerde mot sør, nord og vest. Det ligg to kollar i området og med myr på flaten mellom dei. Til dels grunt jordsmonn på knausane og med ein del berg i dagen. Mest gras- og storrdominert vegetasjon, med kornstorr, raudsvingel, finnskjegg og andre beitegras. Små beitetilpassa urter som kystmaure og heibläfjør er svært vanlege. Lyngvegetasjonen er kortvaksen og godt nedbeita. I fattige og fuktigare parti dominerer storbjønnskjegg og rome. Einer er vanleg, men veks enkeltvis og ikkje i tette kratt. Denne beitemarka er blitt halde godt i hevd, men vegetasjonen er helst triviell og artsfattig.

### Noterte artar

Røsslyng *Calluna vulgaris*, purpurlyng *Erica cinerea* (NT), klokkelylng *E. tetralix*, krypvier *Salix repens*, geitsvingel *Festuca vivipara*, raudsvingel *F. rubra*, finnskjegg *Nardus stricta*, smyle *Avenella flexuosa*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, tunrapp *Poa annua*, kornstorr *Carex panicea*, bråtestorr *C. pilulifera*, storbjønnskjegg *Trichophorum cespitosum* ssp. *germanicum*, engfrytle *Luzula multiflora*, heibläfjør *Polygala serpyllifolia*, kystmaure *Galium saxatile*, kattefot *Antennaria dioica*, tepperot *Potentilla erecta*, rome *Narthecium ossifragum*, tettegras *Pinguicula vulgaris*, blåknapp *Succisa pratensis*, flekkmariland *Dactylorhiza maculata*, kystmyrklegg *Pedicularis sylvatica*.

**Registrert av** Bjørn Moe **Dato** 10.06.2005

## Lokalitet 37 Holmavatnet

**Hovudtype** Kulturlandskap

**Areal** 9,2 daa

**Undertype** Naturbeitemark (D04), evjer, bukter og viker (E12)

**Verdi** C – lokal verdi

### Områdeskildring

Lokaliteten ligg ved utlaupet til Holmavatnet. Den stilleflytande bekken renn mot nordvest over ei flat slette. Sletta kan ha vore eit grunt vatn som har blitt fylt opp med fine lausmassar og planterestar, og utgjer i dag ei fuktig, mudra sumpjord. Om våren er dette ei eng av blomstrande soleihov. På sidene er marken relativt fast, men den blir gradvis lausare mot bekken der det er mjukmattar og lausbotn. Her veks vassgro, hesterumpe og andre vassplanter. På seinsommaren er vegetasjonen kraftig nedbeita, unntatt dei fuktigaste partia.

### Noterte artar

Krypkvein *Agrostis stolonifera*, blåtopp *Molinia caerulea*, ryllsiv *Juncus articulatus*, krypsiv *J. supinus*, sumpsivaks *Eleocharis palustris*, slåttestorr *Carex nigra*, gråstorr *C. canescens*, kornstorr *C. panicea*, soleihov *Caltha palustris*, grøftesoleie *Ranunculus flammula*, vassgro *Alisma plantago-aquatica*, kysttjønnaks *Potamogeton polygonifolius*, vanleg tjønnaks *P. natans*, myrsaulauk *Triglochin palustris*, myrhatt *Potentilla palustris*, botnegras *Lobelia dortmanna*, gytjebærerot *Utricularia intermedia*, bukkeblad *Menyanthes trifoliata*, dikeminneblom *Myosotis laxa*, vasspepar *Persicaria hydropiper*, hesterumpe *Hippuris vulgaris*.

**Registrert av** Bjørn Moe

**Dato** 18.08.2005

## Lokalitet 38 Litlavatnet

**Hovudtype** Kyst og havstrand

**Areal** 4,5 daa

**Undertype** Strandeng og strandsump (G05)

**Verdi** C – lokal verdi

### Områdeskildring

Litlavatnet er ein brakkvasspoll sør for Eltravågen, forbunden med sjøen gjennom ein 50 m lang tidevasskanal. Kanalen er stilleflytande, 2-5 m brei. Vatnet ligg om lag 1 m over middelvass-stand slik at mykje saltvatn kommer inn kanalen ved springflo og pålandsvind. Ferskvatn blir tilført med bekken på austsida av vatnet. Litlavatnet er grunt, mindre enn 0,5 m og har mudra botn med ganske mykje havgras neddykka i vatnet. Kanten av vatnet er dominert av fjøresivaks, men ytst i dette beltet, der vegetasjonen ikkje blir tørrlagt, veks vassgro og hesterumpe. I sør og vest går vegetasjonen over i ei fukteng med myrklegg, hanekam, vassmynte og musestorr. Den ender opp i ein mjøduerteng, belte av elvesnelle eller buskvegetasjon med pors.

### Noterte artar

Pors *Myrica gale*, fjøresivaks *Eleocharis uniglumis*, havstorr *Carex paleacea*, musestorr *C. serotina* ssp. *pulchella*, ryllsiv *Juncus articulatus*, krypkvein *Agrostis stolonifera*, mannosøtgras *Glyceria fluitans*, havgras *Ruppia maritima*, vassmynte *Mentha aquatica*, fjøresaulauk *Triglochin maritima*, hanekam *Lychnis flos-cuculi*, vassgro *Alisma plantago-aquatica*, hesterumpe *Hippuris vulgaris*, elvesnelle *Equisetum fluviatile*, mjøduert *Filipendula ulmaria*, myrmjølke *Epilobium palustre*, soleihov *Caltha palustris*, grøftesoleie *Ranunculus flammula*, dikeminneblom *Myosotis laxa*.

### Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Det er deponert litt fyllmassar i pollen.

### Litteratur

Lundberg 1992

**Registrert av** Bjørn Moe

**Dato** 08.08.2005

## Lokalitet 39 Storanes

**Hovudtype** Kulturlandskap

**Areal** 104,8 daa

**Undertype** Kystlynghei (D07)

**Verdi** C – lokal verdi

### Områdeskildring

Storanes ligg på vestsida av Eltravågen med eksponering mot ope hav i vest. Eit lite, men fint lyngområde dominert av lågvaksen røsslyng er i god stand. Svidd i 2003 og blir beita av sau (Nøttveit 2005). I nordvest ligg det fleire mindre vasspyttar i lyngheia nær sjøen, og denne delen er skilt ut som eit strandområde (lok. 40).

### Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Attgroing.

**Registrert av** Bjørn Moe

**Dato** 18.08.2005

## Lokalitet 40 Storanes, strand

<b>Hovedtype</b>	Kyst og havstrand	<b>Areal</b>	8,4 daa
<b>Undertype</b>	Strandeng og strandsump (G05)	<b>Verdi</b>	B – viktig

### Områdeskildring

Storanes ligg ytst på vestsida av Eltravågen. Lengst ute på neset ligg det ein serie vasspyttar, til saman 5 i talet. Pyttane ligg nær sjøen og berre 5 moh., slik at dei mottar bølgesprut og fuktig salt-drev, særleg med vindretningar frå nordvest og sørvest. Rundt pyttane er det dels nakent strandberg og dels lausmassar med rullesteinar. På små flekkar med strandeng (saltsiveng) veks pusleblom i store bestand. Den står særleg på små opne jordflekkear og inntil berg og steinar. Ein av pyttane har eit ganske stort bestand med havsivaks. Rullesteinstranda er artsfattig, men inneheld litt strandkvann. Vegetasjonen er beita av sau, og lokaliteten ligg inntil ei lynghei som er i god hevd. Dette er ei interessant strandlokalitet med litt spesielle habitat.

### Noterte artar

Pusleblom *Anagallis minima* (EN), havsivaks *Bolboschoenus maritimus*, fjøresivaks *Eleocharis uniglumis*, krypkvein *Agrostis stolonifera*, raudsvingel *Festuca rubra*, saltsiv *Juncus gerardii*, sylarve *Sagina subulata*, gåsemure *Potentilla anserina*, hanekam *Lychnis flos-cuculi*, strandkjempe *Plantago maritima*, tiriltunge *Lotus corniculatus*, følblom *Leontodon autumnalis*, fjørekoll *Armeria maritima*, strandkvann *Angelica archangelica* ssp. *litoralis*.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 18.08.2005

## Lokalitet 41 Nesheim

<b>Hovedtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b>	32,8 daa
<b>Undertype</b>	Naturbeitemark (D04), artsrik vegkant (D03)	<b>Verdi</b>	A – svært viktig

### Områdeskildring

Parallelt med Rv 541 går det ein gammal grusveg som kan knytast til siste verdskrig (eller før denne) pga. mange krigsminne (jernskrap, bunkersar og liknande) sør for Nesheim. Vegen ligg på grus og finare lausmassar av sand, truleg innslag av skjelsand som tilfører jorda kalk. Enger med mange kalkkrevjande artar som jåblom, vill-lin og hjartegras er karakteristisk. Generelt ein artsrik eng- og grasvegetasjon i og på sida av vegen. Den relativt sjeldne bakkesøte finst i påfallande store mengder (ikkje registrert andre stader i Sveio i nyare tid). Stadvis tett feltsjikt og parti med berre jordflekkear og vegetasjon med konkurransevake artar.

Dvergmarinøkkel er ekstremt følsam for konkurranse og heilt avhengig av opne jordflekkear. Den veks midt i den gamle vegen. Planta vart funnen her fyrste gong i 1980, og det vart då registrert eit hundretals planter (Holtan-Hartwig og Timdal 1990). Ved atffunn av dvergmarinøkkel i 2005 vart ca. 30 blad funnen innanfor eit areal på ca. 5 m<sup>2</sup>. Det er truleg store variasjonar i antalet frå år til år. Planta har halde seg godt her fordi habitatet tilsynelatande ikkje har endra karakter. Det er grunn til å tru at færre beitedyr i utmarka og generelt endra bruk har ført til at dvergmarinøkkel må reknast som ein av dei sjeldnaste karplantene i Noreg, med berre åtte lokalitetar att. Den har hatt sterk tilbakegang og blir rekna som kritisk trua (raudlistekategori CR). På lokaliteten ved Nesheim er det ikkje teikn til attgroing med lyng og buskar, truleg pga. passe sauebeiting og moderat slitasje på vegetasjonen.

Frå grusvegen og vestover i lyngheia mot det gamle fortet vart det registrert ein rik soppflora med mange interessante beitemarksoppar, herav seks raudlista artar. Ved fortet veks det mykje vanleg marinøkkel. Med fem raudlista karplanter og seks sopp er det til saman elleve raudlisa artar på lokaliteten. Området har spesielle særtrekk, og må reknast som eit svært viktig kulturlandskap med høgt biologisk mangfald.

### Noterte artar

**Karplanter:** Fagerrogn *Sorbus meinichii*, krypvier *Salix repens*, purpurlyng *Erica cinerea* (NT), dvergsmyle *Aira praecox*, hjertegras *Briza media*, tunrapp *Poa annua*, geitsvingel *Festuca vivipara*, raudsvingel *F. rubra*, loppstor *Carex pulicaris*, harestor *C. leporina*, grønstor *C. demissa*, kornstor *C. panicea*, markfrytle *Luzula campestris*, dvergmarinøkkel *Botrychium simplex* (CR), vanleg marinøkkel *B. lunaria* (NT), pusleblom *Anagallis minima* (EN), bakkesøte *Gentianella campestris* (NT), sylarve *Sagina subulata*, jåblom *Parnassia palustris*, rundskolm *Anthyllis vulneraria*, vill-lin *Linum catharticum*, heiblåfjør *Polygala serpyllifolia*, fagerperikum *Hypericum pulchrum*, engfiol *Viola canina*, blåkoll *Prunella vulgaris*, augnetrøst *Euphrasia* sp., kystmyrklegg *Pedicularis sylvatica*, tettegras *Pinguicula vulgaris*, blåknapp *Succisa pratensis*, kattefot *Antennaria dioica*, svartknoppurt *Centaurea nigra*, følblom *Leontodon autumnalis*, hårsveve *Hieracium pilosella*

**Sopp:** Musserongvokssopp *Hygrocybe fornicata* (NT), russelærvokssopp *H. russocoriacea* (NT), svartdogga vokssopp *H. phaeococcinea* (NT), kjeglevokssopp *H. conica*, skjørvokssopp *H. ceracea*, lutvokssopp *H. nitrata*, honningvokssopp *H. reidii*, kantarell-vokssopp *H. lepida*, liten mønjevokssopp *H. miniata*, grøn vokssopp *H. psittacina*, kritt-vokssopp *H. virginea*, *H. helobia*, *H. irrigata*, jordtunge *Geoglossum* sp., vrangjordtunge *Thuemenidium atropurpureum* (NT), mjølrandskivesopp *Entoloma prunuloides* (NT), *E. velenovskyi* (NT), beiterandskivesopp *E. sericeum*, *E. papillatum*, mørktanna randskivesopp *E. serrulatum*, *E. cf. chalybaeum*, *E. cf. mougeotii*, *E. exile*, myrskrubb *Leccinum niveum*, smørsopp *Suillus luteus*, kokosriske *Lactarius glycosmus*, blek skjeggriske *L. pubescens*, blek risksnylter *Hypomyces lateritius*, frøkenkremle *Russula puellaris*, grønkremle *R. aeruginea*.





**Figur 59.** På denne gamle vegen i kulturlandskapet ved Nesheim veks den svært sjeldne dvergmarinøkkel.



**Figur 60.** Sesongen til dvergmarinøkkel startar tidleg, når det er minst konkurranse. Ut på sommaren visnar plantene heilt vekk. Biletet viser ein dvergmarinøkkel som held på visne ned, 16. juli 2007.

### Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Attgroing med tett vegetasjon vil føre til utarming av ein artsrik engvegetasjon. Hyttfeltet like sør for lokaliteten vil kunne endre bruken av den gamle vegen og dermed øydelegge lokaliteten til dverginøkkel. I dag går Nordsjøløypa på vegen, men denne slitassen er ikkje større enn at den har ein positiv effekt på planta. Som ei ørlita beitemarksplante er dverginøkkel godt tilpassa tråkk og avhengig av moderat slitasje.

### Aktuelle forvaltingstiltak

Oppretthalde sauebeitinga og moderat slitasje på vegen.

**Registrert av** Bjørn Moe og Asbjørn Knutsen

**Dato** 07.06. og 17.09. 2005

## Lokalitet 42 Hovdaneset

**Hovedtype** Kulturlandskap

**Areal** 157,0 daa

**Undertype** Kystlynghei (D07)

**Verdi** C – lokal verdi

### Områdeskildring

Hovdaneset tilhører det eksponerte heiområdet vest av kulturlandskapet ved Hovda. Det er sauebeiting i området, og lyngen er i god stand (Nøttveit 2005). Nordsjøløypa går gjennom området og ut til ein sjåverdig gullgruve.

### Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Attgroing.

**Registrert av** Aase Nøttveit

**Dato** 2005

## Lokalitet 43 Dalsbekken

**Hovedtype** Skog

**Areal** 42,2 daa

**Undertype** Rik edellauvskog (F01), rik sumpskog (F06)

**Verdi** C – lokal verdi

### Områdeskildring

Lokaliteten er eit intakt lite dalføre innanfor kulturlandskapet ved Buavåg. Dalsbekken er eit landskap i sterk endring frå å være eit gammalt kulturlandskap til å bli gradvis meir skogdekt. Markane vart slått fram til 1995 og beita av sau fram til 1999. I dag blir området hogd (vedhogst) og rydda for kvist. Det er framleis opne jordnøttenger i området, men dei er stadvis i attgroing med krattlodnegras og einstape. Markane blir òg invadert av hassel, osp og selje. Dei har ikkje lenger verdi som tradisjonell kulturmark. Store, relativt gamle tre av eik og osp veks spreidd i engene og skogkantane. I dalsidene er det hasselkratt, med ei nokså rik utforming i den sørvestvendte sida. Her dominerer kusymre og jordnøtt. Mange tre har mykje lungenever og vanleg blåfiltlav. Langs bekken inst i dalen er det rikare sumpskog med svartor. Det er heilskapen som gjer at lokaliteten er tatt med som naturtypeområde.

**Registrert av** Bjørn Moe

**Dato** 07.06.2005

## Lokalitet 44 Mjåsund

**Hovedtype** Skog

**Areal** 14,9 daa

**Undertype** Rik edellauvskog (F01)

**Verdi** C – lokal verdi

### Områdeskildring

Bratt skråning med rik edellauvskog langs Mjåsund. Den ligg nordaustleg eksponert og er undersølt med eit fuktig lokalklima. Hassel dominerer, men det er ein del lind i området. Dessutan hegg, selje og osp, til dels med relativt gamle tre og læger. Det er svært mykje ramslauk i skogen, spesielt nedanfor dei bratte berga. Myskegras er litt austleg og sjeldan så nær kysten.

### Noterte artar

Myskegras *Milium effusum*, hengjeaks *Melica nutans*, lundrapp *Poa nemoralis*, ramslauk *Allium ursinum*, myske *Galium odoratum*, gjerdevikke *Vicia sepium*, knollerteknapp *Lathyrus linifolius*, nyresoleie *Ranunculus auricomus*, stankstorkenebb *Geranium robertianum*, jordnøtt *Conopodium majus*, liljekonvall *Convallaria majalis*.

**Registrert av** Bjørn Moe

**Dato** 07.06.2005

## Lokalitet 45 Bosvika

**Hovedtype** Kulturlandskap

**Areal** 47,8 daa

**Undertype** Naturbeitemark (D04), beiteskog (D06)

**Verdi** C – lokalt viktig

### Områdeskildring

Bosvika er ein godt verna strandbukt innanfor Loknastraumen og Mjåsund. Lokaliteten er kulturlandskapet som grenser til bukta i sørvestvendte skråningar, samt ryggen på Bosneset. Området er dels open beitemark, dels tresett med spreidde tre av fagerrogn, eik, selje og søyleeiner. Trea utgjør lundar og gir variasjon til landskapet. I søraust og på ryggen i nord er det eikeskog som heng saman med beitemarka (skogsbeite). Eika er til dels grovvaksen med tre på opptil 80 cm i stammediameter. Vedhogst og beiting har gitt skogen eit ope preg. Vegetasjonen er sterkt grasdominert og stadvis med opne jordflekkar etter dyretråkk. Meir slitesterk vegetasjon på Bosneset med røsslyng, finnskjegg, bråtestorr og kornstorr. Også strandenga blir beita, men strandsona er svært smal. Det går både sau og storfe i området.

Ikkje særleg artsrik lokalitet, men eit velhaldt og variert kulturlandskap frå open grasmark til storvaksen eikeskog.

### Noterte artar

**Karplanter:** Finnskjegg *Nardus stricta*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, engrapp *Poa pratensis*, geitsvingel *Festuca rubra*, kornstorr *Carex panicea*, loppstorr *C. pulicaris*, grønstorr *C. demissa*, bleikstorr *C. pallescens*, heistorr *C. binervis*, bråtestorr *C. pilulifera*, markfrytle *Luzula campestris*, svartknoppurt *Centaurea nigra*, engsoleie *Ranunculus acris*, blåkøll *Prunella vulgaris*, kystgrisyre *Hypochaeris radicata*, blåknapp *Succisa pratensis*, knopperteknapp *Lathyrus linifolius*, jordnøtt *Conopodium majus*, fagerperikum *Hypericum pulchrum*, kystmaure *Galium saxatile*, heibläfjor *Polygala serpyllifolia*.

**Sopp:** Stubbehorn *Xylaria hypoxylon*, silkekjuka *Trametes versicolor*, rynkehette *Mycena galericulata*, gul potetrøysopp *Scleroderma citrinum*, grøn vokssopp *Hygrocybe psittacina*, eikeriske *Lactarius quietus*, skjørkremle *Russula fragilis*, vanleg lakssopp *Laccaria laccata*, svartriske *Lactarius necator*, søvlglassopp *Chondrostereum purpureum*.

### Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Det ligg eit naust og eit par mindre båtplassar i bukta.

**Registrert av** Bjørn Moe

**Dato** 08.06.2005

## Lokalitet 46 Vassbotn

**Hovudtype** Ferskvatn / våtmark

**Areal** 3,0 daa

**Undertype** Mudderbank (G05), evjer, bukter og viker (E12)

**Verdi** C – lokal verdi

### Områdeskildring

Vassbotn ligg i nordenden av Storavatnet aust for Tjernagel. Ein delvis avsnørt bukt av vatnet grenser til ei myr i nord og ein kortskotstrand av grus og sand i sør. Bukta er eit grunt lite vatn og samtidig ein overgang der det skjer ein attgroing frå sump til myr. Kortskotsamfunnet er dominert av botnegras, tjønngas, men også krypsiv og evjesoleie er vanlege. I attgroingssona i det mudra vatnet finst kysttjønna, gytjebelærerot og mattar av dikesoldogg og brunmyrak. Den meir attgrodde sona har samanhengande torv og fastmattar som er blitt utvikla til minerotrof myrvegetasjon.

### Noterte artar

Pors *Myrica gale*, blåtopp *Molinia caerulea*, duskull *Eriophorum angustifolium*, kvitmyrak *Rhynchospora alba*, brunmyrak *R. fusca*, slåtestorr *Carex nigra*, kornstorr *C. panicea*, grønstorr *C. demissa*, musestorr *Carex serotina* ssp. *pulchella*, flaskestorr *C. rostrata*, krypsiv *Juncus bulbosus*, ryllsiv *J. articulatus*, botnegras *Lobelia dortmanna*, tjønngas *Littorella uniflora*, evjesoleie *Ranunculus reptans*, dikesoldogg *Drosera intermedia*, kysttjønna *Potamogeton polygonifolius*, gytjebelærerot *Utricularia intermedia*, myrklegg *Pedicularis palustris*, rome *Narthecium ossifragum*, elvesnelle *Equisetum fluviatile*, tettegras *Pinguicula vulgaris*, bukkeblad *Menyanthes trifoliata*.

**Registrert av** Bjørn Moe

**Dato** 11.08.2005

## Lokalitet 47 Hilderhaugen

**Hovudtype** Ferskvatn / våtmark

**Areal** 16,0 daa

**Undertype** Rik kulturlandskapsjø (E08)

**Verdi** C – lokal verdi

### Områdeskildring

Tjørnet ligg sør for Hilderhaugen i eit sør-vest-gåande dalsøkk. Grense til veggen på nordsida og til beitemark på sørvestsida. Tjørnet ligg 10 moh. og må ha vore gammal havbotn tidlegare. Næringsrik leire i botnsedimenta er sannsynleg. Ved innlaupe på austsida har det vært ein kraftig attgroing med nitrofile høgstaudar, særleg mjødukt og sløke. Langs vatnet er det eit ca. 10 m breitt storbelte med flaskestorr og trådstorr, stadvis med mykje sverdlilje, elvesnelle og guldusk. Elles finst ei rekkje meir eller mindre vanlege sumpplanter. Ute i vatnet dannar gul nøkkerose flytebladsona. Ved det stilleflytande utlaupe i vest er det svartorskog og tette kratt med øyrevier. Sumpjorda i skogen er svært blaut og utilgjengeleg.



### Noterte artar

Svartor *Alnus glutinosa*, øyrevier *Salix aurita*, krypkvein *Agrostis stolonifera*, mannasøtgras *Glyceria fluitans*, flaskestorr *Carex rostrata*, trådstorr *C. lasiocarpa*, gråstorr *C. canescens*, dystorr *C. limosa*, elvesnelle *Equisetum fluviatile*, myrhatt *Potentilla palustris*, mjøduert *Filipendula ulmaria*, grøftesoleie *Ranunculus flammula*, soleihov *Caltha palustris*, sverdlilje *Iris pseudacorus*, bukkeblad *Menyanthes trifoliata*, gulldusk *Lysimachia thyrsoiflora*, myrklegg *Pedicularis palustris*, sløke *Angelica sylvestris*, myrmjølke *Epilobium palustre*, gul nøkkerose *Nuphar lutea*.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 11.08.2005

### Lokalitet 48 Hedløyvågen

Hovedtype Kyst og havstrand

Areal 6,4 daa

Undertype Strandeng og strandsump (G05)

Verdi C – lokal verdi

### Områdeskildring

Lokaliteten tilhører friluftsområdet Slettene, og utgjør eit grunt sund på sørsida av Hedløya som forbinder Hedløyvågen med Lambeidvågen. Sjøen går gjennom ved flod, medan eit større strandområde blir tørrlagt ved fjøre. Stranda har finkorna lausmassar av sand og grus, samt ein del strandberg. Littoralsonen med fine soneringar i vegetasjonen. Saltsiveng dominerer og går som eit 5 m breitt belte gjennom den lågare delen av stranda. Høgare oppe, i epilittoralen er det fukteng med strandkjeks, hanekam og den nokså sjeldne blodtopp. Eit bestand med havsivaks står i ein fuktig strandsump. På strandberga er det flekkvis engvegetasjon med kystgrisyre, hårsveve og storblåfjør.

Slettene er eit godt tilrettelagd friluftsområde med fin bade plass.

### Noterte artar

Raudsvingel *Festuca rubra*, saltsiv *Juncus gerardii*, musestorr *Carex serotina* ssp. *pulchella*, havsivaks *Bolboschoenus maritimus*, rustsivaks *Blysmopsis rufa*, blodtopp *Sanguisorba officinalis*, strandkryp *Glaux maritima*, fjøresaulauk *Triglochin maritima*, augnetrøst *Euphrasia* sp., gåsemure *Potentilla anserina*, strandkjeks *Ligusticum scoticum*, skjørbuksurt *Cochlearia officinalis*, strandstjerne *Aster tripolium*, sylarve *Sagina subulata*, kystbergknapp *Sedum anglicum*, hanekam *Lychnis flos-cuculi*, tiriltunge *Lotus corniculatus*, kystgrisyre *Hypochaeris radicata*, hårsveve *Hieracium pilosella*, storblåfjør *Polygala vulgaris*, smalkjempe *Plantago lanceolata*.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 08.06.2005

### Lokalitet 49 Eikeland

Hovedtype Skog

Areal 38,4 daa

Undertype Rik edellauvskog (F01)

Verdi A – svært viktig

### Områdeskildring

Eikeland ligg i ytre del av Førdespollen, lengst sør på Eikelandneset. Berglendt li i skråning på 5-600 meters lengde langs fjorden, eksponert mot aust og søraust. Lia ligg bratt til opp frå sjøen og gjer ein markert knekk 40 moh. og flatar ut i kulturlandskapet på Eikeland. Derfor har edellauvskogen i lia skarp grense til slåtte- og beitemark øvst. Her på grensa veks det eikeskog, til dels med grovvaksne tre på 50-60 cm i stammediameter. Eik finst også spreidd nede i lia, både på djup jord og på tørre grunnlendte ryggar. Ryggane har førekomst av ein spesiell type oseanisk eikeskog med purpurlyng. Lia er rik på andre treslag som lind, ask, alm (einaste registrerte førekomst i kommunen!), hassel og kristtorn. Av desse er linda dominerande og veks langs sjøen i heile området. Den finst og i berg og ur oppunder ein ca. 10 m høg berghammar som finst gjennom deler av lia. Fleire lindetre er grovvaksne, har stammediameter på over 1 m og med form av gamle stuvar. I bergvegger, på blokkar og i trestammer veks bergflette.

Trea og steinblokkar er rik på lav tilhøyrande lungeneversamfunnet. Her kan nemnast lungenever, skrubbenever, kystnever, blyhinnelev, grynfiltlav, buktporelev og brun korallav. Den raudlista kystblåfiltlav er registrert på ein lindestamme i sørlege delen av området.

Feltsjiktet er grasdominert fleire stader med krattlodnegras, smyle, gulaks, hundegras, engkvein og sjeldnare sølvbunke. Elles veks mange beiteterolante urter i skogen. Dette tyder på kulturpåverknad, særleg beiting og mogleg hausting av lauv og kvistar i eldre tid. Deler av skogen blir framleis beita, men mindre no enn før. I andre parti er vegetasjonen lite kulturpåverka, i allfall i seinare tid. Slike parti ligg i lite tilgjengelege bergskårar og hyller nær sjøen. Her dominerer storfrytle, og med meir eller mindre kravstore urter som breiflangre, vårmarihand og liljekonvall. På djup jord i fuktige søkk veks ramslauk, vårkål og kystmaigull. Kusymre er svært vanleg i heile skogen. Einer i tett lauvskog tyder på at lia var meir open i kulturfasen før i tida.

Kvit skogfrue vart registrert på tre stader innan ein utstrekning på 100 m i den midtre delen av skogen, i høgdenivået 5-30 moh. Til saman 14 planter vart funne, fleire av dei store med mange blomar. Ulik storleik på plantene tyder på variasjon i alder. Dette er den einaste lokaliteten for kvit skogfrue i Sveio, og den vestlegaste i landet. I mai 2009 fant Jan Rabben eit eksemplar av fuglereir som er ein annan raudlista orkidé.

Skogen har eit høgt biologisk mangfald og er den klart mest verdifulle edellauvskogen i kommunen: ingen andre stader er det registrert så mykje gammal lind og eik. Derfor har skogen karakter av reliktskog, sjølv om den har vore sterkt kulturpåverka.



**Figur 61.** Rik edellauvskog ved Eikeland. Her frå tidleg våraspekt, 10. mai 2009, før bløminga til ramslauk.

#### Noterte artar

**Karplanter:** Alm *Ulmus glabra* (NT), kristtorn *Ilex aquifolium*, bergflette *Hedera helix*, purpurlyng *Erica cinerea* (NT), krattlodnegras *Holcus mollis*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, lundrapp *Poa nemoralis*, hengjeaks *Melica nutans*, hundegras *Dactylis glomerata*, skogstorr *Carex sylvatica*, storfrytle *Luzula sylvatica*, engfrytle *L. multiflora*, ramslauk *Allium ursinum*, vivendel *Lonicera periclymenum*, liljekonvall *Convallaria majalis*, skogfiol *Viola riviniana*, stormarimjelle *Melampyrum pratense*, knollerteknapp *Lathyrus linifolius*, gjerdevikke *Vicia sepium*, skogvikke *V. sylvatica*, vestlandsvikke *V. orobus*, blåknapp *Succisa pratensis*, legeveronika *Veronica officinalis*, skogsalat *Mycelis muralis*, kusymre *Primula vulgaris*, jordnøtt *Conopodium majus*, nyresoleie *Ranunculus auricomus*, vårkål *R. ficaria*, raud jonsokblom *Silene dioica*, vårmarihand *Orchis mascula*, breiflangre *Epipactis helleborine*, fuglereir *Neottia nidus-avis* (NT), kvit skogfrue *Cephalanthera longifolia* (NT), brunrot *Scrophularia nodosa*, kystmaigull *Chrysosplenium oppositifolium*, ormetelg *Dryopteris filix-mas*.

**Lav:** lungenever *Lobaria pulmonaria*, skrubbenever *L. scrobiculata*, kystnever *L. virens*, sølvnever *L. amplissima*, brun korallav *Bunodophoron globosus*, blåfiltlav *Degelia plumbea*, kystblåfiltlav *Degelia atlantica* (VU), blyhimmelav *Leptogium cyanescens*, grynfiltlav *Pannaria conoplea*, buktporelav *Sticta sylvatica*.

**Sopp:** Rynka fingersopp *Clavulina rugosa*, kvit anistraktsopp *Clitocybe fragrans*, stubbehorn *Xylaria hypoxilon*, hasselriske *Lactarius pyrogalus*, eikeriske *L. quietus*, bøkesøtriske *L. subdulcis*, eikebroddsopp *Hymenochaete rubiginosa*, raud stubbemusserong *Tricholomopsis rutilans*, dverggaffel *Calocera cornea*, ametystsopp *Laccaria amethystina*, stubbeskjellsopp *Pholiota mutabilis*, raspskjellsopp *P. squarrosa*, svovelmusserong *Tricholoma sulphureum*, svart trompetsopp *Craterellus cornucopioides*, vanleg lakssopp *Laccaria laccata*, stankkremle *Russula foetens*.

#### Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Litt granplanting i lia. Busker med platanlønn. Mange småplanter av kystbjønnekjeks.

#### Aktuelle forvaltningstiltak

Fjerne gran og platanlønn

Registrert av Bjørn Moe

Dato 19.08.2005

**Lokalitet** 50 Aust for Langevatnet**Hovudtype** Myr**Areal** 1,3 daa**Undertype** Rikmyr (A05)**Verdi** C – lokal verdi**Områdeskildring**

Lokaliteten ligg sør for eit lite tjørn nordvest for Håfjell. Tjørnet er omgitt av fattigmyr som strekkjer seg sørover eit langstrakt dalføre. I vestkanten av myra er det eit mindre parti med rikmyr. Det ligg i kanten av myrflata og oppover dalsida i ei vestvendt skråning. Spreidd furuskog og open hei dominert av blåtopp og rome. Torva ligg som eit tynt lag over berg og steinar. Breiull og andre karakterartar for rikmyr er påverka av sigevatn gjennom baserik berggrunn, i kontrast til den sure granittiske berggrunnen som dominerer omkring.

**Noterte artar**

Klokkelyng *Erica tetralix*, breiull *Eriophorum latifolium*, storbjønnskjegg *Trichophorum cespitosum* ssp. *germanicum*, særbustorr *Carex dioica*, engstorr *C. hostiana*, loppestorr *C. pulicaris*, stjernestorr *C. echinata*, kornstorr *C. panicea*, grønstorr *C. demissa*, blåtopp *Molinia caerulea*, dvergjamne *Selaginella selaginoides*, rome *Narthecium ossifragum*, rund soldogg *Drosera rotundifolia*, blåknapp *Succisa pratensis*

**Registrert av** Bjørn Moe**Dato** 19.08.2005





## Registrerte karplanter i Sveio (412 taxa)

Frekvens på naturtypeane: 1=sjeldan/spreidd, 2=vanleg, 3=svært vanleg/stadvis dominant

	Myr	Rasmark og berg	Kultur- landskap	Ferskv./ våtmark	Skog	Strand	
	A	B	D	E	F	G	
TRE, BUSKAR, LYNG							
<i>Abies spp.</i>			1		1		edelgran
<i>Acer pseudoplatanus</i>			2		2		platanlønn
<i>Alnus glutinosa</i>				1	2	1	svartor
<i>Andromeda polifolia</i>	2						kvitlyng
<i>Arctostaphylos uva-ursi</i>			1		1		mjølbær
<i>Arctous alpinus</i>			1		1		rypebær
<i>Betula pubescens</i>	1	2	3	1	3	1	bjørk
<i>Calluna vulgaris</i>	1	1	3		3		røsslyng
<i>Corylus avellana</i>		2	2		3		hassel
<i>Empetrum nigrum</i>		1	1		2		kreklings
<i>Erica cinerea</i>			2		1		purpurlyng
<i>Erica tetralix</i>	2				2		klokkelyng
<i>Fagus sylvatica</i>					1		bøk
<i>Frangula alnus</i>					1		trollhegg
<i>Fraxinus excelsior</i>		1	2		3		ask
<i>Hedera helix</i>					1		bergflette
<i>Ilex aquifolium</i>					1		kristtom
<i>Juniperus communis</i>		1	3		3		einer
<i>Lonicera periclymenum</i>		2	1		2		vivendel
<i>Malus sylvestris</i>					1		vill-apal
<i>Myrica gale</i>	3				1	1	pors
<i>Oxycoccus microcarpus</i>	2						tranebær
<i>Picea abies</i>			2		2		gran
<i>Picea sitchensis</i>			2		2		sitkagran
<i>Pinus sylvestris</i>	1	1	1		3		furu
<i>Populus tremula</i>		1	1		2		osp
<i>Prunus avium</i>					1		morell
<i>Prunus padus</i>		1	2		2		hegg
<i>Quercus robur</i>		1	1		2		sommereik
<i>Ribes rubrum</i>					1		hagerips
<i>Ribes uva-crispa</i>					1		stikkelsbær
<i>Rosa canina</i>		2			1		steinnype
<i>Rosa dumalis</i>		1			1		kjøttnype
<i>Rosa majalis</i>		1	1		1		kanelrose
<i>Rosa villosa</i>		1	1		1		bustnype
<i>Salix aurita</i>	1			2			øyrevier
<i>Salix caprea</i>		2	2	1	2		selje
<i>Salix repens</i>			2				krypvier
<i>Sambucus nigra</i>			1		1		svarthyll
<i>Sambucus racemosa</i>			1		1		raudhyll
<i>Sorbus aucuparia</i>		2	2		2		rogn
<i>Sorbus hybrida</i>					1		roggnasal
<i>Sorbus meinichii</i>			1		1		fagerrogn
<i>Tilia cordata</i>					1		lind
<i>Ulmus glabra</i>					1		alm
<i>Vaccinium myrtillus</i>		1	2		3		blåbær
<i>Vaccinium uliginosum</i>	1		1	1	2		blokkebær
<i>Vaccinium vitis-idaea</i>		2	2		3		tyttebær
<i>Viburnum opulus</i>		1	1		1		krossved
GRAS OG GRASLIKNANDE							
<i>Agrostis canina</i>		1	1				hundekvein
<i>Agrostis capillaris</i>		2	3		2	1	engkvein
<i>Agrostis stolonifera</i>			1	2		2	krypkvein
<i>Aira praecox</i>		1				1	dvergsmyle
<i>Alopecurus geniculatus</i>			1	1			knereverumpe
<i>Alopecurus pratensis</i>			2				engreverumpe
<i>Anthoxanthum odoratum</i>		2	3		1		gulaks

	Myr	Rasmark og berg	Kultur- landskap	Ferskv./ våtmark	Skog	Strand	
	A	B	D	E	F	G	
<i>Avenella flexuosa</i>		2	3		3	1	smyle
<i>Avenula pubescens</i>			1				dunhavre
<i>Bllymopsis rufa</i>						2	rustsivaks
<i>Bolboschoenus maritimus</i>						1	havsivaks
<i>Briza media</i>			1				hjarTEGRAS
<i>Bromopsis inermis</i>			1				bladfaks
<i>Bromus hordeaceus</i>			1				lodnefaks
<i>Calamagrostis epigejos</i>		1					berggrøyrkvein
<i>Calamagrostis phragmitoides</i>					1		skoggrøyrkvein
<i>Carex binervis</i>			2		1		heistorr
<i>Carex canescens</i>				2			gråstorr
<i>Carex demissa</i>			2	2	1	1	grønstorr
<i>Carex dioica</i>	1						tvebustorr
<i>Carex disticha</i>						1	duskstorr
<i>Carex echinata</i>	1		2	2	2	1	stjernestorr
<i>Carex hostiana</i>	1						engstorr
<i>Carex juncella</i>				1			stolpestorr
<i>Carex lasiocarpa</i>	2			2			trådstorr
<i>Carex leporina</i>		1	2				harestorr
<i>Carex limosa</i>	2						dystorr
<i>Carex nigra</i>	2		2	2	1	1	slåttstorr
<i>Carex paleacea</i>						1	havstorr
<i>Carex pallescens</i>		1	2		1		bleikstorr
<i>Carex panicea</i>		1	2		1	1	kornstorr
<i>Carex pauciflora</i>	1						sveltstorr
<i>Carex paupercula</i>	1						frynsestorr
<i>Carex pilulifera</i>		2	2		1		bråtestorr
<i>Carex pulicaris</i>	1		1				loppestorr
<i>Carex rostrata</i>	3			3			flaskestorr
<i>Carex serotina</i>			1				beitestorr
<i>Carex serotina ssp. pulchella</i>						1	musestorr
<i>Carex sylvatica</i>					1		skogstorr
<i>Cynosurus cristatus</i>			1				kamgras
<i>Dactylis glomerata</i>		1	2		2		hundegras
<i>Danthonia decumbens</i>		1	1		1		knegras
<i>Deschampsia cespitosa</i>		1	3	1	3	1	sølvbunke
<i>Eleocharis mamillata*</i>				1			mjuksivaks
<i>Eleocharis multicaulis</i>				1			buntsivaks
<i>Eleocharis palustris</i>				2			sumpsivaks
<i>Eleocharis quinqueflora</i>				1			småshivaks
<i>Eleocharis uniglumis</i>						3	fjøresivaks
<i>Elymus caninus</i>					1		hundekveke
<i>Elytrigia repens</i>			2			1	kveke
<i>Eriophorum angustifolium</i>	2			3			duskull
<i>Eriophorum latifolium</i>	1						breiull
<i>Eriophorum vaginatum</i>	3			1			torvull
<i>Festuca rubra</i>		1	3		1	2	raudsvingel
<i>Festuca vivipara</i>		1	2				geitsvingel
<i>Glyceria fluitans</i>			1	2			mannasøtgras
<i>Holcus lanatus</i>			2		1		englodnegras
<i>Holcus mollis</i>			1		2		krattlodnegras
<i>Juncus articulatus</i>			1	1		1	ryllsiv
<i>Juncus bufonius</i>			1	1		1	paddesiv
<i>Juncus bulbosus</i>	1		1	3		1	krypsiv
<i>Juncus conglomeratus</i>	1		3			1	knappsiv
<i>Juncus effusus</i>	1		3			1	lyssiv
<i>Juncus filiformis</i>			1			1	trådsiv
<i>Juncus gerardii</i>						2	saltsiv
<i>Juncus squarrosus</i>			3		1		heisiv
<i>Juncus tenuis</i>			1				ballastsiv
<i>Leymus arenarius</i>						1	strandrug
<i>Luzula campestris</i>			1				markfrytle
<i>Luzula congesta</i>			1				heifrytle



	Myr	Rasmark og berg	Kultur- landskap	Ferskv./ våtmark	Skog	Strand	
	A	B	D	E	F	G	
<i>Luzula multiflora</i> ssp. <i>multiflora</i>		1	2		1		engfrytle
<i>Luzula pilosa</i>		1	1		2		hårfrytle
<i>Luzula sylvatica</i>		1	1		2		storfrytle
<i>Melica nutans</i>		1			1		hengeaks
<i>Milium effusum</i>					1		myskegras
<i>Molinia caerulea</i>	3	1	2	2	3		blåtopp
<i>Nardus stricta</i>			2		1		finnskjegg
<i>Phalaris arundinacea</i>			1	3	1	2	strandrøyr
<i>Phleum pratense</i>			1				timotei
<i>Phragmites australis</i>				3			takrøyr
<i>Poa annua</i>		1	2	1		1	tunrapp
<i>Poa nemoralis</i>					2		lundrapp
<i>Poa pratensis</i>			3			1	engrapp
<i>Poa trivialis</i>			1	1	1		markrapp
<i>Puccinellia maritima</i>						2	fjøresaltgras
<i>Rhynchospora alba</i>	2						kvitmyrak
<i>Rhynchospora fusca</i>	1						brunmyrak
<i>Schedonorus pratensis</i>			1				engsvingel
<i>Schoenoplectus lacustris</i>						1	sjøsvivaks
<i>Schoenopl. tabernaemontani</i>						1	pollsvivaks
<i>Schoenus ferrugineus</i>	1						brunskjene
<i>T. cespitosum</i> ssp. <i>cespitosum</i>	1		1	1	1		bjønnskjegg
<i>T. cespitosum</i> ssp. <i>germanic.</i>	1		3		2		storbjønnskjegg

#### URTER, KARSPORERPLANTER

<i>Achillea millefolium</i>			2				ryllik
<i>Achillea ptarmica</i>			1				nyseryllik
<i>Aegopodium podagraria</i>			2		1		skvallerkål
<i>Aquilegia vulgaris</i>					1		akeleie
<i>Ajuga pyramidalis</i>		1	1		1		jonsokkoll
<i>Alchemilla vulgaris</i> coll.			2		1	1	marikåpe
<i>Alisma plantago-aquatica</i>				2			vassgro
<i>Allium ursinum</i>					3		ramslauk
<i>Anagallis minima</i>			1			1	pusleblom
<i>Anemone nemorosa</i>			1		3		kvitveis
<i>Angelica archangelica</i> ssp. <i>litor.</i>						1	strandkvann
<i>Angelica sylvestris</i>			1	3	2	1	sløke
<i>Antennaria dioica</i>		1	2				kattetot
<i>Anthriscus sylvestris</i>		1	3		2	1	hundekjeks
<i>Anthyllis vulneraria</i>			1				rundskolm
<i>Arabis thaliana</i>		1					vårskrinneblom
<i>Armeria maritima</i>						3	fjørekoll
<i>Arnica montana</i>			1				solblom
<i>Asplenium adiantum-nigrum</i>		1					blankburkne
<i>Asplenium ruta-muraria</i>		1					murburkne
<i>Asplenium septentrionale</i>		1					olavsskjegg
<i>Asplenium trichomanes</i>		1			2		svartburkne
<i>Aster tripolium</i>						3	strandstjerne
<i>Athyrium filix-femina</i>		2	2		3		skogburkne
<i>Atocion rupestre</i>		2	1				småsmelle
<i>Atriplex latifolia</i>						2	tangmelde
<i>Barbarea vulgaris</i>			1				vinterkarse
<i>Bellis perennis</i>			1				tusenfyrd
<i>Bistorta vivipara</i>			1				harerug
<i>Blechnum spicant</i>		1	2		3		bjønnekam
<i>Botrychium lunaria</i>			1				marinøkkel
<i>Botrychium simplex</i>			1				dvergmarinøkkel
<i>Callitriche hamulata</i>				1			klovasshår
<i>Callitriche stagnalis</i>				2			dikevasshår
<i>Caltha palustris</i>			1	2			soleihov
<i>Calystegia sepium</i>						1	strandvindell
<i>Campanula rotundifolia</i>		2	2		1		blåklokke
<i>Capsella bursa-pastoris</i>			1				gjetertaske

	Myr	Rasmark og berg	Kultur- landskap	Ferskv./ våtmark	Skog	Strand	
	A	B	D	E	F	G	
<i>Cardamine flexuosa</i>					1		skogkarse
<i>Cardamine hirsuta</i>			1				rosettkarse
<i>Cardamine pratensis</i>			3	2	1		engkarse
<i>Carum carvi</i>			1				karve
<i>Centaurea jacea</i>			1				knoppurt
<i>Centaurea montana</i>			1				honningknoppurt
<i>Centaurea nigra</i>			2				svartknoppurt
<i>Cephalanthera longifolia</i>					1		kvit skogfrue
<i>Cerastium diffusum</i>						1	kystarve
<i>Cerastium fontanum</i>		1	2				vanlig arve
<i>Chamerion angustifolium</i>		2	2		1		geitrams
<i>Chenopodium album</i>			1				meldestokk
<i>Chrysosplenium oppositifolium</i>					2		kystmaigull
<i>Circaea alpina</i>					2		trollurt
<i>Cirsium arvense</i>			1				åkertistel
<i>Cirsium helenioides</i>			1		1		kvitbladtistel
<i>Cirsium palustre</i>	1		2		1		myrtistel
<i>Cirsium vulgare</i>			1				vegtistel
<i>Cochlearia officinalis</i>						2	skjørbuksurt
<i>Conopodium majus</i>			3		2		jordnøtt
<i>Convallaria majalis</i>					1		liljekonvall
<i>Cornus suecica</i>					2		skrubbær
<i>Crepis paludosa</i>				1	1		sumphaukeskjegg
<i>Cystopteris fragilis</i>		1			1		skjørlok
<i>Dactylorhiza fuchsii</i>					1		skogmarihand
<i>Dactylorhiza maculata</i>	1		1		2		flekkmarihand
<i>Digitalis purpurea</i>		2	2		1		revebjelle
<i>Drosera anglica</i>	1						smalsoldogg
<i>Drosera intermedia</i>	2						dikesoldogg
<i>Drosera rotundifolia</i>	2						rund soldogg
<i>Dryopteris dilatata</i>					1		geittelg
<i>Dryopteris expansa</i>			1		2		sauetelg
<i>Dryopteris filix-mas</i>		1	2		3		ornetelg
<i>Epilobium adenocaulon</i>			1	1	1		amerikamjølke
<i>Epilobium montanum</i>					2		krattmjølke
<i>Epilobium palustre</i>	1			1			myrmjølke
<i>Epipactis helleborine</i>					1		breiflangre
<i>Equisetum arvense</i>			2				åkersnelle
<i>Equisetum fluviatile</i>	2			3			elvesnelle
<i>Equisetum hyemale</i>					1		skavgras
<i>Equisetum sylvaticum</i>	1		2	1	2		skogsnelle
<i>Euphrasia sp.</i>			1				augnetrøst
<i>Euphrasia micrantha</i>			1				lyngaugnetrøst
<i>Filaginella uliginosa</i>			1				åkergråurt
<i>Filipendula ulmaria</i>		1	2	3	3	1	mjødurt
<i>Fragaria vesca</i>		1	1		1		markjordbær
<i>Fumaria officinalis</i>			1				jordrøyk
<i>Galeopsis bifida</i>			1			1	vrangdå
<i>Galeopsis speciosa</i>			1				gulda
<i>Galeopsis tetrahit</i>			1		1	1	kvassdå
<i>Galium aparine</i>			1		1	1	klengemaure
<i>Galium mollugo</i>			1				stormaure
<i>Galium odoratum</i>					1		myske
<i>Galium palustre</i>	1			1			myrmaure
<i>Galium saxatile</i>		1	3		1		kystmaure
<i>Galium uliginosum</i>				1			sumpmaure
<i>Gentianella campestris</i>			1				bakkesøte
<i>Geranium robertianum</i>		1			2		stankstorkenebb
<i>Geranium sylvaticum</i>		1	2		2		skogstorkenebb
<i>Geum rivale</i>			2		1		enghumleblom
<i>Geum urbanum</i>					2		kratthumleblom
<i>Glaux maritima</i>						2	strandkryp
<i>Glechoma hederacea</i>			1				krossknapp

	Myr	Rasmark og berg	Kultur- landskap	Ferskv./ våtmark	Skog	Strand	
	A	B	D	E	F	G	
<i>Goodyera repens</i>					1		knerot
<i>Gymnocarpium dryopteris</i>		1	1		3		fugletelg
<i>Hammarbya paludosa</i>	1						myggblom
<i>Heracleum sphondylium</i>			2				kystbjønnekjeks
<i>Hieracium murorum</i>		1	1		1		skogsveve
<i>Hieracium pilosella</i>			2				hårsveve
<i>Hieracium umbellatum</i>			1		1		skjermsveve
<i>Hieracium vulgatum</i>			1				beitesveve
<i>Hippuris vulgaris</i>				2			hesterumpe
<i>Huperzia selago</i>			1		1		lusegras
<i>Hylotelephium maximum</i>		1					smørbukk
<i>Hymenophyllum wilsonii</i>		1			1		hinnebregne
<i>Hypericum maculatum</i>		1	2		2		firkantperikum
<i>Hypericum pulchrum</i>		1	1		2		fagerperikum
<i>Hypochaeris maculata</i>			1				flekkgrisøyre
<i>Hypochaeris radicata</i>			2				kystgrisøyre
<i>Impatiens glandulifera</i>					1		kjempespringfrø
<i>Iris pseudacorus</i>				3			sverdlilje
<i>Isoetes echinospora</i>				1			mjukt brasmegras
<i>Isoetes lacustris</i>				1			stivt brasmegras
<i>Lapsana communis</i>					1		haremat
<i>Lathraea squamaria</i>					1		skjellrot
<i>Lathyrus linifolius</i>			1		1		knollerteknapp
<i>Lathyrus pratensis</i>			1				gulskolm
<i>Lemna minor</i>				2			andemat
<i>Leontodon autumnalis</i>		1	2			1	følblom
<i>Lepidotheca suaveolens</i>			1				tunbalderbrå
<i>Leucanthemum vulgare</i>			1				prestekrage
<i>Ligusticum scoticum</i>						2	strandkjeks
<i>Linnaea borealis</i>					2		linnea
<i>Linum catharticum</i>			1				vill-lin
<i>Littorella uniflora</i>				2			tjønngras
<i>Lobelia dortmanna</i>				2			botnegras
<i>Lotus corniculatus</i>		1	2			1	tiriltunge
<i>Lychnis flos-cuculi</i>			1	1			hanekam
<i>Lycopodiella inundata</i>	1						myrkråkefot
<i>Lycopodium annotinum</i>					1		stri kråkefot
<i>Lycopodium clavatum</i>			1		2		mjuk kråkefot
<i>Lycopus eurpaeus</i>					1	1	klourt
<i>Lysimachia nemorum</i>					1		skogfredlaus
<i>Lysimachia thyrsoiflora</i>				3		1	gulldusk
<i>Lysimachia vulgaris</i>				1			fredlaus
<i>Lythrum salicaria</i>				1			kattehale
<i>Maianthemum bifolium</i>					2		maiblom
<i>Melampyrum pratense</i>		1	1		2		stormarimjelle
<i>Melampyrum sylvaticum</i>					1		småmarimjelle
<i>Mentha aquatica</i>				1			vassmynte
<i>Mentha arvensis</i>				1		1	åkermynte
<i>Menyanthes trifoliata</i>	2			3			bukkeblad
<i>Montia fontana</i>			1				kjeldeurt
<i>Mycelis muralis</i>					1		skogsalat
<i>Myosotis arvensis</i>			1				åkerminneblom
<i>Myosotis laxa</i>				1			dikeminneblom
<i>Myriophyllum alternifolium</i>				1			tusenblad
<i>Myrrhis odorata</i>			1				spansk kjørvel
<i>Narthecium ossifragum</i>	3		2		2		rome
<i>Neottia nidus-avis</i>					1		fuglereir
<i>Nuphar lutea</i>				3			gul nøkkerose
<i>Nymphaea alba</i>				3			kvit nøkkerose
<i>Omalotheca sylvatica</i>			1				skoggråurt
<i>Orchis mascula</i>					1		vårmarihand
<i>Oreopteris limbosperma</i>					2		smørtelg
<i>Orthilia secunda</i>					1		nikkevintergrøn



	Myr	Rasmark og berg	Kultur- landskap	Ferskv./ våtmark	Skog	Strand	
	A	B	D	E	F	G	
<i>Oxalis acetosella</i>			2		2		gaukesyre
<i>Parnassia palustris</i>			1				jåblom
<i>Pedicularis palustris</i>	1			1			vanleg myrklegg
<i>Pedicularis sylvatica</i>			1		1		kystmyrklegg
<i>Persicaria hydropiper</i>				1			vasspepar
<i>Persicaria maculosa</i>			1				hønsegras
<i>Phegopteris connectilis</i>		1	1		2		hengeving
<i>Pimpinella saxifraga</i>			1				gjeldkarve
<i>Pinguicula vulgaris</i>	1	1	1		1		tettegras
<i>Plantago lanceolata</i>		1	2			1	smalkjempe
<i>Plantago major</i>			2				groblad
<i>Plantago maritima</i>						3	strandkjempe
<i>Polygala serpyllifolia</i>			1				heiblåfjær
<i>Polygala vulgaris</i>			1				storblåfjær
<i>Polygonum aviculare</i>			1				tungras
<i>Polypodium vulgare</i>		2	1		2		sisselrot
<i>Polystichum braunii</i>					1		junkerbregne
<i>Potamogeton alpinus</i>				1			rusttjønnaks
<i>Potamogeton berchtoldii</i>				1			småtjønnaks
<i>Potamogeton crispus</i>				1			krustjønnaks
<i>Potamogeton gramineus*</i>				1			grastjønnaks
<i>Potamogeton natans</i>				3			vanleg tjønnaks
<i>Potamogeton polygonifolius</i>				2			kysttjønnaks
<i>Potentilla anserina</i>						3	gåsemure
<i>Potentilla erecta</i>	1	1	2	1	2	1	tepperot
<i>Potentilla palustris</i>	1			3			myrhatt
<i>Primula vulgaris</i>			1		2		kusymre
<i>Prunella vulgaris</i>			1				blåkoll
<i>Pteridium aquilinum</i>		1	2		3		einstape
<i>Pyrola minor</i>					1		perlevintergrønn
<i>Ranunculus acris</i>			3	2	1		engsoleie
<i>Ranunculus auricomus</i>					1		nyresoleie
<i>Ranunculus ficaria</i>					2		vårkål
<i>Ranunculus flammula</i>				2			grøftsoleie
<i>Ranunculus repens</i>			3	2	1	1	krypsoleie
<i>Ranunculus reptans</i>				1			evjesoleie
<i>Rhinanthus minor</i>			2				småengkall
<i>Rhodiola rosea</i>		1					rosenrot
<i>Rorippa palustris</i>				1			brønnkarse
<i>Rorippa sylvestris</i>			1				vegkarse
<i>Rubus idaeus</i>		1	2	1	3		bringebær
<i>Rubus nessensis</i>					1		skogbjørnebær
<i>Rubus saxatilis</i>		1			2		teiebær
<i>Rumex acetosa</i>			3		1		engsyre
<i>Rumex acetosella</i>		1	2				småsyre
<i>Rumex crispus</i>			1				krushøymole
<i>Rumex longifolius</i>			1				høymole
<i>Ruppia maritima</i>						1	havgras
<i>Sagina nodosa</i>						1	knopparve
<i>Sagina procumbens</i>			2			1	tunarve
<i>Sagina subulata</i>						1	sylarve
<i>Sanguisorba officinalis</i>						1	blodtopp
<i>Sanicula europaea</i>					1		sanikel
<i>Scheuchzeria palustris</i>	1						sivblom
<i>Scrophularia nodosa</i>					1		brunrot
<i>Scutellaria galericulata</i>					1	2	skjoldberar
<i>Sedum acre</i>						1	bitterbergknapp
<i>Sedum anglicum</i>						3	kystbergknapp
<i>Selaginella selaginoides</i>	1						dvergjamne
<i>Senecio jacobaea</i>			2				landøyda
<i>Senecio viscosus</i>			1				klistersvineblom
<i>Senecio vulgaris</i>			1				åkersvineblom
<i>Silene dioica</i>			2		2	2	raud jonsokblom

	Myr	Rasmark og berg	Kultur- landskap	Ferskv./ våtmark	Skog	Strand	
	A	B	D	E	F	G	
<i>Solanum dulcamara</i>				1			slyngsøtvier
<i>Solidago virgaurea</i>		2	2	1	2		gullris
<i>Sonchus arvensis</i>						1	åkerdylle
<i>Sonchus sp.</i>			1				dylle
<i>Sparganium angustifolium</i>				2			flotgras
<i>Sparganium erectum</i>				2			kjempepiggnopp
<i>Sparganium minimum</i>				1			småpiggnopp
<i>Spergula arvensis</i>			2				linbendel
<i>Stachys palustris</i>				2			åkersvinerot
<i>Stachys sylvatica</i>					2		skogsvinerot
<i>Stellaria alsine</i>				1			bekkestjerneblom
<i>Stellaria graminea</i>			2	1			grasstjerneblom
<i>Stellaria media</i>			2			1	vassarve
<i>Succisa pratensis</i>	1	1	3	1	2		blåknapp
<i>Taraxacum spp.</i>		1	3	1	1		løvetann
<i>Tridentaria europaea</i>			1		2		skogstjerne
<i>Trifolium hybridum</i>			1				alsikekløver
<i>Trifolium medium</i>			1				skogkløver
<i>Trifolium pratense</i>			2				raudkløver
<i>Trifolium repens</i>			2				kvitkløver
<i>Triglochin maritima</i>						2	fjøresaulauk
<i>Triglochin palustris</i>	1						myrsaulauk
<i>Tripleurospermum inodorum</i>			1				ugrasbalderbrå
<i>Tripleurospermum maritimum</i>						1	strandbladerbrå
<i>Tussilago farfara</i>			2				hestehov
<i>Typha angustifolia</i>				1			smalt dunkjevle
<i>Urtica dioica</i>		1	2	1	2	1	stornesle
<i>Utricularia intermedia</i>				1			gytjeblererot
<i>Utricularia minor</i>				1			småblærerot
<i>Utricularia ochroleuca*</i>				1			mellomblererot
<i>Valeriana sambucifolia</i>		1	2	1	2	1	vendelrot
<i>Veronica arvensis</i>			1				bakkeveronika
<i>Veronica chamaedrys</i>		1	2		2		tveskjeggveronika
<i>Veronica officinalis</i>		1	2		2		legeveronika
<i>Veronica serpyllifolia</i>			1				snauveronika
<i>Vicia cracca</i>		1	2				fuglevikke
<i>Vicia orobus</i>			1				vestlandsvikke
<i>Vicia sepium</i>		1	2		2		gjerdevikke
<i>Vicia sylvatica</i>					2		skogvikke
<i>Viola canina</i>			1				engfiol
<i>Viola palustris</i>	1		1	2	1		myrfiol
<i>Viola riviniana</i>		1	1		2		skogfiol
<i>Zostera marina</i>						1	ålegras

\* Odland 1992







